

# Årsrapport 2019

RAPPORT | SIST ENDRET: 15.03.2020

## Innhold

### Del I Melding frå leiaren

### Del II Introduksjon til verksemda og hovudtala

### Del III Aktivitetane og resultatata for året

- Sektormål
  - Barnehagen
  - Grunnopplæringa
- Brukareffekt mål
  - Mål 1: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utviklinga, læringa og trivselen til barn og unge i barnehagar, skolar og lærebedrifter
  - Mål 2: Barnehageeigarar og skoleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge
  - Mål 3: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket
  - Mål 4: Barnehageeigarar og skoleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skolane sine og overfor lærebedrifter
  - Mål 5: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar

### Del IV Styring og kontroll i verksemda

### Del V Vurdering av framtidssikter

### Del VI Årsrekneskapen 2019

- Ledelseskommmentar til årsregnskapet 2019
- Prinsippnote til årsregnskapet
- Årsregnskap for Utdanningsdirektoratet 2019 med tabeller

## Vedlegg

### **Del I Melding frå leiaren**

Utdanningsdirektoratet skal bidra til barn og unges læring, mestring og trivsel. I vår oppgaveløsning legger vi vekt på effektiv ressursutnyttelse, brukerorientering, samordning og digitalisering. Det krever at vi endrer arbeidsprosessene våre. Vi må samarbeide med flere, vi må involvere tidlige og samordne oss på tvers. Min vurdering er at Utdanningsdirektoratet, med sine svært kompetente medarbeidere, har vist seg som en omstillingsdyktig og fleksibel virksomhet som er i stand til å levere på et høyt ambisjonsnivå - også i en fase der vi har vært gjennom flere omstillings- og endringsprosesser.

Fagfornyelsen har også i 2019 vært et prioritert område for vår virksomhet og en prosess hvor vi har prøvd ut nye arbeidsmetoder med sektoren. Å jobbe åpent og involverende handler om at alle aktører sammen tar ansvar for elevenes læring, mestring og trivsel med utgangspunkt i ulike ståsted og ansvar. Vår erfaring er at prosessen er med på å gi læreplanverket oppslutning og legitimitet, men ikke minst et læreplanverk med høy kvalitet. Engasjementet hele sektoren har vist fagfornyelsen tyder også på at dette oppleves som riktige og etterlengtede endringer i skolens innhold.

Vi har prioritert arbeidet med støtte til innføring av fagfornyelsen, der vi særlig har lagt vekt på utvikling av profesjonsfellesskapene. I dagens kompetanseordninger bygger vi opp under skoleeiers ansvar og autonomi. Vi ser at arbeidet med fagfornyelsen er prioritert i lokal kompetanseutvikling. Vi ser også at ressursene vi utvikler i arbeidet med fagfornyelsen møtes med stort engasjement og interesse. Vi har utviklet en ny digital visning av de nye læreplanene som skal motivere for og bidra til aktiv bruk av læreplanene som grunnlag for undervisning og læring.

Skoleeier har ansvar for at elevene får opplæring som er i tråd med læreplanverket. Riktig og tilstrekkelig kompetanse er avgjørende for å ta læreplanverket i bruk på en god måte. Dagens videreutdanningsordning bidrar til et løft som styrker nødvendig kompetanse hos skoleledere og lærere. Desentralisert ordning og oppfølgingsordningen er også viktige virkemidler for å styrke skoleeiere og skolers kompetanse til å ta i bruk nye læreplaner.

Det er fortsatt behov for å styrke barnehage- og skoleeierne gjennom videreutvikling av kunnskapsgrunnlaget, kompetanseutviklingstiltak og støtte- og veiledningsressurser. Vårt bidrag til å støtte, utvikle og styrke barnehage- og skoleeiere som strever med kapasitets- og kompetanseutfordringer blir enda viktigere i årene fremover for å sikre alle barns rett til læring, mestring og trivsel – uavhengig av hvor de bor. Det stiller krav til oss som statlig virksomhet å balansere tilbud med ansvaret og autonomien til den enkelte barnehage- og skoleeier.

Vi har mange viktige og spennende oppgaver å løse i 2020. Utdanningsdirektoratet er godt rustet til å løse utfordringene i årene fremover.

Oslo, den 15. mars 2020

Hege Nilssen  
direktør



**Hege Nilssen**  
Utdanningsdirektoratet

## Del II Introduksjon til verksemda og hovudtala

### Samfunnsoppdraget vårt

Utdanningsdirektoratet er eit ordinært bruttobudsjettert statleg forvaltningsorgan som er underlagt Kunnskapsdepartementet. Vi har eit overordna ansvar for at utdanningspolitikken blir sett i verk i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring, dette for at barn, ungdom og vaksne får eit likeverdig tilbod av høg kvalitet.

Kunnskapsdepartementet har fastsett fem brukareffekt mål for direktoratet:

- Mål 1: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utviklinga, læringa og trivselen til barn og unge i barnehagar, skolar og lærebedrifter.
- Mål 2: Barnehageeigarar og skoleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge.
- Mål 3: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket.
- Mål 4: Barnehageeigarar og skoleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skolane sine og overfor lærebedrifter.
- Mål 5: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar.

Desse måla rettar seg ut mot dei som har ansvaret for tilbodet til barn og unge i barnehagar, skolar og lærebedrifter. Verkemidla våre vender seg følgjeleg i stor grad til desse brukarane.

For å sikre eit systematisk arbeid for å oppfylle måla og ei langsiktig utvikling for Utdanningsdirektoratet har vi utarbeidd ein eigen verksemdsstrategi. Strategien inneheld kjenneteikn på korleis vi løyser oppgåvene våre, og prioriterte område for strategiperioden 2018–2021.

Kjenneteikn på oppgaveløysinga vår og leveransane våre	Prioriterte innsatsområde i strategiperioden
<p>Digitalt</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi vidareutviklar den digitale kompetansen vår.</li> <li>• Vi utnyttar moglegheitene i teknologien.</li> <li>• Vi er pådrivar for digitale løysingar og forenkling.</li> </ul>	<p>Utsette barn og unge</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi prioriterer og vidareutviklar verkemidla våre slik at alle barn og unge utviklar potensialet sitt.</li> <li>• Vi samarbeider for å gi utsette barn og unge eit heilskapleg tilbod.</li> </ul>
<p>Brukarretta</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi begynner med dei reelle behova og utfordringane brukarane har, ikkje løysinga.</li> <li>• Vi lyttar, lærer og endrar undervegs.</li> <li>• Vi bruker eit tydeleg og enkelt språk.</li> </ul>	<p>Fagfornyinga</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi sørgjer for at læreplanverket blir eit godt og tydeleg verktøy for det pedagogiske arbeidet på alle nivåa i skolen, og støttar forståinga og bruken av læreplanverket.</li> <li>• Vi sørgjer for at fagfornyinga gir fag med eit relevant innhald og tydelege prioriteringar, god progresjon og samanheng mellom fag.</li> </ul>
<p>Samordna</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi ser verkemidla i samanheng og samarbeider mellom styringsnivå og på tvers av sektorar.</li> <li>• Vi jobbar tverrfagleg, lærer av kvarandre og er opne for perspektiva andre har.</li> <li>• Vi jobbar ope slik at det er lett å dele og samarbeide internt.</li> </ul>	<p>Betre og meir effektiv måloppnåing</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi tilpassar innsatsen, oppgåvene og arbeidsprosessane ut frå ei heilskapleg prioritering.</li> <li>• Vi sikrar rett kompetanse og vidareutvikling av leiarane og medarbeidarane våre.</li> </ul>

## Verkemiddel og tenesteområde

Utdanningsdirektoratet er eit myndigheitsorgan. Vi skal forvalte statlege juridiske og økonomiske styringsverkemiddel, analysere og vurdere tilstanden og utviklinga i sektorane på grunnlag av dokumentasjon. I tillegg skal vi foreslå tiltak og vere eit utviklingsorgan som støttar, rettleier og påverkar sektorane gjennom informasjon, strategiar og ulike tiltak.

Dette dreier seg i hovudsak om

- å utvikle og forvalte ramme- og læreplanar
- å tolke lov og forskrifter for sektorane
- å forvalte tilskottsordningar for barnehagen og grunnopplæringa
- å ha den overordna, nasjonale faglege myndigheita for tilsynsarbeid som følgjer av lover og forskrifter for sektorane
- å behandle søknader om godkjenning av nye skolar etter friskolelova
- å utvikle og forvalte prøve- og vurderingssystemet
- å behandle søknader om rettferdsvederlag som gjeld grunnopplæringa
- å utvikle og formidle kunnskap om og til sektorane
- å samarbeide med lærarutdanningane og sørge for tilbod om kompetanseutvikling for tilsette i barnehage og skole
- å systematisere og rettleie om god praksis for teknologiske løysingar
- å utvikle fellesløysingar og arbeide for nasjonal standardisering
- å gi kvalitetssikra informasjon om utdanningstilbodet

Samtidig skal direktoratet vere eit rådgivande organ for departementet og den politiske leiinga innanfor sektorane. Vi skal bidra i å utarbeide nye og følgje opp gjeldande opptrappingsplanar, strategiar og handlingsplanar.

### **Samarbeid med andre aktørar**

Det er fleire aktørar som har ansvaret for å realisere måla i sektorane. Departementet har fastsett sektormål som beskriv kva dei ulike aktørane skal få til i fellesskap.

Sektormåla for barnehagen er desse:

- Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.
- Barn som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.

Sektormåla for grunnopplæringa er desse:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.

- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lykkast i opplæringa og utdanninga.

Det overordna målbildet for barnehagen og grunnopplæringa skal danne grunnlaget for korleis faglege mål og temaområde blir prioriterte, og når vi utviklar nye tiltak og verkemiddel. Dette stiller òg store krav til godt og systematisk samspel på tvers i sektorane. Samarbeidet vårt med dei ulike aktørane i sektorane, både sentralt og lokalt, er derfor høgt prioriterte og skal gjennomsyre arbeidet vårt.

På leiarnivået er direktoratet ein del av direktørnettverket, der ti direktorat innanfor velferdssektoren er representerte. Formålet med nettverket er blant anna å bidra til dialog og samarbeid på tvers av sektorane.

I fleire av dei mest sentrale verkemidla våre, som vidareutdanningsordningane og kompetanseordningane, er samarbeidet med UH-sektoren avgjerande for resultatet. Vidare har vi eit utstrekt samarbeid med UH-sektoren i fagfornyninga.

0–24-samarbeidet er eit eksempel på eit systematisk samarbeid på direktoratsnivå. Samarbeidet skal bidra til å samordne tenestene slik at alle barn og unge får den støtta og hjelpa dei treng for å meistre sitt eige liv. 0–24 er eit samarbeid mellom Helsedirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet og Utdanningsdirektoratet. Frå hausten 2019 er dessutan Politidirektoratet og Sekretariatet for konfliktråda inkluderte i 0–24-samarbeidet.

## Omtale av organisasjonen og leiinga

Utdanningsdirektoratet er leidd av direktør Hege Nilssen. Hovudkontoret er i Oslo, og i tillegg har vi kontor på Hamar, i Tromsø og i Molde.


Oversikt over årsverk i 2019 (årgjennomsnitt):

<b>Tal på avtalte årsverk</b>	358
<b>Tal på utførte årsverk</b>	329

Fordelinga mellom kontorstadene:

Kontor	Tal på tilsette 2019 pr. 31.12
Oslo (hovudkontor)	291
Hamar	19
Tromsø	36
Molde	23
Totalt	369

Utdanningsdirektoratet er delt inn i fem divisjonar med til saman 21 avdelingar. I tillegg har vi to stabar: éin stab for digitalisering og éin stab for kommunikasjon.



Forstørr bildet ved å klikke på det.

Kunnskapsdepartementet hadde i 2019 delegert styringa av følgjande verksemdar til oss:

- fylkesmannen på barnehage- og grunnopplæringsområdet,
- det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped),
- sørsamisk kunnskapspark og styret for Samisk vidaregåande skole i Karasjok og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino.

## Hovudtala for verksemda

### Overordna tal for prøvar og eksamen

Tal på sentralt gitte eksamenar	2018	2019
Grunnskole	71 800	73 300
Elevar i vidaregåande opplæring	149 900	152 300
Privatistar i vidaregåande opplæring	69 800	73 200

### Kompetanse for kvalitet samanfatta

Tal på dei som begynte på vidareutdanning	2018	2019
Vidareutdanning for lærarar	6 556	6 355
Rektorutdanninga	491	450

### Feide

Tal	2018	2019
Innloggingar på Feide	177 millionar	180 millionar

### Bruk av sosiale medium

Bruk av sosiale medium	2018	2019
Tal på følgjarar på Facebook	38 200	42 400
Tal på følgjarar på Twitter	21 800	22 200
Talet på medlemmer i Facebook-gruppe om nye læreplanar (starta i nov. 2019)	–	6 400

### Overordna tal for tilsyn og klagesaker



Tal	2018	2019
Tilsyn opna private skolar	36	43
Førebels tilsynsrapport private skolar (varsel om vedtak)	37	48
Klager på 9A (skolemiljø)	22	22
Andre klager	63	21

## Utgivingar

Utgivingar på nettsidene våre	2018	2019
Talet på publiserte forskings-, evaluerings- og kartleggingsrapportar	30	40


## Nøkkeltal frå årsrekneskapen til Utdanningsdirektoratet

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2018	2019
Tal på utførte årsverk	342	329
Samla tildeling post 01-99 i kr 1 000	13 676 842	14 777 396
Utnyttingsgrad post 01-29 i prosent	95,60 %	97,10 %
Driftsutgifter i kr 1 000	987 527	1 029 449
Lønnsdelen av driftsutgifter i prosent	33,30 %	34,50 %
Lønnsutgifter per årsverk i kr 1 000	962	1 080
Lønnsutgifter per årsverk i kr 1 000 – ekskl. honorar, styre, råd og utval	890	933

Nærmare 10 milliardar kroner av tildelinga som direktoratet gjorde i 2019, gjekk til ulike tilskottsordningar. Dette var tilskott innanfor barnehage, offentleg grunnopplæring, friskolefeltet og folkehøgskolar, i tillegg til nokon andre formål. Som det kjem fram av diagrammet under, består tilskottsforvaltninga av 67 prosent av Utdanningsdirektoratets ressursar. Den største enkeltsatsinga utover dette er vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar.

 Diagram | 
  Tabell | 
  Last ned

## Rekneskap 2019



## Del III Aktivitetane og resultatane for året

Vi vil her omtale status og bidraga våre for å nå dei overordna sektormåla. Deretter vil vi omtale bidraga våre i 2019 for å nå dei fem brukareffektmåla. I tillegg til dei prioriterte innsatsane dette året har direktoratet ei rekkje faste oppgåver i verksemds- og økonomiinstruksjonen som over tid bidreg til måloppnåinga.

### Sektormål

Vi har primært omtalt bidraga og vurderingane våre under brukareffektmåla, men vil i det følgjande vise til korleis vi vurderer at brukareffektmåla våre bidreg til å støtte opp om sektormåla.

### Barnehagen

- Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.
- Barn som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.

Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i erfaringane sine og kompetansen sin. Vi støttar innføringa av rammeplanen. Dette gjer vi blant anna gjennom å utvikle og gjere rettleiings- og støttemateriell tilgjengeleg

på nettsidene våre, som beskrive under brukareffekt mål 1. Her omtaler vi òg moderasjonsordningane (gratis kjernetid og redusert betaling), som er viktige verktøy for å leggje til rette for meir barnehagebruk og å betre økonomien til økonomisk utsette familiar. Vi finn at talet på minoritetsspråklege barn som går i barnehage, har auka jamt i alle aldersgrupper dei siste fem åra. Auken i talet på barn kjem først og fremst av fleire innvandrarakar i befolkninga, men det har òg vore ein auke i dekningsgraden blant minoritetsspråklege. Kompetanseheving gjennom vidareutdanning og skolebaserte kompetansetiltak bidreg til kvalitet i barnehagesektoren. Dette vurderer vi som viktige bidrag inn i alle sektormåla og er beskrive nærmare under brukareffekt mål 2 og 5. Vi følgjer òg opp bemannings- og pedagognorma blant anna gjennom rapportering og evaluering. Under brukareffekt mål 1 beskriv vi korleis vi støttar innføringa av rammeplanen for barnehagen, og under brukareffekt mål 4 beskriv vi korleis vi legg til rette for ei kunnskapsbasert utvikling av barnehagesektoren.

## Grunnoplæringa

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lykkast i opplæringa og utdanninga.

Læringsmiljøet til elevane blir omtalt under brukareffekt mål 1. Dei aller fleste elevane trivst på skolen og har eit godt læringsmiljø. Det er ein liten nedgang i elevar som blir mobba på skolen. Samtidig er det ein auke i delen elevar som opplever å bli haldne utanfor sosialt, og som føler at dei ikkje høyrer til på skolen.

Nettressursen «Tiltak i skolemiljø saker», som skal støtte skolane i arbeidet deira med å finne eigna tiltak, beskriv vi her og under brukareffekt mål 3. Under brukareffekt mål 2 beskriv vi ei rekkje kompetansetiltak som har som mål å fremje læringsmiljøet. Vi har i 2019 vore særleg opptatte av at fylkesmannen må jobbe meir førebyggjande og systematisk opp mot skoleeigarar og skoleleiarar for å bidra til eit trygt og godt skolemiljø. Samtidig forventar vi at dette er ei dreining som vil ta tid, og at det vil ta tid å sjå resultat av dette arbeidet. Dette er beskrive nærmare under brukareffekt mål 1 og 3.

Læraren spelar ei viktig rolle i å fremje læringa og utviklinga til elevane. Vi har sett ein jamn nedgang i delen lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava for undervisning. Kompetansetiltak som vidareutdanningsordningane og dei skolebaserte tiltaka er store satsingar knytte til kompetansen dei tilsette har. Desse er beskrivne nærmare under brukareffekt mål 2. Tiltak knytte til regelverksforståinga, -etterlevinga og tiltak knytte til å auke bevisstheita og kompetansen i analysearbeid er beskrivne i høvesvis brukareffekt mål 3 og 4. Kompetansehevinga knytt til opplæringa i digital kompetanse og utviklinga av ein profesjonsfagleg digital kompetanse er beskrivne under brukareffekt mål 5. Her beskriv vi òg utviklinga av digitale fellesløysingar og ei vurdering av den digitale tilstanden.

Resultata knytte til sluttvurdering og gjennomføring er beskrivne under brukareffekt mål 1. Fleire gjennomfører vidaregåande opplæring, men framleis er gjennomføringa høgare på studieførebuande enn på

yrkesfag. Under brukareffekt mål 1 beskriv vi det vidare arbeidet med fagfornyninga. Under brukareffekt mål 4 beskriv vi korleis vi legg til rette for å utvikle skolesektoren på eit kunnskapsbasert vis.

## **Brukareffekt mål**

Vi vil her omtale måloppnåinga innanfor kvart av dei fem brukareffekt måla og vurdere korleis vi har innretta verkemidla våre og ressursbruken vår. Fleire av innsatsane frå direktoratet bidreg til måloppnåinga fleire stader. I hovudsak omtaler vi desse innsatsane éin stad i rapporten.

Rolla til direktorata er todelt. Verkemidla våre og verkemiddelbruken vår er retta mot sektorane våre, og mykje av dette er omtalt her. Samtidig har vi ei rådgivande rolle overfor departementet og den politiske leiinga. I dette arbeidet bidreg vi med faglege vurderingar gjennom utgreiingar, i utviklinga og formidlinga av kunnskap og kunnskapsgrunnlag, gjennom innspel til statsbudsjettprosessane og som forvaltar av tilskotta til sektorane. Vi opplever at vi i dag har ein relasjon der vi i fellesskap vidareutviklar korleis departementet styrer direktoratet. I forlenginga av dette vil vi i 2020 revidere grunnlaget for styring, kommunikasjon og samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet og oss.

### **Mål 1: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utviklinga, læringa og trivselen til barn og unge i barnehagar, skolar og lærebedrifter**

Skolen skal bidra til at elevane utviklar kunnskapar, ferdigheiter og haldningar som skal til for å meistre livet sitt og for å delta i arbeid og fellesskap. Når samfunns- og arbeidslivet endrar seg med ny teknologi, ny kunnskap og nye utfordringar, må skolen òg endre seg og utvikle seg. Vi har i 2019 følgd opp Meld. St. 28 (2015–2016) Fag – Fordypning – Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet og Innst. 19 S (2016–2017) og utvikla nye læreplanar og støtte til å innføre nytt læreplanverk. Saman med partane i strategien og sektoren elles har vi jobba med å utvikle både sjølv læreplanverket og støtte til innføringa. Vi opplever eit stort engasjement for denne prosessen frå alle involverte aktørar, noko vi meiner gir sjølv læreplanverket høgare kvalitet, men òg ei meir felles forståing for eit nytt innhald i skolen. Vi vurderer at denne måten å arbeide saman med brukarane på gjer at skoleeigarar og skolar er betre førebudd til å ta det nye læreplanverket i bruk hausten 2020. Læreplanane for grunnskolen og fag som er gjennomgåande til vidaregåande opplæring, blei fastsette av departementet i november 2019 og skal bli tatte i bruk hausten 2020.

Alle barn og unge har rett til eit inkluderande barnehage- og skolemiljø. Fleire undersøkingar om skolemiljø viser ei positiv utvikling. Samtidig er det utfordringar å jobbe vidare med. Vi veit at det er ein samanheng mellom utvikling, læring og trivsel i både barnehage og skole. Å førebyggje og handtere mobbing er eit prioritert og viktig område. Fleire ungdommar rapporterer at dei opplever einsemd, stress og at dei ikkje passar inn. Dette er ei stor utfordring vi må ta med oss i det vidare arbeidet vårt, både internt og på tvers av

sektorane.

## **Utvikling i dei grunnleggjande ferdigheitene og den faglege kompetansen til elevane**

Det er eit viktig mål at alle barn og unge skal lykkast i opplæringa og utdanninga. Dette er viktig for den enkelte og for samfunnet. Når vi ser nasjonale prøvar og PISA i samanheng og over tid, har vi stabile resultat. I PISA har det vore noko variasjon i resultatata sidan 2000, men det overordna bildet er likevel stabilitet i alle fagområda. Samtidig viser PISA 2018 at det har vore ein tydeleg tilbakegang frå sist undersøking i 2015 i prestasjonane til dei norske elevane når det gjeld lesing, tilbake til nivået frå tidlegare PISA-undersøkingar.

Nasjonale prøvar viser eit litt anna bilde enn PISA-undersøkinga. Sjølv om utviklinga her òg først og fremst viser få endringar over tid, så er det positivt at delen elevar på dei lågaste meistringsnivåa går ned. I 2019 har fleire elevar resultat på det mellomste meistringsnivået i lesing på 5. trinn. Færre elevar presterer på det svakaste meistringsnivået, men samtidig er det òg færre som presterer på det øvste meistringsnivået. I motsetning til tidlegare er det i år ingen kjønnsforskjellar på leseprøven. På 8. trinn er resultatata stabile. Saman med resultatata frå TIMMS og PEARLS ser vi ei positiv utvikling på barnetrinnet. Det er likevel slik at for mange elevar går ut av grunnskolen med for låg kompetanse. Dei nye læreplanane, saman med andre tiltak som tidleg innsats, legg eit grunnlag for å gi fleire elevar betre kompetanse enn i dag.

Dei siste fem åra har standpunktkarakterane i vidaregåande skole hatt ei svak positiv utvikling i dei fleste av fellesfaga. Også i realfaga har dei gjennomsnittlege standpunktkarakterane stige med opptil 0,3 karakterpoeng. Gjennomsnittlege grunnskolepoeng har auka jamt over tid. Dette gjeld òg i år. Vi vet ikkje om dette speglar endringar i sluttkompetansen. Delen elevar utan grunnskolepoeng og delen utan vurdering til standpunkt i ulike fag er stabil.

Fleire får fag- og sveinebrev, og dette er ein positiv trend vi har sett over fleire år. Talet oppnådde fag- og sveinebrev har auka med 26 prosent sidan 2012. I løpet av 2018–19 blei det tatt 29 000 fag- og sveineprøvar. Totalt fekk 94 prosent av dei som tok prøvane, karakteren bestått eller bestått mykje godt. Dette utgjer 27 200 fag- og sveinebrev.

## **Fleire gjennomfører vidaregåande opplæring**

Å få fleire til å gjennomføre vidaregåande opplæring har vore eit prioritert område over tid. Målet er at ni av ti gjennomfører vidaregåande opplæring innan 2030.

Den positive utviklinga dei seinare åra held fram, og i år òg har fleire gjennomført vidaregåande opplæring. 75,3 prosent av elevane som starta i Vg1 hausten 2013, har fullført og bestått. Det er den høgaste delen sidan målingane starta for 19 år sidan, og ein auke på 0,2 prosentpoeng frå året før. Gruppa som ikkje fullfører, er samansett, men resultat frå grunnskolen er den viktigaste enkeltfaktoren når det gjeld å føresjå kven som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring, men engasjement og opplevinga av å høyre til er òg ein sentral faktor. Å få fleire til å gjennomføre vidaregåande opplæring er eit område som framleis får mye merksemd. Oppfølginga av Meld. St. 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO, og nye læreplanar som mellom anna legg vekt på progresjon, vil kunne bidra til at

fleire gjennomfører vidaregåande opplæring.

Utan fullført og bestått vidaregåande opplæring risikerer unge å møte betydelege problem med å få til ei stabil tilknytning til arbeidslivet. Det er derfor viktig at vi held fram med tidleg og målretta innsats overfor denne gruppa. Sjå elles omtalen om tiltak retta mot utsette barn og unge.

Delen som fullfører og består, er over 84 prosent for alle dei tre studieførebuande utdanningsprogramma, mens det er større variasjonar mellom dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Dei store forskjellane mellom dei studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogramma heng blant anna saman med at elevar som vel studieførebuande, i gjennomsnitt har betre resultat frå grunnskolen enn dei som vel yrkesfag. Det er òg store forskjellar mellom utdanningsprogramma på yrkesfag. For dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er ytterpunkta markerte med ein 44,3 prosent fullføringsdel på restaurant- og matfag og 67,2 prosent på elektrofag.

Fylkeskommunane har gjort eit stort arbeid med å auke tilgangen til læreplassar. Samtidig veit vi at mange yrkesfagelevar avbryt den utdanninga dei har starta på, i overgangen frå skole til læreplass. Med bakgrunn i dette gjorde vi i 2019 ein analyse av kva som er dei største hindringane for at fleire søkjarar får læreplass. Vi kom fram til følgjande overordna hindringar for at fleire søkjarar får læreplass: Talet på skoleplassar samsvarer ikkje med tilgjengelege læreplassar, samarbeidet i formidlingsprosessen er ikkje godt nok, søkjarane blir ikkje opplevde som kvalifiserte eller er ikkje klare for overgangen til lære, bedrifter har manglande motiv for å bli lærebedrift og tilsetje lærlingar, og bedriftene opplever rammevilkåra som lite gunstige, eller så blir inntaket av lærlingar påverka av andre faktorar i arbeidsmarknaden. Vi ser altså at problemstillinga ikkje berre handlar om talet på tilgjengelege læreplassar. Fleire læreplassar vil ikkje løyse utfordringane dersom bedrifta ikkje opplever søkjaren som kvalifisert og relevant for bedrifta si. På bakgrunn av denne analysen har vi sendt over forslag til nasjonale tiltaksområde til departementet.

Tidlegare analysar har vist at søkjarar med innvandrarbakgrunn i mindre grad får lærekontrakt enn søkjarane elles. Vi har derfor sett nærmare på kva innvandrarbakgrunnen betyr for sjansane for å få læreplass. Analysen viser at det særleg er gutar med innvandrarbakgrunn som ser ut til å ha utfordringar med å få læreplass, og blant gutane er det små forskjellar mellom innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Innvandrarbakgrunn ser òg ut til å bety mest i fag der delen gutar er høg. Det er nærliggjande å tru at innvandrarar som har budd lenge i Noreg, har betre språkferdigheiter enn dei som nyleg har komme til landet, og at butid derfor har noko å seie for om dei får læreplass eller ikkje. Vi finn likevel ingen systematisk samanheng mellom butid og delen som får læreplass. Denne analysen har vi blant anna tatt vidare til partane i arbeidslivet gjennom dei faglege råda innan fagopplæringa.

### **Utvikling av nye læreplanar i tråd med mål for fagfornyinga**

Fagfornyinga handlar om å fornye faga i skolen og sikre eit innhald som kan møte nye krav i samfunnet. Målet er å styrkje djuplæringa og forståinga hos elevane, blant anna gjennom tydelegare prioriteringar i læreplanane. Det er òg eit mål å løfte fram verdigrunnlaget frå formålsparagrafen og overordna del tydelegare i faga. Dei tre tverrfaglege temaa i) demokrati og medborgarskap, ii) berekraftig utvikling og iii)

folkehelse og livsmeistring er prioriterte. Moglegheitene som digitale læreplanar gir, har vore eit sentralt element i arbeidet med å utvikle læreplanane. Den nye digitale visninga gir støtte til å sjå samanhengar og heilskap i og mellom fag og overordna del. I tillegg gir visninga støtte, til å jobbe med progresjon og lenkje til ressursar. Dette er etter det vi vurderer, eit viktig grep for å realisere ambisjonane for fagfornyninga om blant anna eit verdiløft. For at dette skal kunne skje, må læreplanane lesast heilskapleg, og praksisen i skolane må òg reflektere verdiane som overordna del framhevar. Visninga med støtteressursar er òg eit grep vi har valt for å oppfylle målsetjinga om eit læreplanverk som er eit godt verktøy for støtte og styring. Dette er utvikla saman med brukarane våre.

I februar 2019 starta vi òg fagfornyninga for studieførebuande utdanningsprogram. Organiseringa og gjennomføringa av denne prosessen følgjer dei same prinsippa og retningslinjene som for fagfornyninga for grunnskolen og gjennomgåande fag, med opne og involverande prosessar. Vi har nedsett breitt samansette læreplangrupper, hatt innspelsrundar for utkast til kjerneelementa og heile læreplanen. Det har vore ei moderat deltaking med om lag 500 innspel fordelte på dei 19 læreplanane i kvar av dei 2 innspelsrundane. Desse læreplanane er no på høyring og skal lanserast i april 2020. Dei resterande 46 læreplanane for Vg2 og Vg3 blir utvikla parallelt for å sikre ein god samanheng i utdanningsløpet. Dei skal på høyring hausten 2020 og blir lanserte våren 2021.

Det har vore særleg merksemd knytt til samanhengen mellom fellesfaga og programfaga som saman skal bidra til at elevane blir studieførebuande for høgare utdanning. Fleire av programfaga byggjer òg på fellesfaga, noko som krev eit heilskapsperspektiv i utviklinga av læreplanane.

Fornyninga av programfaga på yrkesfag har ein eigen omtale lenger ned.

Vi har gjennomført eit betydeleg arbeid for å sikre at det skal vere samanheng med overordna del i læreplanverket, og vi vurderer at læreplanane samla sett no bidreg til ein tydelegare samanheng mellom verdigrunnlaget og fag enn dei gjeldande læreplanane gjer. Målet er at samanhengen i læreplanverket blir betre forstått, og at heile læreplanverket blir brukt meir aktivt.

I tillegg har vi gjennom støtteressursar stimulert til at skolane bruker tid på å forstå og jobbe med overordna del. Vi får tilbakemeldingar om at mange skolar og skoleeigarar har prioritert dette, men vi ser det som viktig å følgje vidare med på korleis heilskapen i læreplanverket blir brukt. Evalueringa av fagfornyninga kan gi oss viktig informasjon her.

Vi har i 2019 utlyst og vurdert tilbod i arbeidet med å evaluere nye læreplanar i skolen. Evalueringa skal gå føre seg over fem år og blir sett i gang hausten 2019. Arbeidet blir leidd av eit programstyre. Forskingsmiljøet skal analysere intensjonane, endringsprosessane og arbeidsformene i utviklinga og bruken av læreplanane som ligg i fagfornyninga. Dei skal òg sjå på verknader i praksisen til skolen og læringa til elevane. Evalueringsrapportane skal formidle praksisnær kunnskap om korleis skolane i evalueringsprosjektet jobbar med det tverrfaglege, djuplæring, pedagogisk bruk av IKT i undervisninga og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Evalueringa skal òg gi oss kunnskap om korleis arbeidet med fagfornyninga blir styrt og leidd i kommunane og på skolane. Funna frå evalueringa blir publiserte undervegs i prosjektperioden. Frå

evalueringa av kunnskapsløftet har vi erfart at slike evalueringar gir oss svært nyttig kunnskap både om innføringa, gjennomføringa og retning og det har òg gitt nyttig kunnskap i det generelle arbeidet vårt med å støtte og rettleie.

## **Fagfornyninga for yrkesfaglege utdanningsprogram**

Som ei oppfølging av oppdragsbrev 10-18 *Implementering av ny yrkesfaglig tilbudsstruktur* blei fagfornyninga for yrkesfag sett i gang i 2018. Dei overordna måla for dette arbeidet er å bidra til auka rekruttering til yrkesfaga, auka gjennomføring og auka verdsetjing av kompetansen i arbeidslivet. For å oppnå desse måla arbeider vi for at læreplanane skal få eit meir relevant og framtidretta innhald gjennom eit tett samarbeid med dei faglege råda og Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY).

I 2019 har vi jobba med å utvikle ti læreplanar for Vg1 der fire av dei er for heilt nye utdanningsprogram. Parallelt har vi arbeidd med å utvikle om lag 270 læreplanar for Vg2 og Vg3. Vi har jobba ope og inkluderande med innspelsrundar undervegs. Vi vurderer at vi fekk gode innspel på Vg1-læreplanane, og at innspelsrundane og høyringa har vore med på å vidareutvikle og kvalitetssikre innhaldet. Læreplanane på Vg1 blir lanserte i februar 2020.

For å sikre høg kvalitet i det store omfanget av læreplanar for Vg2 og Vg3 arbeider vi tett saman med partane i arbeidslivet. Læreplanane på Vg2 og Vg3 blir lanserte februar 2021.

Vi opplever at det er stor interesse for dei nye læreplanane. For å svare på noko av etterspurnaden har vi i år gjennomført tre konferansar med til saman nærmare 750 deltakarar. Formålet med konferansane var å støtte innføringa av den nye yrkesfaglege tilbudsstrukturen og dei nye læreplanane og vise kva som er dei viktigaste endringane i læreplanane. Konferansane blei godt tatte imot, og vi opplever at fylkeskommunane og partane i arbeidslivet set fagfornyninga høgt på agendaen.

## **Tilrettelegging for god innføring av nytt læreplanverk**

Det er første gongen i norsk samanheng at vi har hatt ein så open og inkluderande læreplanprosess som fagfornyninga. Vi trur at dette bidreg til at mange skoleeigarar og skolar er godt førebudde til å ta i bruk nytt læreplanverk hausten 2020. Dette er ei vurdering vi deler med partane i strategien for fagfornyninga og fylkesmannsembeta. Samtidig er både dei og vi opptatte av at det er ulik grad av førebuing. Nokon skoleeigarar og skolar har vore engasjerte og involverte over lengre tid, mens andre ikkje har vore involvert i tilsvarende grad. Dette kan gi konsekvensar for korleis skolar og skoleeigarar tar vare på intensjonane i fagfornyninga i eigen praksis og for læringa til elevane. Saman med fylkesmennene vil vi ha merksemda vår mot dette framover.

At skolar og skoleeigarar har ulik kapasitet og kompetanse når det gjeld læreplanforståinga og å drive utviklingsprosessar, kom òg fram i evalueringa av Kunnskapsløftet. Vi har derfor tatt omsyn til dette i måten vi har rigga støtte til innføringa av nytt læreplanverk på. Blant anna har vi utvikla ein digital kompetansepakke som skal støtte skoleleiarar og lærarar i arbeidet med å ta i bruk nytt læreplanverk. Innhaldet skal vere med på å auke kompetansen i å tolke og forstå det nye læreplanverket. Vi har bygd på



erfaringar med at strukturerte kompetanseløp gir skoleleiarane god støtte til å drive prosessar i eige personale. Det har vore stor interesse for kompetansepakken og høge deltakartal allereie i løpet av november og desember i 2019. Kompetansepakken er tilpassa desentralisert ordning for kompetanseutvikling. Dette inneber at skolane kan ta utgangspunkt i utviklingsbehova sine, og at UH-miljø òg kan bruke kompetansepakken.

Vi har òg lagt vekt på at desentralisert ordning og oppfølgingsordninga er viktige verkemiddel for å styrkje skoleeigarar og kompetansen skolane har til å ta i bruk nye læreplanar. Her har fylkesmannsembeta ei sentral rolle, og vi har i 2019 samarbeidd med dei om sentrale problemstillingar knytte til innføringa av nye læreplanar. I 2019 har embeta hatt eit eige oppdrag knytt til å gjennomføre aktivitetar som støtta skoleeigarane i førebuingarbeidet til innføringa av nytt læreplanverk frå 2020. Dei skulle vidare hjelpe med å kople aktivitetane til behova som er definerte lokalt gjennom desentralisert ordning for kompetanseutvikling. Rapporteringa frå embeta viser at skoleeigarane bruker eksisterande ordningar i arbeidet med å innføre læreplanar. Samtidig ser vi at det òg er etterspurnad etter nasjonale tiltak. Vi vurderer det slik at for mange skoleeigarar vil totalen av innføringa av nytt læreplanverk saman med desentralisert ordning og vidareutdanningstilbodet, saman med strukturendringar i sektoren, tilseie at det ikkje er behov for at nasjonale myndigheiter legg til rette for andre store satsingar. Dialogen med embeta i 2019 tilseier at det blir viktig å følgje med på om verkemidla bidreg godt nok til å identifisere og støtte dei skoleeigarane som har størst behov for det.

## **Eksamen 2019**

Våren 2019 blei det avlagt 75 800 sentralt gitte eksamenar i grunnskolen og 186 800 i vidaregåande opplæring. Hausten 2019 blei det avlagt til saman 37 800 sentralt gitte eksamenar i vidaregåande opplæring. Lokalt gitte eksamenar kjem i tillegg til dette. Vi utarbeider eksamensoppgåver i cirka 400 ulike fagkodar. Tilbakemeldingar frå skolar, skoleeigarar og fylkesmannsembete har vore at rutinar og system for planlegging og gjennomføring av eksamen stort sett har fungert tilfredsstillande. Mediedebatten rundt eksamen har i stor grad dreidd seg om eksamen som eit system med behov for modernisering. Fleire av sakene har peikt på sider ved eksamen som elevane opplever som urettferdige.

## **Videre utvikling av eksamen**

Vi erfarer at vurdering og eksamen har stor allmenn interesse. Det er òg eit område der det kan vere utfordrande å nå ut med eit heilskapleg budskap i media. Vi ønskjer i 2020 å bidra til ein kunnskapsbasert debatt gjennom å synleggjere kunnskapsgrunnlaget og erfaringane våre. Vi forventar at både funn, som lågt sensorsamsvar i eksamensordninga vi har i dag, og digitalisering og endringar for å fornye eksamen blir møtte med kritikk frå enkeltpersonar, grupper og media. Likevel meiner vi at det er behov for å endre på desse. Gjennom å vere opne om vurderingane våre og gjere informasjonen vi har i dag meir tilgjengelegg, ønsker vi å legge til rette for ein meir kunnskapsbasert debatt om vurdering og eksamen.

Vi har i 2019 skaffa eit nytt digitalt gjennomføringssystem og starta å planleggje innføringa som tar til i 2020. Dette er nærmare omtalt under brukareffekt mål 5. Valet av ny gjennomføringsløyning gir nye

moglegheiter som gjer at innhaldet i eksamen må endrast og også kan forbeholdast. Vi vil i 2020 gjennomføre utprøvingar slik at vi kan ta i bruk dei nye moglegheitene som finst i gjennomføringsløysinga, allereie våren 2021.

Vi har hatt sekretariatet for eksamensgruppa som hjelper til i arbeidet vårt med å greie ut eit heilskapleg eksamensordningssystem for faga som er omfatta av fagfornyninga. Vi har publisert to rapportar frå dette arbeidet i året som gjekk. Se kunnskapsgrunnlaget for evaluering av eksamensordninga og vurderingar og førebelse anbefalingar frå eksamensgruppa. Vi sender sluttrapporten over til KD i februar 2020. Vi har sendt forslag til revidering av vurderingsforskrifta og eksamensordningane i fagfornyninga på open høyring.

Vi har òg ferdigstilt arbeidet med evalueringa av matematikkeksamen og utprøvinga av eksamen i praktiske og estetiske fag i grunnskolen. Eksamensgruppas rapportar saman med anna kunnskap og erfaring viser behov for å fornye og forbetre eksamen og sensur. Eksamen fyller i dag ei rekkje roller for ulike aktørar og betyr samtidig svært mykje for den enkelte som skal bli vurdert.

Vi veit at vurdering og eksamen kan vere styrande for undervisninga. Såleis kan eksamen også vere eit sentralt verkemiddel for å realisere innhaldet og intensjonane i nytt læreplanverk. Vi meiner det er eit behov for å vidareutvikle vurderingsordningar som betre speglar ei opplæring med større vekt på djuplæring, systematisk progresjon og arbeid med tverrfaglege tema.

Samla viser dette behov for å fornye og forbetre kvaliteten på eksamen. Dette vil påverke korleis vi prioriterer, og i 2020 vil vi, utanom dei faste oppgåvene våre, prioritere utprøvinga av endringar for å forbetre kvaliteten på eksamen etter fagfornyninga, greie ut sluttvurderinga i programfaga og utvikle nytt rammeverk for eksamen. Vi vil halde fram med evalueringa vår av ordninga vi har i dag, ved å blant anna å analysere utvalde eksamenar og sensorsamsvar ved skriftlege eksamenar.

## **Utvikling av prøvefeltet**

Vi har starta utviklinga av nye kartleggingsprøvar på 1. og 3. trinn i lesing og rekning. Dei nye prøvane skal vere digitale og skal gjennomførast i det nyskaffa gjennomføringssystemet for prøvar og eksamen. Det blir stilt nye krav til det digitale systemet når vi skal digitalisere prøvane for dei yngste elevane, og vi skal leggje vekt på å brukarteste dette på elevar på dei aktuelle trinna før vi gjennomfører dei nye prøvane. Første gjennomføringa av nye kartleggingsprøvar i lesing og rekning på 1. og 3. trinn vil etter planen skje hausten 2022.

Nasjonale prøvar er gjennomførte som normalt i 2019. Arbeidet med å analysere rammeverket og kva prøven måler til prøvane mot nye læreplanar blei sett i gang etter fastsetjinga av LK20. Vi må vurdere kor mykje prøvane må endrast, og om vi må setje eit brott i trendmålingane som følgje av endringane. Desse analysane vil bli klare i løpet av våren 2020.

Vi har sett i gang eit analysearbeid for å måle progresjonen mellom prøvane på 5. og 8. trinn. Vi har starta med nasjonale prøvar i rekning. Målet er å vurdere om vi kan finne svar på korleis elevane utviklar seg i rekning mellom 5. og 8. trinn.

I 2019 har vi gjennomført ein litteraturgjennomgang på prøvefeltet i Noreg for å utvide kunnskapsgrunnlaget vårt. Litteraturgjennomgangen har tatt utgangspunkt i om ulike brukargrupper bruker og har nytte av prøvar som blir tilbydde frå nasjonalt nivå. Tidlegare har vi gjennomført brukarinnstikkprosjekt og samla rapportar frå fagmiljø og organisasjonar. Det samla kunnskapsgrunnlaget skal brukast til å utarbeide ein heilskapleg plan for prøvefeltet i framtida. Prøvefeltet har utvikla seg stykkevis og delt i dei siste 15 åra, og kunnskapsgrunnlaget viser at det er fleire utfordringar ved prøvesystemet vi har i dag. Ei utfordring er at formålet med prøvane ikkje alltid blir forstått, og at dette påverkar oppfølging av resultata. Ei anna utfordring er at nasjonale prøvar har fleire formål, noko som vi må vurdere om er riktig for framtida. Vi må òg inkludere ein diskusjon om tilrettelegging av prøvar og bruk av hjelpemiddel i framtida, for eksempel bruk av hjelpemiddel for elevar med dysleksi. Vi ønskjer å diskutere prøvane vi skal ha framover, ut frå kva behov skolen, skoleeigarane og nasjonalt nivå har, og sjå korleis prøvefeltet kan støtte arbeidet ulike brukargrupper gjer med undervegsvurdering, kvalitetsutvikling, styring og politikktutforming. Dette må vi vurdere i samanheng med blant anna endringar i læreplan, støtteressursar til læreplan, internasjonale undersøkingar, behov for indikatorsett og eksamen.

### **Styrking av fag- og yrkesopplæringa**

Store satsingar innan fag- og yrkesopplæringa er Yrkesfaglærarløftet, som blir omtalt under brukareffekt mål 2, og fagfornyninga, som vi har omtalt tidlegare. Sjå òg omtale av yrkesfaga under gjennomføring.

Vi jobbar vidare med å følgje opp den nye tilbodsstrukturen for yrkesfag som blei fastsett i 2018. Desse endringane blir sette i verk frå hausten 2020. Vi får fleire og fleire søknader om endringar av tilbodsstrukturen. Dette trur vi kan komme av endringsbehov som har dukka opp i kjølvatnet av gjennomgangen av tilbodsstrukturen og den fornyinga av det faglege innhaldet i læreplanane som er i gang. Behandlinga av søknader med struktursaker blir påverka av aktivitet i samband med utviklinga av nye læreplanar. I nokon tilfelle har vi derfor måtta utsetje søknadsbehandlinga i vente på at innhaldet i læreplanen er fastsett. Dette gjeld spesielt søknader om kryssløp og avviksløp. I andre tilfelle planlegg vi å sende saka på høyring saman med tilhøyrande læreplan hausten 2020. Av saker vi har behandla, har det særleg vore merksemd knytt til namn på utdanningsprogram og å opprette nye lærefag.

Vi fordelte 11 millionar til fylkeskommunane for å styrkje faget yrkesfagleg fordjuping. Det var ikkje mogleg å utvikle eit digitalt verktøy som kunne brukast til å systematisere samarbeidsavtalar mellom skole og bedrift i 2019. Utviklinga av eit digitalt verktøy til å systematisere samarbeidsavtalar mellom skole og bedrift kan sjåast i samanheng med ei eventuell utvikling av eit nasjonalt lærlingstorg.

Som ei oppfølging av oppdraget om å utvikle eit betre kunnskapsgrunnlag for å ta vare på og oppdatere det yrkesfaglege opplæringstilbodet i tråd med behova i arbeidslivet har vi i 2019 gjennomført eit tenestedesignprosjekt om kunnskapsbehovet ulike målgrupper har. Vi ønskjer å sjå løysinga i samanheng med utviklinga av eit nytt verktøy for kunnskapsformidling, omtalt under brukareffekt mål 4.

### **Høg trivsel og betre arbeidsro i skolen**

Dei aller fleste elevane trivst på skolen og har eit godt læringsmiljø. Nærmare 90 prosent av elevane frå 5. trinn i grunnskolen til Vg3 trivst godt eller svært godt på skolen. Trivselen til elevane ligg på det same høge nivået på trinna gjennom skoleløpet, med unntak av 9. og 10. trinn, der trivselen er noko lågare.

Det har blitt meir arbeidsro i norske klasserom. Tal frå TALIS 2018 peiker i den retninga at timen kjem raskare i gang, det er færre avbrott frå elevane og litt mindre forstyrrande bråk i timane i 2018 enn det var i 2008 og 2013. Også elevane rapporterer om betre arbeidsro. I Elevundersøkinga svarer 63 prosent at dei er litt eller heilt einige i at det er god arbeidsro i timane. Arbeidsroa er vurdert som litt lågare på 9. og 10. trinn enn på andre trinn. Svara om god arbeidsro er så å seie uendra frå 2016 til 2018. Tabellen under viser prosentdelen lærarar som er einige eller svært einige i utsegner om ro, avbrott og bråk i klasseundervisninga.

	<b>Når timen begynner, tar det ganske lang tid før eg får roa elevane.</b>	<b>Vi mister ganske mykje tid fordi elevane avbryt undervisninga.</b>	<b>Det er mykje forstyrrande bråk i denne klassen.</b>
<b>TALIS 2008</b>	51 %	41 %	29 %
<b>TALIS 2013</b>	37 %	27 %	22 %
<b>TALIS 2018</b>	18 %	25 %	22 %

PISA-undersøkinga for 2018 bekreftar òg tendensen til auka arbeidsro. Også for gjennomsnittet av OECD-landa rapporterer elevane om litt betre arbeidsro i PISA 2018 samanlikna med i 2009, men endringa er ikkje fullt så stor som for norske elevar.

70 prosent av elevane på ungdomsskolen og i vidaregåande opplæring oppgir at dei kjedar seg på skolen. Det er òg relativt mange ungdommar som opplever skolestress, særleg gjeld dette jentene. 6 av 10 jenter og 3 av 10 gutar seier at dei ofte eller svært ofte blir stressa av skolearbeidet. Opplevinga av stress er høgast på 10. trinn og Vg3.

Det finst i dag inga nasjonal undersøking som gir innsikt i korleis elevane på 1.–4. trinn opplever forhold knytte til trivsel og læring. Vi fekk i desember 2019 eit oppdragsbrev der direktoratet blir bede om å vurdere korleis tilbakemeldingar frå dei yngste barna om eigen skolekvardag kan bli ein del av kvalitetsvurderingssystemet og informasjonsgrunnlaget til skoleleiinga og skoleeigarane. Arbeidet vil bli gjennomført i 2020.

## **Mobbing og sosial tilhøyrse**

I Elevundersøkinga er det ein liten nedgang i delen elevar som oppgir at dei blir mobba på skolen, i 2019 samanlikna med i 2018. I 2019 svarer 6 prosent av elevane at dei blir mobba to til tre gonger i månaden eller

oftare. Av elevane som har svart på Elevundersøkinga, utgjer 6 prosent cirka 27 000 elevar. Det er positivt å sjå at det er færre elevar som svarer at dei blir mobba, men det er likevel framleis for mange elevar som blir mobba. Det er ein auke i skolemiljøsaker som blir melde inn til fylkesmannen. Hausten 2018 er 653 saker melde inn til fylkesmannen, litt fleire enn i 2017 da talet var 565.

PISA 2018 viser ein negativ trend der delen som gir positivt uttrykk for at dei føler at dei høyrer til, at dei lett får venner, og at de andre elevane liker dei, har hatt ein vesentleg nedgang frå 2003 til 2018. Det har òg vore ein auke i delen elevar som svarer at dei føler at dei blir haldne utanfor, føler seg einsame og ikkje passar inn, som tabellen under viser.

	Det verkar som at dei andre elevane liker meg	Eg får lett venner	Eg føler at eg høyrer til	Eg føler meg annleis og at eg ikkje passar inn	Eg føler meg einsam på skolen	Eg føler at eg blir halden utanfor
<b>2003</b>	91 %	90 %	85 %	9 %	7 %	6 %
<b>2012</b>	89 %	86 %	87 %	12 %	9 %	8 %
<b>2015</b>	83 %	80 %	76 %	17 %	14 %	12 %
<b>2018</b>	82 %	82 %	77 %	18 %	14 %	12 %

I arbeidet for trygge og gode skolemiljø har regjeringa lansert tiltak som lovendringar og handhevingsordninga, kompetanseutvikling for vaksne og støtte til barn og unge dette vedkjem. Utanforskap, mobbing og anna krenking er òg eit samfunnsproblem som strekkjer seg utover skolen. Det er derfor viktig med tverrsektorielle perspektiv og samordning i arbeidet.

I 2017 greidde direktoratet ut kva som er eigna tiltak i skolemiljøsaker. Alle tilbakemeldingane vi fekk, og erfaringar frå blant anna 9A-saker og kompetansetiltak tilsa at sektoren har behov for støtte til å finne eigna tiltak. Vi anbefalte derfor departementet at det burde lagast ein nettressurs, og i 2018 fekk vi dette i oppdrag. For å vurdere kva som er eigna tiltak, må skolar gjere gode undersøkingar og analysar. Erfaringar frå blant anna fylkesmenn, mobbeombod og direktoratet viser at mange skolar synest dette er komplekst og krevjande. Direktoratet utvida derfor oppdraget til å òg omhandle å undersøkje.

I slutten av januar 2019 lanserte vi nettressursen «Tiltak i skolemiljøsaker» på udir.no. Ressursen inneheld både pedagogisk fagstoff og rettleier om regelverksetterleving. Formålet med ressursen er å presentere kvalitetssikra informasjon om eigna tiltak for eit trygt og godt psykososialt miljø og å førebyggje eller handtere mistrivsel, krenking eller uønskte hendingar. Ressursen er utarbeidd med innspel frå leiarar og tilsette i skolen, elevar, foreldre, mobbeomboda, Barneombodet, representantar frå fylkesmennene, Partnerskap mot mobbing og andre med erfaring og kompetanse i det psykososiale miljøet til elevane. Ei ekspertgruppe har medverka med fagstoff og fagleg kvalitetssikring.

Nettressursen «Tiltak i skolemiljøsaker» har hatt nærmare 90 000 besøk. Det mest populære temaet er knytt

til aktivitetsplikta. Dei fleste som er inne på sida, er interesserte i informasjon om korleis skolen kan undersøkje om skolemiljøet er trygt og godt, og om kva tiltak som er eigna for å skape eit inkluderande fellesskap. Brukarane av nettsida er òg interesserte i kva tiltak leiinga kan setje i gang, og tiltak som skaper gode relasjonar. I samband med lanseringa blei brukarane av nettsida spurde om innhaldet var nyttig. 98,6 prosent svarte at dei opplevde nettsida som nyttig og relevant. Vi har sett i gang eit arbeid for å hente inn meir informasjon om oppfatninga brukarane har. Denne vil ferdigstillast i april 2020.

I Spørsmål til Skole-Norge frå hausten 2019, svarer det store fleirtalet av skoleeigarane og skoleleiarane at dei opplever at dei har god kompetanse til å ta vare på retten eleven har til eit godt psykososialt miljø, og til tiltak mot mobbing.

## **Ordning med mobbeombod**

Stortinget vedtok 22. mai 2017 gjennom Innst. 289 S (2016–17) at det blir sett i verk ei ordning med fylkesvise mobbeombod. Ordninga som gjeld ut skoleåret 2020–2021 er frivillig, og byggjer på kostnadsdeling mellom fylkeskommunane og staten. Fylkesvise mobbeombod har eit nasjonalt mandat med rom for lokale tilpassingar. Alle fylkeskommunar er med i ordninga, og Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger leverer fagleg forankring og oppfølging til omboda på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Vi har sett i gang ei evaluering av ordninga med fylkesvise mobbeombod, og sluttrapporten vil komme i juni 2020.

## **Fråvær**

Fråvær er eit tema som dei siste fem åra har fått auka merksemd. Konsekvensane av å ha høgt fråvær kan vere, og er ofte, enorme. Barn og unge går glipp av læring både fagleg og sosialt, og det kan føre til enda høgare fråvær nettopp av den grunn. Fråvær i grunnskolen er ein risikofaktor for fråfall i vidaregåande skole, som igjen er ein risikofaktor for å bli ståande utanfor arbeids- og samfunnsliv. Fråværet i grunnskolen er stabilt, sjølv om delen som skulkar på ungdomsskolen, har auka frå rundt 20 prosent i 2015 til rundt 25 prosent i 2018. Skolane har i stor grad system for registreringa av og rutinar for oppfølging av fråvær, ifølgje svara i Spørsmål til Skole-Norge frå hausten 2019.

I 2019 leverte vi ein analyse av fråværstala på 10. trinn som første leddet i eit firedelt oppdrag frå departementet. Oppdraget hadde bakgrunn i dei til dels høge tala for fråvær på 10. trinn i 2019. Ifølgje forskning kan fråvær ha ei rekkje årsaker som gir behov for svært ulike tiltak. I alle skolar og kommunar er det elevar som vil få høgt fråvær viss ikkje skolane førebyggjer, og viss det ikkje blir sett inn riktige tiltak tidleg nok. I 2020 vil vi følgje opp dette arbeidet med ein utvida analyse av kva for rutinar skolar og skoleeigarar har, som er del to av oppdraget til departementet. I tillegg arbeider vi med del 3 som er utvikling av ei rettleiing for arbeid med nærvær og fråvær i grunnskolen for skolar og skoleeigarar. Del 4 er å utforme innhaldet i ei oppfølgingsplikt for skolar og skoleeigarar.

I vidaregåande skole er fråværet redusert sidan innføringa av fråværgrensa, og dagsfråværet held seg på stabilt lågt nivå. Timefråværet har likevel stige frå 10 til 11 timer for dei tre trinna i vidaregåande skole sett

under eitt, sjå tabellen under. Det er likevel framleis noko lågare enn da fråværgrensa blei innført. Timefråværet er høgast på Vg3 og utgjer 15 timar både før og etter fråværgrensa blei innført.

	2013–14	2014–15	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19
<b>Dagar (median)</b>	6,0	6,0	5,0	3,0	3,0	3,0
<b>Timar (median)</b>	14,0	13,0	12,0	9,0	10,0	11,0

Vi evaluerer implementeringa av fråværgrensa i vidaregåande opplæring for å få meir informasjon om korleis det nye regelverket har påverka tilsette i skolen, ulike elevgrupper og fastlegar. Den andre delrapporten frå Fafo kom tidleg i 2019. Hovudkonklusjonen i rapporten er at det skjer ei polarisering mellom dei mange elevane som reduserer fråværet, og dei få som fell ut av opplæringa som ei direkte følge av fråværgrensa. Forskarane peiker på at dette er informasjon som kan vere vanskeleg å få auge på om ein berre ser på statistikken. Den tredje og siste delrapporten kjem våren 2020.

## Sosial læring og inkluderande fellesskap

Vi veit at mange skolar jobbar godt med klasseleiing og gode relasjonar, men at det framleis er ein del stader der bevisstheita er for låg om korleis vi kan byggje gode fellesskap. I overordna del av læreplanverket står det at skolen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Det blir understreka at trygge læringsmiljø utviklar seg og held seg trygge av tydelege og omsorgsfulle vaksne, i samarbeid med elevane. Elevane skal både medverke og ta medansvar i læringsfellesskapet. Skolen skal bidra til den sosiale læringa og utviklinga til elevane. Læreplanverket framhevar at sosial læring skjer både i undervisninga og i alle andre aktivitetar i skolens regi, og at fagleg læring ikkje kan isolerast frå sosial læring.

Føringane i læreplanverket er i tråd med nyare forskning på psykososialt skolemiljø. Å jobbe med relasjonar og leiing er ikkje tilstrekkeleg. Vi ser behov for å styrkje arbeidet med å fremje ein praksis som bidreg til å etablere normer og verdiar om å respektere og inkludere alle medelevar. Tydelege og omsorgsfulle vaksne kan mobilisere det relasjonelle ansvaret elevane har, og empatien deira for alle medelevar, både i undervisninga og i skolekvardagen elles.

I den digitale læreplanvisninga er det laga ei side om sosial læring og inkluderande fellesskap som er synleg under alle læreplanar for fag. Som ein del av støttematerialet til arbeidet med overordna del har vi laga ein film med tilhøyrande refleksjonsspørsmål om korleis skolen kan støtte den sosiale læringa til elevane og utvikle eit inkluderande fellesskap gjennom opplæringa i fag.

## Forsøk med modulstrukturert opplæring i utvalde lærefag

Arbeidet med å setje i verk forsøka har vore omfattande og komplekst. Dette har spesielt vore knytt til eigenarten til fagopplæringa og behovet for god forankring med partane i arbeidslivet, behovet i forsøka for å utvikle eigne modulstrukturerte læreplanar og utfordringar fylka har hatt med å rekruttere tilstrekkeleg mange deltakarar til dei lærefaga som partane har valt at skal inngå i forsøka. Forsøka har òg stilt store krav til

samarbeid på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, både nasjonalt og lokalt.

Vi har gjennom utvidinga av forsøket utvikla og lyst ut nye forsøk parallelt med oppfølginga av eksisterande forsøk, med ein ambisjon om å rekruttere fleire deltakarar. Som ein konsekvens av dette arbeidet har talet på deltakarar auka, og det estimerte talet på deltakarar totalt sett i forsøka er meir enn fordobla.

Modulstrukturen i læreplanane vi har utvikla til forsøket, har vore ein føresetnad for fleksibiliteten i opplæringa og hensikta med forsøket. Samtidig vurderer vi at det er fleire forhold som utfordrar fleksibiliteten, og som er kritiske suksessfaktorar for forsøka vidare. Dette gjeld mellom anna fleksibilitet ved avbrott eller pausar og at bedrifter som deltar i forsøket, følgjer dei modulstrukturerte læreplanane fullt ut.

Det har vore i overkant av 250 deltakarar i forsøket så langt. 21 deltakarar har bestått fag- og sveineprøven, og ytterlegare 9 er per november 2019 melde til fag- og sveineprøven. 66 deltakarar har slutta i forsøket. Av desse kjenner vi til at fleire har fått fast jobb etter å ha gjennomført enkelte modular. Det er estimert 319 deltakarar til utlysinga dette året. 1. januar 2020 blei arbeidet overført til Kompetanse Noreg.

### **Støtte god bruk av Rammeplan for barnehagen – innhald og oppgåver**

Alle barn i barnehage har rett til eitt barnehagetilbod av høg kvalitet som gir like moglegheiter uavhengig av bakgrunn og føresetnader. Departementet adresserer i statsbudsjettet utfordringar knytte til kvalitet og variasjon i kvaliteten i barnehagane. Evalueringa av arbeidet med kvaliteten i barnehagesektoren frå Trøndelag Forskning og Utvikling viser at barnehagar vektlegg planleggings- og gjennomføringsaspekta ved det pedagogiske arbeidet og i mindre grad bruker vurdering som eit utgangspunkt for vidare planlegging. Evalueringa viser òg at fylkesmannen og barnehagemyndigheita oppfordrar til bruk av verktøya og ressursane i kvalitetssystema våre, blant anna gjennom å integrere dei i felles prosjekt for kvalitetsutvikling.

Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i erfaringane sine og kompetansen sin. Rolla vår handlar om å støtte innføringa av rammeplanen, blant anna gjennom å utvikle og gjere retteleiings- og støttemateriell tilgjengeleg på nettsidene våre. Støttemateriellet har hatt cirka 180 000 besøk i 2019, og vi ser særleg at ulike rettleingar er godt besøkte. Filmane som er laga i tilknytning til rammeplanen, er òg godt besøkte.

Fylkesmennene melder om at det vidare arbeidet med rammeplanen handlar om kompetanse. Dette arbeidet blir i stor grad tatt hand om i den regionale ordninga, sjå under brukareffekt mål 2. Alle embeta har sett i verk tiltak for å bidra til at rammeplanen tas i bruk. Fleire embete har nytta møtearenaer for ulike målgrupper i barnehagesektoren til å tematisere den nye rammeplanen. I tillegg er det gjennomført spørjeundersøkingar, dialog og møte med barnehagemyndigheiter for å få oversikta over om den nye rammeplanen er tatt i bruk i barnehagane. Kor nøye embeta har undersøkt behovet for særleg oppfølging der rammeplanen ikkje er tatt i bruk, varierer noko. Enkelte embete oppgir eksplisitt at dei har følgd opp enkelte barnehagemyndigheiter ved behov, mens fleirtalet ser ut til å meine at det ikkje er behov for dette ettersom rammeplanen er tatt i bruk på noverande tidspunkt.



Vi viser vidare til samanfattinga av årsrapportering frå fylkesmennene frå 2018, som tidlegare er oversend.

I samband med 30-årsmarkeringa av barnekonvensjonen har vi laga ei ny temaside for barnehagar. Denne omhandlar blant anna artikkel 3 om det beste for barnet og artikkel 12 om retten barnet har til å gi uttrykk for meininga si.

Vi er programeigarar for evalueringa av implementering av rammeplanen, som blir ferdigstilt i 2022.

## **Barnehagemiljø**

Barnehagen har lang tradisjon for å jobbe med vennskap, tilhøyrse og sosial kompetanse. Å ta i bruk mobbeomgrepet i barnehagen har vore omdiskutert, og barnehagen har ofte brukt andre omgrep og inngangar i arbeidet. Forsking viser likevel at barnehagebarn òg blir utsette for mobbing og andre krenkingar, oftast i form av erting, plaging eller gjentatt utestenging frå lek og manglande inkludering<sup>1</sup>.

Barn–vaksen-relasjonen i barnehagen er viktig for den psykiske helsa og kognitive utviklinga til barna. Samhandling med vaksne i barnehagen har samheng med psykisk helse og skoleferdigheiter hos barn i skolealder, og ein god relasjon er knytt til mindre språkvanskar, betre lese-, skrive- og talferdigheiter og færre psykiske vanskar<sup>2</sup>.

Barnehagen skal førebyggje, stoppe og følgje opp utestenging, mobbing og uheldige samspelelmønster. Rammeplanen vektlegg rolla som barnehagen skal ha knytt til trivsel, vennskap og lek. Kompetansen, evna og viljen personalet har til å inngå i gode relasjonar med barna og til å støtte leiken og læringsprosessane til barna, er vesentlege for at barna skal oppleve å vere inkluderte. Studiar frå norske barnehagar viser at slik kompetanse både varierer mellom barnehagane og innbyrdes i personalgrupper<sup>3 4</sup>. Vi legg i dag til rette for eit omfattande kompetansetilbod retta mot barnehagesektoren, også knytt til inkludering og barnehagemiljø. Fleire av tiltaka er omtalte under brukareffekt mål 2.

Mykje av arbeidet på dette området er uendra frå tidlegare år, og vi ventar med større endringar til etter den planlagde gjennomgangen av kompetansetiltaka som blir ferdigstilt desember 2020. Der vil vi vurdere behovet for å samordne og vidareutvikle dagens tiltak i lys av blant anna varsla lovendringar om barnehagemiljø som var på høyring hausten 2019, rammeplan og nytt læreplanverk, ny modell for kompetanseutvikling og oppdatert forskning om trygt og godt miljø. Tiltaka skal vurderast med utgangspunkt i brukarane av tiltaka.

## **Tiltak retta mot utsette barn og unge**

Gjennom å betre samordninga av tenestene skal 0–24-samarbeidet styrkje oppfølginga av barn og unge for å hindre fråfall og motverke utanforskap. I 2019 har vi i samarbeid med andre jobba vidare med tiltaka innanfor innsatsområda definerte i strategien. Progresjonen er i tråd med den planlagde framdrifta.

Kunnskapsgrunnlaget til fylkesmennene er ferdigstilt og Fafos sluttrapport gjort tilgjengeleg. Vi er i gang med eit prosjekt med samanstilling av oppvekststatistikk og indikatorar på kommunenivå. Formålet er å bidra til

betre og lettare tilgjengelege styringsdata på oppvekstfeltet for kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene, dette som grunnlag for deira utviklingsarbeid.

Vi har vidare foreslått endringar i lovverket. Dette ligg no til vurdering i departementa. Vi vurderer fortløpande om anbefalingane elles frå regelverksarbeidet bør følgjast opp i direktorata.

Utdanningsdirektoratet og Statens helsetilsyn har utarbeidd eit felles tilsynsopplegg for å sjå på korleis meldeplikta til barnevernet og tilbakemeldingar til offentlege meldarar blir tatte hand om. Tilsynsopplegget blei pilotert i 2019.

Vi har lagt vekt på at vi gjennom arbeidet med delprosjekta i 0–24 òg skal byggje meir varig kapasitet for nødvendig tverrsektoriell samordning og samarbeid. Dette knyter seg både til nye strukturar og til meir kompetanse og kultur for samarbeid. Vi har blant anna jobba fram felles nettsider, samarbeidsrom, felles arenaer og møteplassar. Vi meiner generelt at det er eit anna grunnlag og større legitimitet no enn det var for tre år sidan, for å setje utsette barn og unge på ein felles agenda og sjå på konkrete område og innsatsar i eit samordningsperspektiv. Andre delrapport frå Fafo si følgjeforskning av prosjektet viser at det er merksemd om tverrsektoriell samordning i alle dei nordiske landa.

Vi vil i 2020 vurdere korleis innspel frå arbeidsgruppa om læreplassar for elevar med svake norskferdigheiter kan følgjast opp gjennom oppdraget vårt knytt til læreplassar.

Vi held på å etablere fleire tiltak, irekna prosjekt om samordning av dei pedagogiske verkemidla direktorata har (støtte-, utviklings- og rettleiingsressursar), for å styrkje det tverrfaglege samarbeidet i kommunane om utsette barn og unge, og pilotering av samordning av statlege tilskott retta mot utsette barn og unge mellom 0 og 24 år og familiane deira.

Det har vore ei positiv utvikling både i samarbeidet mellom aktørane og i den generelle framdrifta i arbeidet. Tverrsektorielt arbeid er krevjande, men vi har òg begynt å sjå resultat av denne typen samarbeid. Dette blei blant anna markert ved at 0–24-samarbeidet vann Bedre stat-prisen i 2019 for betre samordning på tvers. Tiltaka 0–24-samarbeidet har sett i gang for at programmet skal nå måla sine, er viktige og må vidareutviklast i perioden framover. Spesielt gjeld dette etablering av målbilde, tydeleggjering av organisering og ansvar og prioritering av innsatsar,

Følgjeevalueringa av 0–24-programmet frå Deloitte har peikt på at det er utfordrande å kople måla i programmet til kjerneverksemda til direktorata, og dette har gjort det krevjande å sikre tilstrekkeleg eigarskap i verksemdene. Dette er synleggjort i risikovurderingane som tidlegare er oversende departementet. Vi vil i 2020 greie nærmare ut om korleis direktorata kan jobbe vidare med samordning etter at programperioden er over.

## **Moderasjonsordningane**

Moderasjonsordningane (gratis kjernetid og redusert betaling) er viktige verktøy for å leggje til rette for auka barnehagebruk og for å betre økonomien til økonomisk utsette familiar. Sluttevalueringa av moderasjonsordningane i barnehagen frå Institutt for samfunnsforskning viser at fleire barn får gå i

barnehage, og at fleire låginntektsfamiliar får ein styrkt økonomisk situasjon. Samtidig er det nokon utfordringar med tilgangen til og bruken av ordningane, og ikkje alle som har rett på ordningane, får dette.

## **Oppfølging av Opptreppingsplanen mot vold og overgrep**

Eitt av dei viktigaste tiltaka i strategien Opptreppingsplan mot vold og overgrep er å auke kompetansen til dei tilsette i grunnopplæringa. Direktoratet har bidrege inn i dei tverrdirektorale arbeidsgruppene Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet koordinerer. Målet er auka bevisstheit blant barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter om ansvaret dei har for å sørge for at barn og unge utviklar seg, lærer og trivst i barnehagar, skolar og lærebedrifter. Det er for tidleg å vurdere resultata av arbeidet, men vi erfarer at det er potensial for å effektivisere ressursbruken ved å gjere roller og ansvar tydelege innleiingsvis i slike prosessar.

---

1) *Idsøe, E. M. C. & Roland, P. (2017). Mobbeatferd i barnehagen: temaforståelse – forebygging – tiltak (1. utg.). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.*

2) *Helland., S.S., Wilhelmsen, T., Alexandersen, N., Brandlistuen, R.E., Schølberg. S. og Wang, M.V. (2019). Skoleferdigheter og psykisk helse hos 8-åringer. Betydningen av pedagogisk praksis i barnehagen og læringsmiljø i skolen. Rapport. Folkehelseinstituttet.*

3) *Engvik, M., Evensen, L., Gustavson, K., Fufen, J., Johansen, R., Lekhal, R., Schjøberg, S., Wang, M.V. og Aase, H. (2014): Sammenhenger mellom barnehagekvalitet og barns fungering ved 5 år. Resultater fra Den norske mor og barnundersøkelsen. Rapport 2014:1 Folkehelseinstituttet*

4) *Johansson, E. (2012): «Læringskulturer i spenningsfeltet mellom 'vi og de andre'» i Vist, T. og Alvestad, M. (red.): Læringskulturer i barnehagen: flerfaglige forskningsperspektiver. Oslo: Cappelen Damm Akademisk*

## **Mål 2: Barnehageeigarar og skoleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge**

For å sikre eit godt barnehagetilbod og ei god opplæring er kompetansen til dei tilsette heilt avgjerande. Dei tilsette i barnehagane og skolane er nøkkelen for å styrkje utviklinga, læringa og trivselen til barn og unge. Det er i dei seinare åra innført og justert krav til personaltettleiken og kompetansekrava innanfor både barnehage- og skolefeltet for å styrkje kvaliteten i sektorane. Samtidig veit vi i dag at den viktigaste kvalitetsutviklinga skjer lokalt, og vi dreier derfor verkemidla våre slik at dei i større grad skal støtte opp om kapasiteten kommunane og fylkeskommunane har til å ta ansvar for å utvikle barnehagane og skolane sine.

I arbeidet med å styrkje kompetansen hos barnehageeigarar og skoleeigarar er tilrettelegging, støtte og rettleiing, tildeling av midlar og støtte til partnerskap dei mest sentrale verkemidla vi har. Innsatsen vår har i 2019 medverka til at fleire barnehage- og skoletilsette har fått utvida kompetansen sin. Dei viktigaste satsingane våre for å støtte opp om prioriteringane frå nasjonale myndigheiter er forvaltninga vår av vidareutdanningsordningane og kompetanseordningane<sup>5</sup>. Målet er å styrkje kvaliteten i sektorane.

Vi vurderer at den positive utviklinga i talet på pedagogar i barnehagen og i delen som oppfyller kravet om å ha relevant kompetanse i undervisningsfaget, kan sjåast i samanheng med vidareutdanningsordningane. Utviklinga er særleg positiv sett i samanheng med at sektorane òg skal realisere bemanningsnorma og auken i lærartettleiken.

### **Kompetanseutvikling i barnehagesektoren**

Tiltaka våre er særleg knytte til vidareutdanning og tilrettelegging av ordninga for barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak gjennom regional ordning. Vidareutdanningstilboda har god dekning. I 2019 var det totalt 1 440 deltakarar i tilbodet knytt til barnehagesektoren fordelt på vidareutdanning for barnehagelærarar (900 deltakarar), tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk (172 deltakarar) og leiarutdanning for styrarar (368 deltakarar).

### **Kompetanseutvikling i skolen**

Saman med skoleeigarane og skoleleiingane er lærarane og profesjonsfellesskapet avgjerande for å realisere ambisjonane i læreplanverket. Strategiane Lærarløftet og Kompetanse for kvalitet legg rammene for den nasjonale satsinga for å styrkje kompetansen i skolen. Tiltaka våre er særleg knytte til vidareutdanning for lærarar, utvikling av nye karrierevegar for lærarar (lærarspesialistar) og styrkt skolebasert kompetanseutvikling gjennom desentralisert ordning. Vidareutdanningstilboda i skolesektoren har god dekning. Totalt fekk over 7 500 lærarar eller leiarar tilbod om deltaking i 2019 fordelt på vidareutdanning for lærarar (6 842 deltakarar), lærarspesialistordninga (262 deltakarar) og rektorutdanninga (450 deltakarar).

Det vil ha ein vesentleg meirverdi for skolar og barnehagar dersom dei klarer å nyttiggjere seg det individuelle kompetanseløftet lærarar har opparbeidd seg, vidare inn i profesjonsfellesskapet. Vi er derfor opptatte av å bidra til at dei individuelle vidareutdanningstilboda i barnehage og skole blir sette i samanheng med dei barnehage- og skolebaserte tiltaka. Dette gjeld for eksempel regional ordning for barnehage og desentralisert ordning for skolen.

### **Vidareutdanningsordningane for barnehage og skole**

Strategien Kompetanse for fremtidens barnehage skal støtte opp om arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling. Barnehagen skal vere ein stad der dei tilsette har moglegheita til å utvikle seg fagleg, både individuelt og i eit fellesskap. Kompetanse for kvalitet skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa for å styrkje læringa til elevane, slik at dei er godt rusta for livslang læring, for framtidig arbeidsliv og for å aktivt delta i samfunnet.

Rolla vår i arbeidet med å nå måla i strategiane er å utarbeide føringar for innhaldet og organiseringa av dei studia som blir oppretta for strategien. Satsinga på vidareutdanning er vidareført i 2019, og vi har i dag ei rekkje vidareutdanningstilbod retta mot ulike målgrupper.

For å støtte arbeidet med kvalitet i tilboda er vi i dialog med universitet og høgskolar om gjennomføringa. Vi

gir føringar for innhaldet i tilboda gjennom utlysinga til UH-institusjonen. Vi følgjer òg korleis vidareutdanningstilboda utviklar seg, ved at vi gjennomfører deltakarundersøkingar og følgjer opp desse i dialog med UH-institusjonen som grunnlag for betring og utvikling.

## **Deltakarundersøking – vidareutdanning for barnehagelærarar og leiarutdanning for styrarar**

I deltakarundersøkinga for barnehagelærarar og leiarutdanning for styrarar 2019 frå Fafo vurderer barnehagelærarar at læringsutbyttet er høgt, at pensum er passe krevjande, og førelesingar og samlingar blir vurderte som gode. 87 prosent svarer at dei dreg nytte av studiet i jobbkvardagen sin, og 76 prosent svarer at studiet har medverka til at dei har endra på måten dei jobbar på i barnehagen. Dei aller fleste som starta på vidareutdanninga og leiarutdanninga, fullfører studiet. Årsakene til at nokon sluttar, er samansette. Barnehagelærarane melder blant anna at når det skjer noko uføresett i barnehagen, som ei sjukemelding eller at nokon sluttar, blir det vanskeleg å gjennomføre studiet.

## **Deltakarundersøking – vidareutdanning for lærarar**

Delen lærarar i skolen som opplever godt læringsutbytte av studiet, har auka noko frå dei to føregåande åra i deltakarundersøkinga for vidareutdanning av lærarar 2019 frå NIFU. Ni av ti lærarar er nøgde med kvaliteten på studiet. Dette gjeld både dei som oppgir ny kompetanseforskrift som grunn for kvifor dei tar studiet, og dei som oppgir andre grunnar for kvifor dei tar studiet. Om lag seks av ti lærarar svarer at dei meiner vidareutdanninga har medført at elevane deira får større fagleg utbytte.

Mange lærarar oppgir at skoleleiinga ønskjer at dei skal ta vidareutdanning. Samtidig svarer berre ein av fem lærarar at dei opplever at skoleleiinga etterspør det dei har lært. Delen som opplever at leiinga legg til rette for kunnskapsdeling, har auka noko. Samla sett viser resultata ein varierende kultur for kunnskapsdeling. For å få fullt utbytte av vidareutdanningsordninga vurderer vi at det vil ha svært mykje å seie at eigarane har ein heilskapleg plan for kompetanseutvikling som gjer samanhengen mellom vidareutdanning, deltaking i kompetanseordningar og andre tiltak tydeleg. Vi ser at ei utfordring med ordninga i dag er at mange deltakarar opplever svak kultur for kunnskapsdeling ved eigen skole. Dette tar vi med oss vidare blant anna i arbeidet med å synleggjere samhengane og synergiane mellom kollektive og individuelle tiltak.

Fleire oppgir å vere nøgde med vikarordninga enn med stipendordninga. Likevel har delen som er nøgd med stipendordninga, auka markant dei siste åra, frå 22 prosent i 2017 til 35 prosent i 2019. Det er skoleeigaren som vel finansieringsordninga.

## **Evaluering av rektorutdanninga**

Evalueringa av rektorutdanninga frå NTNU viser at deltakarane er svært nøgde med tilbodet, men at det er krevjande å gjennomføre ved sida av full stilling som skoleleiar. Det er òg ulik praksis hos skoleeigarane når det gjeld å leggje til rette for å delta på rektorutdanninga. Vi vurderer at det er viktig med god tilrettelegging for deltakarane slik at dei får bruke meir tid på studiet, noko som vil kunne gi eit større læringsutbytte.

## Behov og deltaking i barnehagesektoren

Strategien Kompetanse for fremtidens barnehage dannar grunnlaget for den omfattande satsinga på vidareutdanning retta mot barnehagen. Gjennom forskrift om pedagogisk bemanning er kravet om pedagogiske leiarar i barnehagen skjerpa frå og med 1. august 2018. Analysane våre viser at det er ei positiv utvikling med fleire pedagogar per barn. Sidan 2017 har det blitt 3 400 fleire årsverk til pedagogiske leiarar på nasjonalt nivå, mens det har blitt 2 100 færre årsverk til anna grunnbemanning. Auken i årsverk til pedagogiske leiarar har betra bemannings- og pedagogtettleiken, men er ikkje nok til å møte det nye kravet om pedagogisk bemanning. Berre halvparten av barnehagane oppfyller det nye kravet om pedagogisk bemanning. Det manglar om lag 4 200 årsverk for å oppfylle norma.

Regjeringa innførte bemanningsnorma 1. august 2018, med verknad frå 1. august 2019. Analysane våre viser at bemanningstettleiken har auka frå 2018 til 2019, og at betydeleg fleire barnehagar har forbetra bemanninga etter innføringa av bemanningsnorma. I 2019 oppfylte 94 prosent av barnehagane norma. Det er 314 barnehagar som ikkje oppfyller bemanningsnorma og totalt går det nærmare 16 400 barn i desse barnehagane.

Vi har utvikla ein bemanningskalkulator som støtte for barnehageeigarane. Sida har hatt 17 500 besøk i 2019.

## Delen med relevant utdanning i barnehagane

Totalt er det 42,1 prosent som er barnehagelærarar eller har tilsvarende utdanning blant tilsette i grunnbemanninga. 21 prosent er barne- og ungdomsarbeidarar. Delen tilsette som er barnehagelærarar eller tilsvarende, auka frå 38 til 42 frå 2016 til 2019. Samanlikna med dei andre landa i den internasjonale undersøkinga TALIS Starting Strong Survey 2018 har Noreg ein høgare del tilsette utan høgare utdanning. På tvers av tilsettegrupper svarer samtidig 77 prosent av tilsette i norske barnehagar at dei har utdanning retta mot å arbeide med barn.

## Deltakarar vidareutdanning 2019

900 barnehagelærarar fekk tilbod om studieplass hausten 2019. Det er 91 fleire søkjarar til vidareutdanning for barnehagelærarar i 2019. I tråd med Prop. 1 S (2018–2019) og tildelingsbrevet har direktoratet auka talet på studieplassar på tilleggsutdanninga i barnehagepedagogikk hausten 2019.

368 har fått tilbod om studieplass på leiarutdanninga for styrarar hausten 2019. Det er ei jamn rekruttering til studietilbodet. Talet på søkjarar til studietilbodet har gått noko opp frå 2018. Om lag 2 500 styrarar og assisterande styrarar har i perioden frå 2011 til 2019 fullført styrarutdanninga. Tilbakemeldingar frå institusjonane kan tyde på at fleire av dei som har gjennomført styrarutdanninga, i etterkant gjennomfører ei heil masterutdanning i leing. Direktoratet har ikkje ei oversikt over kor mange styrarar dette gjeld. Tabellen under viser søkjarar, søknader godkjende av eigar og kor mange som fekk tilbod om vidareutdanning i barnehagesektoren.

Fag	Registrerte søkjarar	Godkjende av eigar	Fekk tilbod
Læringsmiljø og pedagogisk leing	222	187	152
Naturfag og matematikk	67	58	55
Språkutvikling og språklæring	307	259	218
Språkutvikling og språklæring 2	34	34	34
Språkutvikling og språklæring – nettbasert	207	179	65
Rettleiarutdanning for praksislærarar	523	475	204
Tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk	255	205	172
Leiarutdanning for styrarar	445	393	368

Avtalane direktoratet har med universitet og høgskolar om vidareutdanning til barnehagelærarar, blir vidareførte for ein ny femårsperiode frå 2020 til 2025. Vi lyste ut tilbod i tråd med evalueringar og tilbakemeldingar lokalt og nasjonalt.

I 2019 fekk 360 studentar plass på styrarutdanninga. Avtalane direktoratet har med universitet og høgskolar om nasjonal leiarutdanning for styrarar, skal først vidare for ein ny femårsperiode frå 2020 til 2025. Utdanninga vil i hovudsak først vidare i den forma ho har hatt tidlegare. Det er likevel nokon endringar i innhaldet og tilpassingar med bakgrunn i Rammeplan for barnehagen – innhald og oppgåver, erfaringar med noverande utdanning og deltakarundersøkinga frå 2018, nyare forskning og politiske føringar. Tematiske område som er nye i utdanninga, er blant anna tidleg innsats og inkluderande fellesskap og samarbeid med andre. Vi har lyst ut tilbod i tråd med evalueringar og tilbakemeldingar lokalt og nasjonalt. Hausten 2019 vurderte og valde vi tilbydarar for ein ny periode. Sju tilbydarar skal tilby utdanninga frå 2020–2025.

Som ei oppfølging av den reviderte kompetansestrategien for barnehage og brev frå KD har vi starta arbeidet med å utvikle modulbasert vidareutdanning for styrarar. Tilboda blir lyste ut i 2020 og skal setjast i gang i 2021. Vidareutdanninga vil bli sett i samanheng med modulbasert vidareutdanning for rektorar. Tema som er aktuelle, er leing av utviklings- og endringsarbeid og utsette barn og unge.

## Behov og deltaking i skolesektor

Strategiane Lærarløftet og Kompetanse for kvalitet dannar grunnlaget for den omfattande satsinga på vidareutdanning retta mot skolen.


## Lærarnorma

Formålet med lærarnorma er at elevane gjennom auka lærartettleik skal oppnå betre grunnleggjande og fagleg kompetanse, oppleve inkludering og eit godt læringsmiljø, og at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring.

Det har vore ein klar nedgang i talet på elevar per lærar sidan førre skoleåret. Nedgangen skriv seg i hovudsak frå ei styrking på 1.–4. trinn. Tala frå Grunnskolenes Informasjonssystem indikerer at styrkinga av lærartettleiken er realisert med kvalifisert personale.

Diagram | Tabell | Last ned

## Elevar per lærar i ordinær undervisning etter trinn 2019-20. Offentlege grunnskolar.



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Det manglar likevel nærmare 700 årsverk for å oppfylle norma.

Vi bidreg med eit kunnskapsgrunnlag om lærarnorma gjennom å samle inn og analysere relevante tal. I 2019 har vi òg sett i gang ei evaluering som varer frå 2019 til 2022. Første leveransen er ein [litteraturgjennomgang av eksisterande forskning om effekten auka lærartettleik har på læringsutbyttet til elevane](#). For å støtte sektoren i arbeidet med lærarnorma har vi utvikla ein [lærarnormkalkulator](#). Han har hatt om lag 15 000 besøk i 2019.

### **Delen av lærarane i norsk, engelsk, matematikk, norsk teiknspråk eller samisk i grunnskolen som oppfyller kravet om å ha relevant kompetanse i undervisningsfaget**

Vidareutdanningstilboda skal bidra til at flest mogleg lærarar har kompetanse i tråd med kompetansekrava til undervisning, som beskrive i opplæringslova § 10-2. Sidan 2015 har over 30 000 lærarar fått tilbod om vidareutdanning. I den same tidsperioden har det vore ei positiv utvikling i retning av at ein stadig høgare del lærarar oppfyller kompetansekrava for tilsetjing i matematikk, engelsk, norsk og norsk teiknspråk. Samisk er



unntaket, med ein aukande del som ikkje oppfyller kompetansekravet.

<b>Delen lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava for undervisning</b>				
<b>Fag</b>	<b>2016–17</b>	<b>2017–18</b>	<b>2018–19</b>	<b>2019–20</b>
Norsk	24 %	22 %	19 %	17 %
Samisk	26 %	31 %	18 %	26 %
Norsk teiknspråk	40 %	20 %	21 %	21 %
Matematikk	36 %	31 %	27 %	24 %
Engelsk	48 %	43 %	39 %	35 %

Engelsk har særleg mange lærarar som ikkje oppfyller kompetansekravet. Engelsk på 1.–7. trinn skil seg ut med ein særleg høg del lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava for å undervise i faget, med 40 prosent.

Dersom alle lærarar som ikkje oppfyller kompetansekravet for undervisning i norsk, matematikk, engelsk, samisk og norsk teiknspråk, skulle ta vidareutdanning, vil det vere behov for 22 673 plassar til vidareutdanning for lærarar. Dette svarar til behov for 2 593 færre plassar enn behovet førre skoleåret, dette samtidig med at det er 733 fleire lærarar i grunnskolen enn førre skoleåret.

### **Deltaking vidareutdanning 2019**

Studieåret 2019–2020 fekk 6 843 søkjarar tilbod om vidareutdanning gjennom den statlege ordninga.

<b>Fag</b>	<b>Registrerte søkjarar</b>	<b>Godkjende av eigar</b>	<b>Fekk tilbod</b>
<b>Totalt</b>	<b>11 500</b>	<b>8 119</b>	<b>6 842</b>
Norsk	1 659	1 237	1 232
Samisk	13	12	12
Norsk teiknspråk	61	44	44
Matematikk	2 165	1 650	1 642
Engelsk	1 630	1 204	1 198

Alle fylkesmannsembeta har fått oppdrag om å stimulere til at det blir oppretta regionale tilbod i norsk, engelsk og/eller matematikk. Ordninga er positivt tatt imot av dei skoleeigarane som har begynt å bruke henne. Regionale tilbod er vidareutdanningstilbod som er utvikla i samarbeid mellom skoleeigarar, arbeidstakarorganisasjonar og universitet eller høgskolar, og er reserverte for deltakarar frå bestemte

kommunar eller regionar. Hensikta med regionale tilbod er blant anna å leggje til rette for kompetanseutvikling for fleire lærarar ved den same skolen eller frå det same geografiske området. Slike tilbod kan òg medverke til å redusere kostnadene skoleeigarane har til reise og opphald.

Som ein del av å følgje opp kvaliteten på vidareutdanningstilboda arrangerer vi erfaringsseminar for tilbydarane i matematikk, norsk, engelsk og naturfag for UH-institusjonar som tilbyr vidareutdanning i desse faga. På sikt vil dette givast som oppdrag til etter- og vidareutdanningsregionane.

### **Rektorutdanninga og modulbasert vidareutdanning for skoleleiarar**

I 2019 fekk 450 plass på rektorutdanninga. Dette var siste opptaket for avtaleperioden 2015–2020. Avtalane direktoratet har med universitet og høgskolar om rektorutdanninga, skal først vidare for ein ny femårsperiode frå 2020 til 2025. Rektorutdanninga skal halde fram i hovudsak med det innhaldet og den forma ho har hatt tidlegare, men med nokon endringar på bakgrunn av evalueringa, nye erfaringar og ny kunnskap innan skoleleiarutdanning og, ikkje minst, av at situasjonen og utfordringane for skoleleiarar har endra seg noko dei siste fem åra. Dei viktigaste endringane er meir merksemd retta mot dei nye utfordringane dei fleste skoleleiarane og skolane står overfor. Dette dreier seg om utfordringar knytte til skolemiljø og retten elevane har til eit trygt og godt skolemiljø, digitalisering, fagfornyninga og utvikling av profesjonsfellesskapet. Hausten 2019 blei tilboda lyste ut, og det blei valt ut tilbydarar for perioden 2020–2025.

Det har frå fleire hald blitt meldt inn eit behov for meir skoleleiarkompetanse enn det som er mogleg å dekkje i rektorutdanninga. Vi har utvikla og tilbyr vidareutdanningsmodular til dei skoleleiarane som har tatt rektorutdanninga eller har tilsvarande utdanning. Formålet med vidareutdanninga er at skoleleiarane skal tileigne seg kunnskapar og ferdigheiter som er nødvendige for å kunne løyse dei konkrete utfordringane og problema dei står overfor, og at ho skal føre til konkret forbetring og endring i skolen. I 2019 blei følgjande fem modular med til saman cirka 500 studie plassar tilbydde: i) skolemiljø og leiing, ii) juss for skoleleiarar, iii) digitalisering og leiing, iv) leiing av utviklings- og endringsarbeid og v) leiing av lærings- og læreplanarbeid.

### **Vidareutdanning for yrkesfaglærarar**

Som ein del av oppfølginga av Yrkesfaglærarløftet er det etablert vidareutdanningstilbod for yrkesfaglærarar. Dei eksisterande vidareutdanningstilboda blei vidareførte studieåret 2019–2020. For studieåret 2019–2020 fekk 411 søkjarar frå 18 fylkeskommunar tilbod om stipend eller vikarordning fordelte på 26 studietilbod. På bakgrunn av ny tilbodsstruktur og nye læreplanar blir det frå hausten 2020 nye vidareutdanningstilbod innan yrkesfag. Det blei godkjent 28 tilbod som gjeld frå hausten 2020. Vi vil vurdere kor stort omfanget av fagspesifikke vidareutdanningstilbod bør vere, blant anna sett opp mot desentralisert ordning for kompetanseutvikling innan yrkesfag.

	<b>Registrerte søkjarar</b>	<b>Godkjende av eigar</b>	<b>Fekk tilbod</b>
Vidareutdanning for yrkesfaglærarar	499	425	411

## Vidareutdanning til lærarspesialistar

Satsinga på karrierevegar for lærarar blei styrkt med 52 millionar kroner for å gi fleire skolar tilgang på solid og oppdatert kunnskap gjennom lærarspesialistar. Tiltaket skal òg bidra til at dyktige lærarar vil halde fram med å undervise framfor å søkje seg til administrative stillingar.

Våren 2019 innvilga vi 305 søknader om lærarspesialistutdanning med oppstart hausten 2019. 262 lærarar starta på lærarspesialistutdanninga, fordelte på følgjande fag:

<b>2019-kullet utdanning, 1. semester hausten 2019</b>	<b>Tal</b>
Lærarspesialistutdanning i begynnaropplæring, 1.–4. trinn	31
Lærarspesialistutdanning i bygg- og anleggsteknikk, 11.–13. trinn	9
Lærarspesialistutdanning i helse- og oppvekstfag, 11.–13. trinn	13
Lærarspesialistutdanning i kroppsøving, 8.–13. trinn	12
Lærarspesialistutdanning i kunst og handverk, 1.–10. trinn	5
Lærarspesialistutdanning i matematikk, 1.–10. trinn	13
Lærarspesialistutdanning i matematikk, 1.–7. trinn	13
Lærarspesialistutdanning i matematikk, 5.–10. trinn	16
Lærarspesialistutdanning i matematikk, 8.–13. trinn	19
Lærarspesialistutdanning i norsk med vekt på lese- og skriveopplæring, 1.–10. trinn	58
Lærarspesialistutdanning i profesjonsfagleg digital kompetanse, 1.–10. trinn	57
Lærarspesialistutdanning i spesialpedagogikk, 1.–13. trinn	16
<b>Totalsum</b>	<b>262</b>

Hausten 2019 deltok i underkant av 450 lærarar på ulike stadium i lærarspesialistutdanning. Dei tre fagområda med flest lærarspesialistar var tilknytte matematikk, norsk og profesjonsfagleg digital kompetanse. Frå tidlegare veit vi at lærarspesialistane har vektlagt eiga fagleg utvikling, men vi har førebels ikkje kunnskap om korleis dei bidreg i utviklingsarbeidet på skolen. For å hente inn meir informasjon om dette har vi lyst ut eit oppdrag om evaluering av ordninga. Sluttrapporten kjem sommaren 2021.

Det er i dag cirka 1 050 lærarspesialistar. Målet er å nå 3 000 spesialistar innan 2023. Fram til no har det vore samsvar mellom søkjarar og tilbod, men det er usikkert om ei eventuell opptrapping av tilbodet vil gi ein tilsvarande auke i talet på søkjarar. For å møte opptrappinga informerer vi breitt om ordninga og samarbeider tett med partane.

## Kompetansetiltak læringsmiljø

Arbeidet mot mobbing og for eit godt og inkluderande læringsmiljø er høgt prioritert. Eit sentralt verkemiddel handlar om å auke evna barnehagane og skolane har til å førebyggje, avdekkje og handtere mobbing gjennom å styrkje kompetansen profesjonsfellesskapet og tilsette har på området. Auka kompetanse innanfor regelverk blir omtalt under brukareffekt mål 3. Nokon ressursar og kompetansetiltak blir òg omtalte under brukareffekt mål 1.

Å utvikle trygge og inkluderande barnehage- og skolemiljø er ein kompleks og krevjande jobb. I tillegg til innsikt i regelverket er haldningane, kompetansen og den pedagogiske praksisen til leiinga og dei tilsette avgjerande. På barnehage- og skolemiljøfeltet er det i dag fem etterutdanningstilbod for skole, eitt vidareutdanningstilbod for skoleleiarar og fire etterutdanningstilbod for barnehage. Dei tre tilboda i kompetansehevingstiltaket Inkluderende barnehage- og skolemiljø (Læringsmiljøprosjektet, samlingsbasert og nettbasert tilbod) og kompetansepakkar i digital dømmekraft er tilbod til både barnehage og skole. Ifølgje svara i Spørsmål til Barnehage-Norge frå hausten 2019 har barnehagestyrarar og eigarar auka kjennskapen til tilboda i Inkluderende barnehage- og skolemiljø sidan 2017. Dei offentlege barnehagane kjenner best til tilboda.

Vi har i tillegg tilbod til skolane om kurset «Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme» og vidareutdanning i skolemiljø for skoleleiarar som er omtalt tidlegare. På oppdrag frå departementet tildeler direktoratet òg midlar til tre program for skole: PALS, Bry deg! og Olweus. Mange skolar oppgir at dei deltar i eigne samarbeid med kommunen og i kompetansehevingstiltaket Inkluderende barnehage- og skolemiljø.

Mykje av arbeidet på området er uendra frå tidlegare år. Vi ventar med større endringar i tråd med den planlagde gjennomgangen av kompetansetiltaka som blir ferdigstilt i desember 2020. Der vil vi vurdere behovet for å samordne og vidareutvikle tiltaka i dag i lys av blant anna varsla lovendingar om barnehagemiljø som var på høyring hausten 2019, rammeplan og nytt læreplanverk, ny modell for kompetanseutvikling og oppdatert forskning om trygt og godt miljø.

## Vidaregåande opplæring – ein del av desentralisert ordning

Frå 2019 blei vidaregåande opplæring omfatta av den desentraliserte ordninga. Skoleeigarane blei i 2018 inviterte inn i samarbeidsforum koordinerte av fylkesmannen, men fekk først midlar til dette arbeidet frå 2019. Til forskjell frå dei andre kompetanseutviklingsordningane i grunnopplæringa er andre relevante tilbydarane, samarbeidspartnarane og kompetansmiljøa innan yrkesfag òg inkluderte, i tillegg til universitet og høgskolar. Førebels er samarbeidsforuma i ein etableringsfase.

Desentralisert ordning for kompetanseutvikling innan yrkesfag blei innført hausten 2019. Ordninga skal stimulere til langsiktig og styrkt samarbeid om kompetanseutvikling mellom fylkeskommunar, vidaregåande skolar, arbeidslivet og andre aktuelle samarbeidspartnarar. Hovudmålgruppene er lærarar som underviser i programfag på yrkesfag (yrkesfaglærarar), instruktørar, faglege leiarar og prøvenemndsmedlemmer som gir opplæring i bedrift.

I samråd med Kunnskapsdepartementet og Forum for fylkesutdanningsjefar bestemte vi at midlar til kompetanseutvikling for målgrupper i fag- og yrkesopplæringa skal overførast direkte til fylkeskommunane. I etterkant sette vi ned ei fylkeskommunal referansegruppe, blant anna for å innhente innspel til føringane for ordninga. Sentralt i føringane er blant anna tilknytninga til arbeidslivet. Fylkeskommunane skal leggje til rette for samarbeidsforum der dei i samarbeid med arbeidslivet, tilbydarar av kompetanseutvikling og andre samarbeidspartnarar skal bli einige om korleis dei statlege midlane skal prioriterast og brukast. Fylkeskommunane vil rapportere om aktiviteten og bruken av midlar i januar 2020.

I hovudsak blir andre nasjonale kompetansehevingstiltak fasa ut i si noverande form. Hospiteringsordninga skal først vidare som ein del av den desentraliserte ordninga for yrkesfag.

## **Utvikling og samordning av kompetanseordningane**

Fylkesmannen har ei sentral rolle som pådrivar og støttespelar i regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen og desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skole. Vi har i 2019 særleg brukt ressursar på å støtte arbeidet med samordning og partnerskap regionalt. Vi har samordna oppfølginga vår gjennom felles samlingar i FM-nettverk og gjennom felles føringar i tildelingsbrev til fylkesmannen. Vi har samordna oppfølginga vår av UH-sektoren gjennom felles statusmøte med Høgskulen på Vestlandet, som er koordinator for universitet og høgskolar i regional og desentralisert ordning. I tillegg har vi felles samlingar for UH-sektoren på tvers av dei to ordningane.

Samtidig fordrar kompetanseordningane at alle barnehagar, skolar, kommunar og fylkeskommunar, gjennom samarbeid med universitet og høgskolar, tar ansvar for og bruker handlingsrommet sitt til å drive kvalitetsutvikling lokalt. Målet på sikt er at barnehageeigarar og skoleeigarar avdekkjer utfordringane sine og gjennomfører eigne kompetanseutviklingstiltak i dialog med UH-sektorane. Vi ser at det framleis er behov for støtte og tilrettelegging, både frå oss og fylkesmannen, for at dette skal skje.

Samanhengen mellom dei ulike ordningane varierer mellom embeta. Vi vil følgje med på erfaringane som blir gjorde der dei har etablert felles samarbeidsforum for barnehage og skole. I 2019 har vi sett i gang eit arbeid med å utvikle ein felles kommunikasjonsstrategi for alle kompetanseordningane på etterutdanningsfeltet (desentralisert ordning for skole og yrkesfag, regionale ordningar og oppfølgingsordninga) som skal bidra til å sjå samhengane mellom ordningane og styrkjer ei heilskapleg utvikling av ordningane for kompetanseutvikling. Vi har hatt fleire dialogmøte med Kunnskapsdepartementet om ordningane.

Ordninga for desentralisert kompetanseutvikling i skole og yrkesfag i tillegg til oppfølgingsordninga blir evaluerte. Evalueringsprosjektet starta opp hausten 2019 og vil gå over seks år, fram til og med hausten 2025. Det overordna formålet med evalueringa er å gi kunnskap om styrkar og svakheiter ved praktiseringa av dei tre ordningane. Eit viktig mål på tvers av ordningane er å identifisere suksessfaktorar som styrkjer det langsiktige kvalitetsutviklingsarbeidet hos skolar og skoleeigarar.

## **Vidareutvikling av oppfølgingsordninga med rettleiarkorps**

Vi ser at ein del kommunar i varierende grad nyttar analyse av data i eige kvalitetsutviklingsarbeid til å forstå

eigne utfordringar og set inn føremålstenlege tiltak for bøte på dei. Dette kan komme av kapasitet og/eller kompetanse. I 2019 har vi jobba med eit revidert opplegg for oppfølgingsordninga som inneber at vi frå 2020 aukar innsatsperioden frå to til tre år. Vidare legg vi vekt på å styrkje det lokale arbeidet med å sikre gode behovsanalysar og finne kompetansmiljø.

Vi har i tildelingsbrevet for 2020 gitt fylkesmannen i oppdrag å støtte og samarbeide med kommunar som er identifiserte til å delta i oppfølgingsordninga. Kommunane i ordninga er i hovudsak små, og geografisk ligg hovudvekta frå Trøndelag og nordover. Fleire av kommunane i ordninga opplever store utfordringar knytte til å rekruttere og behalde fagpersonar i skolen på alle nivå. Dette gir utfordringar med å skape eit kontinuerleg utviklingsarbeid i kommunane. Embeta som har mange kommunar i ordninga, melder at det er krevjande for kapasiteten å følgje opp så mange kommunar med til dels store behov for støtte og rettleiing.

Det har vore usikkert kor godt vi treffer dei kommunane med størst behov for støtte og rettleiing med uttrekkskriteria. Vi veit at det ikkje berre er store kvalitetsforskjellar mellom kommunar, men òg mellom skolar i den same kommunen. For å kunne fange opp mellomstore og større kommunar med store kvalitetsforskjellar mellom eigne skolar òg vil vi endre noko på uttrekkskriteria. Dei vil frå 2020 òg inkludere spreing i vurderinga av kva for kommunar som skal få tilbod om støtte og rettleiing i oppfølgingsordninga. Vi håper med dette å bli meir treffsikre i identifiseringa av kommunar.

## **Rettleiing av nyutdanna lærarar**

Hausten 2018 blei partane einige om eit sett prinsipp og plikter for rettleiinga av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage og skole. Som ei oppfølging av prinsippa og pliktene har vi

- utvikla ei fagleg rettleiing om rettleiinga av nyutdanna, nyttilsette rettleiarar. Rettleiinga er digital og blei publisert på udir.no i mai 2019. Tilbakemeldingar frå den første perioden var i all hovudsak svært positiv. Innhaldet i rettleiinga blir jamleg gjennomgått, og nye innspel og eksempel blir vurderte.
- utvikla eit vidareutdanningstilbod for lærarar som skal rettleie studentar, nyutdanna og kollegaer. Tilbodet blir sett i gang hausten 2020 ved tolv lærarutdanningsinstitusjonar.
- i samarbeid med KD utvikla ei tilskottsordning til rettleiinga av nyutdanna i skolen. Tilskottet skal bidra til at skoleeigarane tar hand om ansvaret sitt for å ha rettleiingsordningar lokalt, og styrkje rettleiinga til den enkelte nyutdanna, nyttilsette læraren.
- sett i gang med ei evaluering som tar opp i seg korleis prinsippa og pliktene blir etterlevde, om prinsippa og pliktene skal reviderast og førast vidare, og om det er andre tiltak som bør setjast i verk som ein del av dei nasjonale rammene. Den første delrapporten kjem våren 2020.

Overgangen frå studiet til utøvinga av læraryrket blir for mange opplevd som ein krevjande overgang. Sjølv om vi tidlegare har sett i gang tiltak knytte til rettleiing, er vi ikkje i mål. Både Rambølls evaluering av rettleiingsordninga og TALIS 2018 viser at mange lærarar ikkje får rettleiing. Spesielt utfordrande er det å nå dei nyutdanna i vidaregåande opplæring. Det er eit stort behov for å utdanne rettleiarar, og det blir viktig å

følgje med på i kva grad dette blir prioritert. Dei nye tiltaka som er skisserte over, vil bli evaluert og følgt opp framover.

## **Styrkt samarbeid med UH-sektoren**

I fleire av dei mest sentrale verkemidla våre, som vidareutdanningsordningane og kompetanseordningane, er samarbeid med UH-sektoren avgjerande for resultatet. I 2019 etablerte vi ein ny møtearena mellom leiinga hos oss og leiarane i lærarutdanningane. Møtet skal vere ein arena der leiarane kan drøfte strategiske og overordna faglege utfordringar og verkemidla for å nå sektormåla for barnehagen og grunnsopplæringa med tanke på å gjere kvarandre betre for å nå sektormåla.

Vi deltar òg i andre nettverk, for eksempel i Universitets- og høgskolerådet – lærarutdanning, Nasjonalt forum for lærarutdanning og profesjonsutvikling, Nettverk for etter- og vidareutdanningsregionane, nettverk innanfor desentralisert ordning, nettverk for profesjonsfagleg digital kompetanse i lærarutdanninga og digitalisering av LU-prosjektet. Vi har hatt eit utstrekt samarbeid med UH-sektoren i fagfornyinga, både gjennom faglege ressursar og innhaldsproduksjon, som kompetansepakkane, og for å løfte fram fagfornyinga i desentralisert ordning for kompetanseheving. Sekretariatsfunksjonen for Faglig Råd for Lærarutdanning er lagd til Utdanningsdirektoratet. Rådet skal følgje opp målbildet og innsatsområda i *Lærarutdanning 2025 – Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane*.

## **Integrering av fagfornyinga i etter- og vidareutdanninga**

Fagfornyinga er ein integrert del av kompetanseutviklingstiltaka vi forvaltar og utviklar i dag, og blir løfta fram og diskutert på ei rekkje arenaer og i fleire forum. Dette skjer både gjennom etablerte samarbeid med UH-sektoren, med særleg vekt på lærarutdanningane, og med fylkesmannen og skoleeigarane. I konkurransegrunnlaga våre til UH-sektoren legg vi vekt på arbeid med fagfornyning og utvikling og styrking av profesjonsfellesskapa, som òg er viktige i arbeidet med nytt læreplanverk.

Informasjon og ressursar knytte til fagfornyinga har vore etterspurde, og utfordringa for oss har primært vore knytt til å prioritere arenaer for deltaking. Vi vurderer pågangen som positiv for det vidare arbeidet. Verksemda har prioritert ressursbruk for å dekkje den store etterspurnaden frå sektoren i førebuingane til å ta nytt læreplanverk i bruk.

## **Andre satsingar på kompetanseutvikling**

Strategiane Språkløyper og Tett på realfag blir avslutta i 2019.

Strategien *Språkløyper* er organisert som eit samarbeid mellom oss, Lesesenteret og Skrivesenteret. Vi har hatt hovudansvaret for tiltaket *Språkkommuner* der kommunar har fått midlar til å jobbe strategisk med språk, lesing og skrivning lokalt. Gjennom strategiperioden har vi hatt 75 språkkommunar frå alle fylke. Interesse var svært høg dei første åra, men i 2019 hadde vi berre tre språkkommunar. Nedgangen trur vi kjem av auka merksemd rundt den regionale og desentraliserte ordninga. Vi vurderer derfor at det er god timing på avslutninga av denne nasjonale satsinga. Barnehagelærarar og lærarane melder om endra praksis i

opplæringa. Barnehage og skole jobbar i mange tilfelle betre saman om overgangar, og det er betre samanheng mellom språkarbeidet som barnehagen og som skolen gjer. Det ser likevel ut til at det har vore utfordrande for mange kommunar å sikre forankring og å bevisstgjere alle i personalet om rolla deira som språk-, lese- og skrivelærarar. Evalueringa frå den nasjonale strategien kjem i 2020.

Strategien *Tett på realfag* har lagt til rette for strukturar og nettverk som støttar opp under arbeidet med realfag, eller har styrkt allereie eksisterande strukturar og nettverk. Vi har blant anna utvikla ei nettside med indikatorar, realfagsbarometeret og lagt til rette for lokal bruk av indikatorar gjennom Skoleporten. Strategien har òg støtta opp om eit ønske frå lærarane om å få til ei meir variert, elevaktiv og utforskande undervisning. Ulike behov og ulik motivasjon har medverka til ulike erfaringar med endringar i praksis ved skolane. For nokon var for eksempel nettverka viktige, og for andre var fagdagar på skolen viktige.

Barnehagane har opplevd det som positivt å bli inkluderte i eit tiltak som skolane òg er ein del av. Samtidig er det utfordrande å få til eit godt samarbeid med skolane om overgangen mellom barnehage og skole, der dei opplever at skolane er mest opptatte av vegen vidare for elevane. Barnehagane har òg knapt med fellestid for dei tilsette der erfaringar og idear kan delast. Det kan òg sjå ut som om utviklingssamarbeidet med UH-sektoren blir opplevd som betre for barnehagane enn for skolane.

NIFUs andre delrapport i evalueringa av strategien *Tett på realfag* peiker på at strategien har fått større gjennomslagskraft gjennom betre forankring fordi han har tatt utgangspunkt i behova til kommunane og erfaringar dei har frå samarbeidet med UH-sektoren i strategiarbeidet. Andre interessante funn er at talentsentera verkar å ha fungert godt. Sluttrapporten for strategien vil komme i 2021. Satsingane har fleire likskapstrekk med kompetansemodellen vi har i dag, og vi vurderer at erfaringane og evalueringane frå prosjekta vil vere nyttige i arbeidet vårt vidare.

---

*5) Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage og desentralisert ordning for skole og yrkesfag og oppfølgingsordningen.*

### **Mål 3: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket**

Regelverket er eit sentralt styringsverkemiddel på opplærings- og barnehageområdet. Dette speglar seg i omfanget av krav, plikter og rettar i for eksempel barnehagelova, opplæringslova og friskolelova med forskrifter. Vi veit blant anna frå NOU 2019: 23 Ny opplæringslov at sektorane opplever det som utfordrande å forstå og etterleve regelverket vi har i dag. Dette er ei utfordring vi har sett over mange år, som blant anna viser seg i tilsynsresultat og klagesaker som blir avgjorde i disfavour av kommunen.

Vi har fleire verkemiddel som samla og kvar for seg kan bidra til å støtte målet om at barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket. Vi bruker aktivt udir.no som formidlingskanal, men òg gjennom vedtak i klagesaker eller tilsyn er vi opptatte av å omtale regelverket



på ein måte som medverkar til at mottakarane forstår kva regelverket betyr for dei, og i den konkrete samanhengen.

## **Enkel formidling av regelverket**

Vi meiner at ein sentral føresetnad for å få barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter til å forstå og etterleve regelverket er at regelverket er tilgjengeleg for dei. Innhaldet i plikter og krav må vere kjent, og det må òg vere klart kva regelverket forventar. Vi er derfor opptatte av å formidle regelverket på ein enkel og tydeleg måte til dei som skal bruke det.

I 2019 har vi jobba med å målrette informasjonen til rettsbrukarane fordi vi meiner at rettsbrukarane har behov for ein annan type informasjon enn for eksempel elevar og foreldre.

I november 2018 lanserte vi nye regelverkssider – Regelverkstolkingar for barnehage og opplæring. I 2019 har vi utvikla sidene vidare. Vi har behalde informasjonen om regelverket på udir.no, men på ein meir overordna måte. På regelverkssidene publiserer vi tolkingar som er meinte for rettsbrukarane og andre som har behov for detaljert informasjon om regelverket. Vi meiner at dette skiljet er betre tilpassa behova til brukarane.

I januar 2019 publiserte vi informasjonsmateriell på udir.no for å støtte skolane i arbeidet med å informere elevar og foreldre om retten elevane har til eit trygt og godt skolemiljø. Sidan da og fram til midten av desember har denne nettsida hatt nærmare 24 000 sidevisningar. Det indikerer at mange brukarar har vore inne og sett kva materiell som er tilgjengeleg. Samla sett har over 5 200 sett nærmare på presentasjonen om nytt regelverk, plakaten retta mot elevane og informasjonsskrivet til foreldre. Desse tala fortel ikkje om skolane har lasta ned materialet og brukt det i arbeidet sitt med å informere elevar og foreldre.

## **Rettleiing av friskolar**

Vi har stilt opp på fleire samlingar arrangerte av ulike friskoleorganisasjonar for å informere om regelverket. Ved slik rettleiing tar vi utgangspunkt i dei områda som organisasjonane har bedt om rettleiing på. Samtidig nyttar vi anledninga til å rettleie om område der vi ser at regeletterlevinga erfaringsvis er svak. Dette er nyttige arenaer for å gi tilsette på skolane informasjon om sentralt regelverk og samtidig få innsikt i kva dei opplever som vanskeleg. Vi har hatt fleire møte med Friskolenes kontaktforum der regelverket er tema. Friskolenes kontaktforum representerer dei fleste friskolane i Noreg, og i møta tar medlemsskolane opp aktuelle problemstillingar. Vi vurderer at dette er viktige aktivitetar som bidreg til at skolane betre skal forstå krava i regelverket. Det gir oss òg innsikt i kva skolar og skoleeigarar er opptatte av.

## **Formidling av regelverket for elevar og foreldre**

Barn, unge og foreldre er ein viktig pådrivar for å sikre at regelverket blir etterlevd. Da må dei vite kva krav som regelverket stiller til skolar og barnehagar, og kva rettar dei har etter lova. Derfor er vi opptatte av å formidle regelverket til barn, unge og foreldre på ein måte og med eit innhald som er direkte retta mot dei. I kommunikasjonen vår med elevar og foreldre i klagesaker etter handhevingsordninga er vi for eksempel

opptatte av at dei skal forstå kva vedtaka betyr for dei. I arbeidet vårt som klageinstans for vedtak frå fylkesmennene i skolemiljø saker har vi lagt ned eit betydeleg arbeid med å brukarrette vedtaka våre.

For å gjere vedtaka våre meir tilgjengelege for elevar og foreldre har vi tatt ut alle tilvisingar til regelverket, forarbeid og liknande. Relevant regelverk har vi tatt inn i vedlegg til vedtaka. Det same gjeld tilvising til dokumentasjon og rettleiing til skolen om korleis tiltak som eventuelt er sette inn i saka, skal forståast. Vi er opptatte av klart språk og unngår bruk av framandord og vanskelege formuleringar. Det har òg vore viktig for oss å ikkje skrive for lange vedtak, men vere presise og tydelege. Tilbakemeldingar frå elevar og foreldre er at vedtaka våre har blitt enklare å forstå.

## **Digitale løysingar i formidlingsarbeid**

I formidlingsarbeidet er vi opptatte av at nye lovkrav blir formidla på ein brukarretta og lett forståeleg måte. I 2019 har vi i større grad utforska kva moglegheiter digitale løysingar gir på dette området. Vi er opptatte av å vektleggje behova til brukarane og tilpasse verkemidla våre til kvardagen deira. Vi vurderer at digitale løysingar kan bidra til dette.

I 2019 har vi derfor sett på alternative måtar å formidle regelverket på og korleis dette kan gjerast ved hjelp av teknologi. Det har resultert i eit utprøvningsprosjekt med ein test-chatbot som kan svare på spørsmål om skoleskyss. Fordelen med ei slik løysing er at vi kan tilpasse etter behovet til brukarane på rettsområde som genererer mange spørsmål til oss og fylkesmannen. Den neste fasen i dette utprøvningsprosjektet er brukartesting for å kunne finjustere og tilpasse chatboten slik at han blir mest mogleg brukarvenleg. Vi er spente på tilbakemeldingane på denne metoden for å kommunisere direkte med brukarane og ser for oss at slike løysingar kan ha eit stort potensial i regelverksformidlinga.

## **Intensiv opplæring for elevar frå 1. til 4. årstrinn**

Stortinget vedtok endringar i opplæringslova og friskolelova med verknad frå 1. august 2018. Vi har vore opptatte av å formidle kva denne endringa i praksis betyr for skoleeigar, skolen og for elevar som heng etter i lesing, skriving og rekning. Vi har jobba gjennom fleire ulike formidlingskanalar som udir.no og sosiale medium for å bidra til at endringane i regelverket blir formidla. Spesielt er vi i meir direkte kontakt med dei som lovendringa gjeld, gjennom sosiale medium. I tillegg har vi brukt eigenvurderingsverktøyet RefLex for å bidra til at regelverket blir forstått òg etterlevd. På nyåret vil vi følgje opp med ein forskingsartikkel som framhevar at intensivopplæring tidleg i opplæringsløpet verkar, til inspirasjon for skoleeigarar, skolar, elevar og foreldre.

Vi vurderer at desse tiltaka har medverka til å synleggjere lovendringa og kva denne i praksis betyr for alle dei partane ho vedkjem, slik at intensjonen med endringa blir oppfylt.

## **Vi jobbar gjennom fylkesmannen**

På rettssikkerheitsområdet er rettleiing i regelverket, klagesaksbehandling og tilsyn med barnehagemyndigheita og offentlege skoleeigarar delegerte til fylkesmannen. Måloppnåinga på dette

området er derfor avhengig av innsatsen frå fylkesmannen. For å gjere denne samanhengen tydelegare gav vi tilsvarande brukareffekt mål om regelverket som vårt eige til fylkesmannen i tildelingsbrevet for 2019. Årsrapportar for 2019 frå fylkesmannen ligg først føre 1. mars 2020.

Styringsparameterane knytte til avdekte brott på regelverket og talet på og utfallet i skolemiljøsaker vil vi derfor svare ut i samband med oppsummeringsrapporten med frist i slutten av april.

I 2019 hadde vi styringsdialogmøte med alle embeta med unntak av Nordland, som hadde felles styringsmøte på tvers av fleire fagdepartement samtidig. I møta presiserte vi at myndigheitsoppgåvene framleis er ei hovudoppgåve for fylkesmannen. I dialogen la vi vekt på at fylkesmennene i større grad må nytte tilsyn som eit proaktivt verkemiddel slik at regeletterlevinga blir betre på lovområde med høg risiko og der konsekvensen ved lovbrott er størst. Vi vurderer det slik at ei styrking av tilsyn som eit proaktivt verkemiddel på sikt òg vil kunne bidra til å redusere talet på klage- og handhevingssaker. Med tilsyn kan vi nå også dei som ikkje sjølv har kapasitet eller ressursar til å ta hand om interessene sine gjennom klageinstituttet. Tilsyn som blir gjennomførte på område med stor risiko, kan vere både førebyggjande og reparerende. I tillegg er tilsynet systemretta i natur og har dermed eit anna nedslagsfelt enn den individretta klageretten og handhevingsordninga. Klageinstituttet og handhevingsordninga er hovudsakleg reparerende og knytte til enkeltindivid.

Vi har i 2019 invitert fylkesmannen til dialog om bruken av tilsyn som verkemiddel. I løpet av året har vi òg brukt felles fagmøte med det nye og lågare talet på embete som ein arena for diskusjon og erfaringsutveksling.

### **Kompetansen barnehagemyndigheita har til å rettleie og føre tilsyn**

For å betre kompetansen til barnehagemyndigheita er vi avhengige av den innsatsen fylkesmannen gjer, fordi fylkesmannen har rettleiingsansvaret overfor kommunane. I 2018 gjennomførte vi ein omfattande rettleiingsrunde i samarbeid med fylkesmannsembeta der vi kommuniserte direkte til barnehagemyndigheita kva plikta til å gi rettleiing til barnehagane og plikta til å føre tilsyn inneber. På åtte av desse samlingane deltok vi saman med fylkesmannen. To embete gjennomførte utan oss, men nytta opplegget vårt i rettleiinga si. Dette var ein omfattande runde der vi treffe mange kommunar, og vi fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarane om at innhaldet var nyttig. Vi vurderer at denne innsatsen har betra den forståinga barnehagemyndigheita har av ansvaret sitt og pliktene sine som rettleiings- og tilsynsmyndigheit, og at dette vil få effekt i fleire år framover.

I tildelingsbrevet for 2019 gav vi eit særskilt krav til fylkesmannen om målretta og tilpassa regelverksrettleiing med auka bevisstheit på tilpassa rettleiinga ut frå behova til kommunane. Der barnehagemyndigheita ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å gi rettleiing eller føre tilsyn, skal fylkesmannen gi tilpassa rettleiing til kommunen slik at dei forstår korleis dei skal oppfylle pliktene sine. Eit anna alternativ for fylkesmannen er å føre tilsyn med pliktene til barnehagemyndigheita. Vi vil komme tilbake til dette i oppsummeringsrapporten for fylkesmannens arbeid i 2019.

## Ny regulering av private barnehagar

I 2019 har vi brukt mykje kapasitet på å svare ut løpande oppdrag og bidra inn i arbeidet departementet gjer med ny regulering av private barnehagar. I dette lovarbeidet har vi blant anna bidrege med å utarbeide tekst, kvalitetssikre og korrekturlese høyringsnotatet og sjølve proposisjonen. I tillegg har vi hjelpt til i samband med utlysingar av eksterne oppdrag for å innhente nødvendig kunnskapsgrunnlag. Ein konsekvens av dette er at vi har ikkje hatt tilstrekkeleg kapasitet til å følgje opp enkelte oppdragsbrev og å svare ut oppmodingsvedtak frå Stortinget. Dette blir forskyvt til 2020.

## Økonomisk tilsyn med private barnehagar

I vente på oppgåva med å gjennomføre økonomisk tilsyn med private barnehagar har vi sørgt for å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag som vi kan bruke i den vidare utviklinga av den nye oppgåva på barnehageområdet. Kunnskapsgrunnlaget er tidlegare sendt over til departementet. Med hjelp frå eit eksternt fagmiljø har vi utarbeidd ei oversikt over utfordringane vi må løyse for å handtere oppgåva på ein god måte. Dette inkluderer behovet for å vidareutvikle verktøy for risikovurdering og -handtering. Oppsummeringa peiker òg på andre initiativ vi må setje i verk for å førebu den nye tilsynsoppgåva vår på barnehageområdet, og gir eit godt utgangspunkt for den jobben vi må gjere i 2020.

Vi har òg begynt utgreiinga av forhold elles som må vere på plass for å overta den nye oppgåva. Eit større fagmiljø i Molde fordrar at vi får større lokale. I tillegg har vi starta oppgåva med å greie ut rekrutteringsgrunnlaget, slik at vi kan leggje ein plan for tilsetjingar til det nye fagmiljøet.

## Fleire og meir treffsikre tilsyn

For tilsyna våre med dei frittstående skolane har eitt av måla for 2019 vore å ha fleire og meir treffsikre tilsyn, blant anna ved å føre fleire mindre tilsyn baserte på konkrete risikovurderingar. Bakgrunnen for dette målet er at vi stadig ser ein stor udekt risiko for brott på regelverket. Derfor er det sentralt å bruke tilsynsressursane der dei kjem best til nytte.

I tillegg har vi vektlagt at tilsynsaktiviteten i særleg grad er retta mot utsette barn og unge. Dette er eit av Utdanningsdirektoratets strategiske satsingsområde i perioden 2018 til 2021. I 2019 har vi derfor opna og gjennomført fleire tilsyn enn i 2018 med tema som aktivitetsplikta skolen har for å sikre at elevane har det trygt og godt på skolen, og planlegging og gjennomføring av spesialundervisning.

Vi utarbeidde 48 førebelse tilsynsrapportar i 2019. 11 av disse tilsyna var stadlege og 37 skriftlege. Nedanfor følgjer ei oversikt over temaa vi opna tilsyn med i 2019:

- Styreansvaret
- Gjennomføring av elevundersøkinga
- Økonomiforvaltning
- Spesialundervisning
- Skolemiljø

- Spesialkompetanse
- Inntak
- Dagleg leiar og styreansvaret

Vi vil rapportere særskilt om erfaringane med val av tilsynstema og resultatane frå desse tilsyna i ein eigen rapport som vi leverer innan fristen 30. april 2020.

## **Handhevingsordninga**

For å bidra til at fylkesmennene praktiserer regelverket for skolemiljø og handhevingsordninga likt, har vi vore opptatte av å gi dei felles arbeidsverktøy gjennom oppdatert saksbehandlingsrettledning og publiserte tolkingsutsegner på FM-nett. Vi vil i tillegg dele kopiar av vedtaka våre i eit utval av klagesaker i skolemiljø saker som vi har behandla. Vedtaka kan vere ei kjelde til å forstå regelverket og vil bidra til lik regelverksutøving. I tillegg vil vedtaka våre kunne bidra til å gjere vedtaka frå embeta tilgjengelege for mottakaren, gjere dei tydelegare og gjerne kortare.

Skriftleggjing er ikkje nok for å sikre ein felles praksis, og temaet har derfor blitt tatt opp jamleg på felles fagmøte og fagsamlingar med fylkesmannsembeta. Tilbakemeldingar frå embeta tyder på at desse tiltaka har bidrege til meir einsarta og lik praksis av regelverket på skolemiljø og i forvaltninga av handhevingsordninga.

I 2019 har vi vore opptatte av at fylkesmannen må jobbe meir førebyggjande og systematisk opp mot skoleeigarar og skoleleiarar for å bidra til eit trygt og godt skolemiljø. Vi veit at embeta bruker mykje tid og ressursar på å melde saker gjennom handhevingsordninga. Vi forventar at det òg i 2019 vil vere hovudprioriteringa til embeta, da ei dreining mot å jobbe førebyggjande vil ta tid. I tildelingsbrevet for 2020 har vi derfor ført denne tilnærminga vidare.

## **Mål 4: Barnehageeigarar og skoleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skolane sine og overfor lærebedrifter**

Den viktigaste rolla vår i å styrkje arbeidet med kunnskapsbasert utvikling i sektorane våre er å støtte og rettleie det lokale nivået. Dette inneber å tilby informasjon og kunnskap det er behov for, og leggje til rette for enkel tilgang til relevant kunnskapsgrunnlag.

Vi vurderer det som viktig å auke bevisstheita og kompetansen til eigarane, barnehagane og skolane i analysearbeid. Premissen om at kompetansebehova bør definerast lokalt, blir godt mottatt på tvers av embeta og ordningane. Vi ser likevel i fleire av aktivitetane våre at ikkje alle aktørar i samarbeidsforumma har på plass system som sikrar at dette blir godt nok tatt hand om. Dette gjeld for eksempel i tilrettelegginga av det lokale utviklingsarbeidet gjennom kompetanseordningane. Vidare er det stor variasjon i kva kompetanse og prosessar eigarar, barnehagar og skolar har på dette feltet. Evaluering av arbeidet med kvalitet i barnehagesektoren viser òg at barnehagar vektlegg planleggings- og gjennomføringsaspekta ved det

pedagogiske arbeidet og i mindre grad bruker vurdering som utgangspunkt for vidare planlegging.

Eit verkemiddel for å styrkje analysekompetansen er å vektleggje dette i arbeidet til fylkesmannen. For 2020 har vi derfor i tildelingsbrevet for fylkesmannen eit mål om at alle barnehage- og skoleeigarar skal ha system for å kartleggje, analysere og vurdere kompetansebehov i verksemdene sine.

Store delar av kunnskapsgrunnlaget vårt bidreg indirekte til å utvikle sektorane gjennom at dei dannar grunnlaget for andre satsingar.

Vi vurderer det som viktig å gjere statistikken vi forvaltar, tilgjengeleg for sektorane så raskt som mogleg og leggje til rette for gode og effektive prosessar på barnehage- og skoleeigarnivå. Behovet departementet har for førebuing rundt aktuelle delar av kunnskapsgrunnlaget må sjåast opp mot behovet direktoratet har for å jobbe brukarretta og møte behova i sektorane.

### **Bruk av verktøya til og publiseringane frå direktoratet**

Udir.no er den viktigaste informasjonskanalen vår. I arbeidet vektlegg vi at det skal vere enkelt å finne informasjon og kunnskap sektorane har behov for. Vi har ikkje tal som seier spesifikt om dei som bruker nettsidene våre, er barnehageeigarar eller skoleeigarar. Samla sett hadde udir.no 11,5 millionar besøk og over 50 millionar sidevisningar i 2019.

Vi har tidlegare utvikla verktøy til bruk i kvalitetsarbeidet i barnehage og opplæring. Formålet har vore å gi alle aktørane i sektorane eit godt grunnlag for å kunne vurdere og utvikle kvaliteten innanfor ansvarsområda sine. Ei evaluering av kvalitet i barnehagesektoren frå Trøndelag Forskning og Utvikling viser at vi, saman med fylkesmannen, fremjar bruken av ressursar som kan hjelpe barnehagane i analysearbeidet deira. Samtidig er det i dag mange barnehagar som ikkje gjennomfører systematiske vurderingar som utgangspunkt for vidare planlegging. Tal frå Spørsmål til Barnehage-Norge i 2017 viste at 85 prosent av styrarane kjende til ståstadsanalysen. Vi vurderer at ståstadsanalysen er eit godt verktøy som barnehagane kan bruke i kvalitetsvurderingsarbeidet sitt. I evalueringa kjem det likevel fram at verktøya som inngår i *Kvalitet i barnehagesektoren*, i liten grad støttar opp om samhandlinga med andre aktørar i oppvekstfeltet. Dette gjeld aktørar som skolen, PPT, Statped, BUP, barnevern eller lokalsamfunnet elles. I tillegg gjer sjukefråvær, turnover og mangel på tid det vanskeleg å få til systematisk vurdering som utgangspunkt for vidare planlegging av det pedagogiske arbeidet. Hausten 2018 til våren 2019 var det omkring 440 barnehagar som brukte ståstadsanalysen for barnehagar.

Målet med det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet i opplæringa er å få kunnskap om læringsresultat, gjennomføring og læringsmiljø, slik at opplæringa kan bli betre. Skoleporten er eit viktig verktøy der vi legg til rette for at skoleeigarar og skoleleiarar skal få enkel tilgang til relevante og pålitelege tal for eiga eining. 600 skolar har brukt ståstadsanalysen i Skoleporten 2019.

Skolebidragsindikatorar skal gi skoleleiarar og skoleeigarar ein indikasjon på kva skolen bidreg med til resultatane elevane får. I 2019 har vi publisert skolebidragsindikatorar for grunnskolar for første gongen. Vi ser

at desse tala har vore etterspurde, og dei er dei klart mest besøkte tala i Skoleporten. Vi har òg publisert tal for vidaregåande skolar. Desse blei publiserte første gongen i 2018. Denne typen indikatorar får mykje merksemd. Vi ser at det er ei utfordring at indikatoren er kompleks, og at skoleeigarar og -leiarar opplever at det er vanskeleg å forstå kva tala betyr, og korleis dei kan takast i bruk i utviklingsarbeidet. Dette blir forsterka av at det har vore stor interesse for tala frå media. Skolar og skoleeigarar får i dag tilgang på tala samtidig som media, og vi ser at det er utfordrande for dei med negative resultat å forstå og forklare kva dette eigentleg betyr. Vi vil jobbe vidare med å synleggjere og gjere tilgjengeleg rettleiingar og anna støttemateriell som forklarar kva indikatorane er, og korleis dei kan brukast. Vi ventar med vidare utvikling til anbefalingane frå ekspertgruppa ligg føre.

For å styrkje det lokale arbeidet med kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling har vi gitt fylkesmannen ei tydelegare rettleiarrolle gjennom å leggje nye oppgåver knytte til lokalt arbeid med kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling i verksemds- og økonomiinstruksen deira. I samband med dette har vi halde to møte der dei fleste embeta har deltatt, for å bidra til samanheng i arbeidet deira.

Gjennom brukarundersøkingar får elevar, lærlingar, vaksne i grunnopplæringa, lærarar, instruktørar og foreldre i barnehagen og i skolen seie meninga si om læring og trivsel. Brukarundersøkingane våre gir nyttig informasjon til policyutvikling, men dei er òg verktøy som gir eit godt grunnlag for at barnehage- og skoleeigarar skal kunne bruke informasjonen om eiga verksemd i utviklingsarbeidet sitt.

Brukarundersøkingane har hatt nærmare 500 000 besøk i 2019 og har hatt 1,8 millionar sidevisningar. Fylkesmannen har i 2019 hatt eit eige oppdrag om å leggje til rette for og gjennomføre aktivitetar som støttar skoleeigarar i oppfølginga av resultatata frå brukarundersøkingane, med vekt på lokale analysar og bruk i kvalitetsarbeidet. Oppsummeringa av dette arbeidet er ikkje klar enno.

### **Tidsseriar i kvalitetsvurderingssystemet blir påverka av kommune- og regionreforma**

I det lokale arbeidet med kvalitetsvurdering er barnehage- og skoleeigarar opptatte av utviklinga over tid. Endringar i kommunar og fylke frå 1. januar 2020 påverkar statistikkane og tidsseriane våre. Vi har i 2019 gått breitt ut for å informere brukarane våre og samarbeidspartnarar om konsekvensane. Blant anna vil tidsseriar avsluttast for geografiske kommunar og fylke som forsvinn, og starte for geografiske kommunar og fylke som kjem. Vi har bestemt at vi ikkje vil produsere nye årgangar med statistikk frå utgåtte kommune- og regionstrukturar eller reaggregere eldre årgangar på ny kommune- og regionstruktur. Tal for underliggjande einingar blir ikkje påverka av endringane.

### **Korleis sektorane bruker kunnskapsgrunnet**

Vi har høg aktivitet knytt til kunnskapsgrunnet. Vi har òg i 2019 utvikla og publisert ei rekkje statistikkpubliseringar, analysar og forskings- og evalueringsrapportar. For å enkelt gjere kunnskapsgrunnet med statistikk, forskning, rapportar og analysar tilgjengeleg, har vi ein eigen inngang på [udir.no](http://udir.no) for dette. Sidene har i 2019 hatt 523 000 besøk og 2,1 millionar sidevisningar.

Sektorane våre har blant anna behov for tilpassing, oversikt og hjelp til å sjå samanhengar og å omsetje kunnskap til handling. Vi har tidlegare peika på at kunnskapen vi innhentar og publiserer, ikkje blir analysert

og formidla i tilstrekkeleg grad. I 2019 har vi vurdert korleis vi kan tenkje nytt og strategisk om formidlinga av kunnskap. For at vi skal kunne formidle kunnskapen betre, ser vi blant anna at vi bør sjå forsking og statistikk i samanheng med erfaringsbasert kunnskap og behova til brukarane. Vi jobbar samtidig med å effektivisere statistikkproduksjonen og anskaffingane våre av forsking og evalueringar, slik at vi kan bruke meir ressursar på analyse og formidling av kunnskapsgrunnlaget.

Tidlegare brukarundersøkingar har vist at brukarane ønskjer seg ein meir einskapleg og oversiktleg inngang til statistikk, indikatorar, analysar og verktøy. Med utgangspunkt i dette har vi i 2019 jobba vidare med å vurdere konkrete løysingar. Vi planlegg å lansere eit nytt og meir brukartilpassa verktøy for formidlinga av kunnskapsgrunnlaget vårt i 2021.

Det har vore noko høgare aktivitet knytt til igangsetjing av større evalueringar, som vi forventar at vil gi resultat på lengre sikt. Mykje ressursar går til å danne kunnskapsgrunnlag for politikktutviklinga til departementet. Dette gir ein indirekte effekt for barnehageeigarar og skoleeigarar. I tillegg blir kunnskapsgrunnlaget vårt brukt i eige utviklingsarbeid som er omtalt andre stader i årsrapporten. For å bidra til at barnehageeigarar og skoleeigarar arbeider kunnskapsbasert, er innsatsar knytte til kompetanseutvikling som er omtalt under brukareffekt mål 2 sentralt.

### **Fleire heilskaplege forskings- og evalueringssoppdrag**

Vi har i 2019 sett i gang større evalueringar av lærarnorma, fagfornyninga og ny kompetansemodell. I tillegg har vi andre store forskingsprosjekt i gang på skole- og barnehagefeltet. Desse større prosjekta vil bidra til eit meir heilskapleg kunnskapsgrunnlag. Samtidig stiller større evalueringar høgare krav til forskingsmiljøa og til oss som oppdragsgivar. Større og meir komplekse utlysingar krev meir tid til å gjennomføre anskaffingane og at vi har kapasitet og kompetanse til å gjennomføre og følgje opp desse prosessane.

Eit stort omfang av evalueringar har i 2019 ført til kapasitetsutfordringar både hos oss og i forskingsmiljøa. Dette har blant anna ført til få kvalifiserte tilbydararar i enkelte utlysingar, og vi har derfor eksempelvis valt å utsetje evalueringa av seksårsreforma. For å sikre at vi har god tilgang til god forskingskompetanse, har vi retta meir merksemd mot planlegginga. Særleg legg vi større vekt på å sjå utlysingar av forskingsoppdrag i samanheng. Vi har òg vore opptatte av å vurdere rammeavtalar der det er fornuftig, for å effektivisere anskaffingsprosessar.

### **Vidareutvikling av digitale tenester for karriererettleiing**

Prosjektet med å vidareutvikle digitale tenester for karriererettleiing på utdanning.no saman med Kompetanse Noreg er utsett med eitt år. Oppgåva blir overført til Kompetanse Noreg frå 1. januar 2020.

## **Mål 5: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar**



Skole- og barnehageeigarar og leiarar har gjort grep som er i tråd med nasjonale føringar, som ny rammeplan for barnehagane, fokus på digitale ferdigheiter og profesjonsfagleg digital kompetanse i skolen, og regjeringas digitaliseringsstrategi for grunnsopplæringa. Vi ser ei positiv utvikling i digital praksis og kompetanseheving. Skole- og barnehageeigarar prioriterer i større grad heilskapleg, med både infrastruktur og utstyr, i tillegg til heving av digital kompetanse. Vi ser framleis store variasjonar mellom kommunanes modenskap på digitaliseringsfeltet. Det som er felles for digitalt modne kommunar er at dei gjennom fleire år hatt ei pågåande heilskapleg satsing når det gjeld digitalisering av skole og barnehage. Dei digitalt modne kommunane har utvikla strategi- og plandokument som kommuniserer ein visjon for den pågåande innsatsen.

Utdanningsdirektoratet jobbar gjennom alle verkemidla våre for å bidra til at barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar. Det betyr at vi jobbar gjennom støtte- og rettleiingsverkemidla våre, gjennom forvaltninga av regelverket og gjennom innhenting og formidling av kunnskapsgrunnlaget.

### **Støtte til opplæring i digital kompetanse og bruk av IKT i undervisninga**

I 2019 har vi jobba med støtte til opplæring i digital kompetanse og pedagogisk bruk av IKT. For eksempel har vi utarbeidd kompetansepakkar knytte til teknologi, programmering og algoritmisk tenking i samband med innføringa av nye læreplanar. Vi meiner dette er nødvendig for å støtte sektoren i å nå målsettingane med fagfornyninga.

Gjennom oppdragsbrevet om den teknologiske skolesekken er det fleire tiltak og verkemiddel som skal bidra til at elevar får kunnskap om og forståing for teknologi og tilgang til gode digitale hjelpemiddel. For eksempel er overgangen til Feide 2.0 og etableringa av ei nettløysing for å synleggjere digitale læremiddel med på å støtte målet om tilgang på gode digitale hjelpemiddel.

Utdanningsdirektoratet har òg hjelpt departementet i å utarbeide nasjonale retningslinjer for barnehage- og skoleeigarar om førebygging, skjerming og handtering av tilgang til alvorleg skadeleg innhald gjennom digitale einingar. Desse retningslinjene vektlegg ansvaret skoleeigaren har for sikkerheita og personvernet til barn og unge. Vi meiner det er viktig å gjere det tydeleg kva ansvar skoleeigaren har på dette området, fordi førebygging, skjerming og handtering av skadeleg innhald på nett føreset organisatoriske grep, rutinar, retningslinjer og opplæring i samband med bruken av digitale einingar i undervisninga og administrasjonen.

### **Anskaffing av teknologiske fellesløysingar til administrative oppgåver**

Vi har i 2019 jobba med løysingar som skal gjere det enklare for sektorane å ta i bruk teknologiske løysingar og jobbe meir digitalt. Feide 2.0 er eit eksempel på dette. Denne tenesta stimulerer til auka innovasjon gjennom å leggje til rette for trygg innlogging, sikker datadeling og der personvernet er tatt vare på. Eit anna eksempel er anskaffinga av nytt prøvegjennomføringssystem. Formålet med denne anskaffinga er å få eit nytt system for gjennomføringa av prøvar som støttar ambisjonane ved fagfornyninga og gir anledning til nye eksamensformer. Det er òg eit mål å få ei løysing som lettar dei administrative delane av eksamensgjennomføringa, for eksempel i form av automatisert retting og ei digitalisert

eksamensgjennomføring.

## **Verkemiddelbruk for å bidra til at sektorane utnyttar moglegheita digitaliseringa gir**

Vi jobbar gjennom alle verkemidla våre for å bidra til at sektorane utnyttar moglegheitene digitaliseringa gir. I tillegg har vi omtalt ei rekkje tiltak og innsatsar under andre brukareffekt mål som òg bidreg til å støtte dette målet. Vi viser i denne samanhengen til omtalen av den nye læreplanvisninga under brukareffekt mål 1. Formidling gjennom Udir.no er eit anna eksempel. Vi viser til omtalen av informasjon på Udir.no under for eksempel brukareffekt mål 3 og 4. Utvikling av eit brukartilpassa verktøy for å formidle kunnskapsgrunnlaget vårt, som er omtalt under brukareffekt mål 4, er eit anna eksempel.

## **Digital praksis i skolar og barnehagar**

Monitor 2019 gir ei deskriptiv kartlegging av den digitale tilstanden i norske barnehagar og skolar. Vidare analysar og formidling er forseinka og vi vurderar vidare prosessar i 2020.

## **Behov innan informasjonssikkerheit og personvern**

Vi ser at barnehage- og opplæringssektoren har eit klart behov for auka kapasitet og kompetanse knytt til anskaffing, informasjonssikkerheit og personvern. Behovet er aktualisert gjennom ein stadig meir digital portefølje i grunnopplæringa. Monitor 2019 peiker òg på at skolar og barnehagar har behov for betre rutinar for risikovurdering av kritiske IKT-system.

Vi er opptatte av å sikre at personvernområdet blir tilstrekkeleg tatt hand om på barnehage- og grunnopplæringsområdet. Som nasjonalt fagorgan for barnehage og grunnopplæring kan vi bidra med generell rettleiing for regelverket vi forvaltar, og for verktøya som vi har ansvaret for. Samtidig er det skole- og barnehageeigarane som har ansvaret for å sikre informasjon, personopplysningar og gode anskaffingsprosessar.

I 2018 og 2019 hjelpte vi departementet i å greie ut om behovet for endringar i barnehagelova, opplæringslova, friskolelova, folkehøgskolelova og vaksenopplæringslova kapittel 4 som følgje av personvernforordninga og ny personopplysningslov.

I tida som kjem, vil vi vurdere korleis vi i større grad kan bruke støtte- og rettleiingsressursane våre til å støtte digitaliseringa av grunnopplæringa. Dette kan for eksempel dreie seg om rettleiing knytt til dei regelverksområda der undervisningspersonalet kjem i kontakt med personopplysningar. Områda der elevar har individuelle rettar, som skolemiljø, spesialundervisning, og individuell tilrettelegging elles, peiker seg særleg ut i denne samanhengen. Kompetanseheving for skoleleiarar, barnehagestyrarar og undervisningspersonalet i samband med etter- og vidareutdanning kan vere eit anna område der det er nærliggjande å vurdere ein forsterka innsats i tida framover. Det kan òg vere behov for ytterlegare kunnskapsgrunnlag.

## **Digitaliseringsstrategien for grunnopplæringa**

Digitaliseringsstrategien for grunnsopplæringa har tiltak knytt til både elevens læring, kompetanse hos lærarane samt infrastruktur.

Gjennom nye læreplanar etter fagfornyninga, den teknologiske skolesekken, kompetanse for kvalitet og Yrkesfaglærarløftet bidreg direktoratet til å støtte digitaliseringsstrategien for grunnsopplæringa.

Av dei 29 tiltaka som skal gjennomførast i strategiperioden er 13 tiltak allereie gjennomført og resterande tiltak er i prosess; primært gjennom fagfornyninga, den teknologiske skolesekken, kompetanse for kvalitet og yrkesfaglærarløftet. Av dei sju tiltaka som varer ut over strategiperioden er det to område som framleis peikar seg ut som utfordrande. Det eine er å sikre at alle kandidatar frå lærarutdanningane har profesjonsfagleg digital kompetanse. Det andre er å sikre at alle tilbod om vidareutdanning for lærarar byggjer opp under læraranes profesjonsfaglege digitale kompetanse.

### **Vidareutvikling av Feide**

Feide er ein sentral del av den nasjonale infrastrukturen for digitalisering i skolen, og satsinga støtter opp under digitaliseringsstrategien for grunnsopplæringa. I 2019 hadde Feide rundt 180 millionar innloggingar totalt. Det er ein 2 prosent auke frå 2018. Etter kommunesamanslåingane per 1. januar 2020 har 328 av 356 kommunar oppgradert til skjema 2.0. På fylkesnivå har 4 av 11 fylkeskommunar oppgradert til skjemaversjon 2.0. Samla har aktivitetane og tiltaka våre sikra at over 90 prosent av alle kommunar og fylkeskommunar i dag nyttar skjemaversjon 2.0. Ved at fleire oppgraderer, vil dei få betre tenester som følgje av at tenesteleverandørsida kan arbeide med den nyaste teknologien og funksjonaliteten i løysinga. Arbeidet med Feide er eit viktig bidrag til sikker identitetsforvaltning i sektorane og bidreg òg til å ta hand om personvernet på ein god måte. Det finst i overkant av 600 tilgjengelege tenester som er knytte til Feide

Vi arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle Feide. For å sikre at det er tilgang til den nyaste tilgjengelege funksjonaliteten, og at det er denne som blir brukt, har vi i 2019 spesielt lagt vekt på oppgradering til skjemaversjon 2.0. Dette arbeidet har skjedd gjennom kontakten med og oppfølginga av kommunar, fylkeskommunar, friskolar og systemleverandørar. I tillegg lyste vi ut ei tilskottsordning der kommunane og fylkeskommunane kunne søkje om midlar til å oppgradere. For å vere til hjelp med tanke på informasjonsbehovet i denne prosessen har vi deltatt på ei rekkje konferansar der vi har møtt dei forskjellige målgruppene for Feide.

### **Utvikling av profesjonsfagleg digital kompetanse hos tilsette i barnehagen og grunnsopplæringa i samarbeid med UH-sektoren**

Vi utviklar profesjonsfagleg digital kompetanse hos tilsette i barnehagen og skolen i samarbeid med UH-sektoren, som omtalt under brukareffekt mål 2. På denne måten kan vi bidra med kunnskapen vår om barnehage- og opplæringsområdet samtidig som UH-sektoren kan utforme føremålstenlege tilbod i samsvar med behova på barnehage- og opplæringsområdet.

Vi ser at ei viktig avveging er å vurdere i kva grad vi skal vektleggje eigne tilbod om profesjonsfagleg digital kompetanse mot å integrere dette i tilboda elles. Kunnskapsdepartementet har gitt oss koordineringsansvar

for å følgje opp fem utvalde lærarutdanningar i 2018–2020. Lærarutdanningane har fått ressursar for å arbeide med å heve den profesjonsfaglege digitale kompetansen til dei tilsette og studentane på grunnskolelærarutdanninga. I samarbeid med Diku arrangerte vi midtvegsseminar hausten 2019 for å dele erfaringar, spreie kunnskapen om profesjonsfagleg digital kompetanse og planleggje arbeid vidare.

Utdanningsdirektoratet koordinerer eit nasjonalt nettverk i samarbeid med lærarutdanningsinstitusjonane for å bidra til implementeringa av profesjonsfagleg digital kompetanse. I 2019 arrangerte vi to samlingar med workshops der til saman 160 lærarutdannarar, studentar og praksislærarar frå alle lærarutdanningane kunne dele erfaringar og spreie kunnskapen.

I tillegg koordinerer vi eit nettverk for dei lærarutdanningane som har etablert eller er i ferd med å etablere nye innovative læringsrom. Dette gjer vi for å utvikle ein praksis rundt studentaktiv læring kopla til utviklinga av profesjonsfagleg digital kompetanse. Saman med spreingsarbeidet til lærarutdanningane elles bidreg dette til auka kunnskap og kompetanse om dette i lærarutdanningane.

Vi viser òg til omtale av lærarspesialistordninga og vidareutdanning under brukareffekt mål 2.

### **Nytt system for gjennomføring av prøvar og eksamen gir nye moglegheiter**

Ny teknologi gir nye moglegheiter, også på prøve- og eksamensfeltet. Prosjektet for ny gjennomføringsløyning vil gi oss fleire moglegheiter, blant anna gjere det mogleg med andre oppgåvetypar enn vi har i dag, og etter kvart med adaptive prøvar. Vi vurderer at det er særleg på eksamensfeltet at det nye prøvegjennomføringssystemet vil gi nye moglegheiter samanlikna med dagens løysing.

Prosjektet vil bidra til at vi oppfyller krava om universell utforming av eksamens- og prøveløysingane. Gitt at prosjektet no er i gjennomføringsfasen, er det førebels for tidleg å vurdere resultata, men prosjektet er i rute og varer ut 2021.

Teknologiske moglegheiter er nødvendige, men ikkje tilstrekkelege for å vurdere elevanes kompetanse på fleire måtar enn i dag. Endringar på dette området krev òg at vi tar i bruk moglegheitene på ein god måte for både prøver og eksamenar. Dette blir beskrive nærmare under brukareffekt mål 1. Desse diskusjonane blir viktige for å realisere det potensialet som ligg i ny teknologi. Det er viktig at vi klarer å utnytte teknologien på ein god måte også sett frå ein vurderingsfagleg ståstad.

I 2019 har vi i samarbeid med Kompetanse Noreg greidd ut om det er mogleg med fellesbruk av løysingane våre for gjennomføringa av Kompetanse Noregs prøvar. Utgreiinga er oversend til departementet.

### **Systematisering og spreing av god praksis, erfaring og forskning om pedagogisk bruk av teknologi i barnehagar og skolar**

Kompetanseportalen er eit sentralt tiltak for å spreie god praksis som òg når breitt ut. Ved inngangen til februar 2020 var det registrert om lag 50 000 brukarar frå i overkant av 3 000 skolar. Denne nettbaserte tenesta er laga for tilsette i skolar og barnehagar. Innhaldet i kompetansepakane blir utarbeidde av UH-institusjonar i samarbeid med direktoratet. Kompetansepakane er ressursar for skolebasert

kompetanseutvikling som skal brukast på skolen, og er ikkje tenkte som reine nettkurs. Konseptet med kompetansepakkar er godt forankra hos partane i fagfornyinga.

Det er etablert eit nettverk på tvers av lærarutdanningar og skolar for å vidareutvikle digital praksis gjennom etableringa av teknologirike klasserom. Direktoratet bidreg her til å spreie god praksis innanfor programmering og algoritmisk tenking.

Sommaren 2019 blei det sett i gang eit arbeid for å få belyst, og konkretisert, kva som kan liggje i omgrepet god pedagogisk praksis innanfor bruken av digital teknologi, digitale læringsressursar og digitale læremiddel. Elleve eksempel blir sette ut ifrå perspektivet til eleven, læraren, skoleleiaren, kommunane og fylkeskommunane. Rapporten blei publisert i mars 2020.

### **Tilskottsordningar som støtter opp under digitalisering i læringsarbeid**

I 2019 etablerte vi ei ny tilskottsordning der kommunane kan søkje om tilskott til kjøp av digitale læremiddel. Både læremiddelbransjen, KS og Utdanningsforbundet har vore involverte i prosessen. Vi har fått signal frå bransjen om dei er nøgde med dette tiltaket. Vi vurderer at tilskottsordninga har hatt ein positiv effekt på marknaden for slike læremiddel. Den omtrentlege fordelinga mellom eigendelen og tilskottet ligg på høvesvis 60 og 40 prosent.

Vi fekk 50 søknader til tilskottsordninga for utvikling av innovative digitale læremiddel i 2019. I utveljingsprosessen prioriterte vi adaptivitet og læringsanalyse. Målsetjinga med ordninga er å gi elevar og lærarar tilgang til eit mangfald av innovative digitale læremiddel av høg kvalitet. Vi ser at tilskottsordninga bidreg til at fleire utviklarar frå EdTech-bransjen søker om midlar til nyskapande digitale læremiddel. Det bidreg til eit større mangfald.

Tilskottsordninga for utstyr til programmering dekkjer utstyr til bruk i undervisning, men har òg stimulert skolane til å gjennomføre kompetansehevingstiltak for lærarane. I 2019 fekk vi 235 søknader. Det er eit krav i ordninga om at kommunane må gjennomføre og dokumentere kompetansehevingstiltak blant lærarar i programmering. Vurderinga vår er at ordninga aukar bevisstheita rundt programmering og algoritmisk tenking og slik sett støttar opp under innføringa av nye læreplanar. Vi ser samtidig at kapasiteten i vidareutdanningstilboda på desse områda er knapp samanlikna med etterspurnaden.

Tilskotta til Vitensenter har òg medverka til auka kompetanse i algoritmisk tenking og programmering. Sentera har ein ambisjon om å nå alle elevar på 6. trinn i heile landet innan 2022. Arbeidet har komme godt i gang.

Vi meiner tiltaka knytte til tilskottsordningane har fungert godt og støttar opp under måla om at barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeidet. Vi opplever å få søknader godt utover dei finansielle rammene for ordningane. Dette gjer det mogleg for oss å prioritere, men kan òg tyde på eit behov for å vurdere om rammene bør utvidast.

## **Del IV Styring og kontroll i verksemda**

### **Styring og internkontroll**

#### **Overordna vurdering av styringa**

Styringa av verksemda tar utgangspunkt i verksemds- og økonomiinstruksen, det årlege tildelingsbrevet med supplerande tildelingsbrev og oppdragsbrev gjennom året. Plan- og budsjettprosessen for direktoratet følgjer eit fast årshjul som er tilpassa etatsstyringsprosessane frå departementet. Det blir arbeidd godt med internkontroll på område som tilskottsforvaltning, oppfølging av lover og forskrifter, HMS og sikkerheit og beredskap. Vi har rutinar og prosessar som skal førebyggje uønskte hendingar og set inn tiltak ved auka risiko. Direktoratet har gode rutinar for økonomikontroll internt.

Tilstanden for styring og kontroll i 2019 er samla sett vurdert som god.

For nærmare rapportering om tilskottsforvaltninga til direktoratet og om styringa av underliggjande verksemdar viser vi til eigne rapportar til departementet med frist 30. april 2020.

#### **Styring og kontroll av oppdragsporteføljen**

Direktoratet har gode rutinar for å ta imot og handtere oppdraga frå departementet. Alle oppdraga blir vurderte av leiinga før dei blir fordelte i organisasjonen og går inn i den samla oversikta over oppdragsporteføljen. Denne oversikta omfattar sidan 2018 alle pålagde oppgåver frå departementet: faste oppdrag, oppdrag som er gitte i tidlegare år, og som framleis er i gang, og oppdraga for året. Alle oppdraga er knytte opp mot brukareffektmåla til direktoratet frå tildelingsbrevet for å sikre ein god samanheng mellom aktivitet og mål.

Utdanningsdirektoratet gjennomfører tertialvise risikovurderingar med utgangspunkt i forventningane frå departementet for året og enkelte faste oppdrag som er under endring. Vurderinga omfattar heile organisasjonen: avdelingar, divisjonar/stab og leiing. Organisasjonen blir beden om å løfte fram vesentlege risikoar knytte til den samla måloppnåinga til direktoratet. Vi identifiserer moglege risikoar og vurderer kva toleranse for risiko som er akseptabel. Deretter utarbeider vi ei oversikt over risikonivåa, som gjer det enklare å velje kva risiko det bør setjast i verk tiltak for (risikostyring).

#### **Risikovurdering i 2019**

Dei identifiserte risikoområda på verksemdsnivå er melde inn til departementet, og det er gjort greie for tiltaka og statusen for dei områda som blei melde inn i 1. tertial i rapporten for 2. tertial 2019.

Dette er område som har hatt stor merksemd i organisasjonen i 2019, og tiltak er sette inn. Fleire av desse områda vil krevje løpande merksemd frå leiinga inn i 2020 òg, idet dei handlar om balansen i og utviklinga av Udirs portefølje framover.

#### **Spesielt om oppfølging av område med auka risiko melde inn 2. tertial**

Område	Oppfølging og status
Organisering, flytting av arbeidsplassar	Vi har i løpet av 2019 jobba med gjennomføringa av fleire organisatoriske endringar knytte til utflytting av arbeidsplassar og overføring av oppgåver til andre statlege verksemder. Gjennomføringa har gått som planlagt. Udir vil framover òg stå overfor ytterlegare endringar. Vi arbeider kontinuerleg med å handtere slike endringar på ein best mogleg måte. Openheit og tydeleg kommunikasjon og einskapleg leiing er sentralt i dette arbeidet.
Utfordringar knytte til Udires nasjonale register pga. kommune- og fylkesreforma	Den 1. januar 2020 blei talet på fylke i Noreg redusert til 11 og talet på kommunar til 356. Dette har noko å seie for ressursbruk, datainnhentingar, publiseringstidspunkt og statistikkpresentasjon i direktoratet. Kommunereforma er no gjennomført, og «volumet av endringar» er unnagjorde for NXR sin del. Risikoen er vurdert som låg.

## Utvikling av styring og kontroll

Kunnskapsdepartementet har i dei siste åra gjennomført eit prosjekt for å utvikle styringa mot større effektivitet i styringa og ei meir overordna styring.

Dette har resultert i ny struktur på og balanse mellom instruks og tildelingsbrev frå 2020, noko som dannar eit utgangspunkt for arbeidet med oppdraga og for utviklinga av både etats- og verksemdsstyringa.

Vi meiner at vi arbeider systematisk for å sikre god måloppnåing og ressursutnytting. Vi ser samtidig eit potensial for å oppnå større heilskap og samanheng i styringa, noko vi ønskjer å sjå nærmare på i den vidare utviklinga av verksemdsstyringa.

## Styring av underliggjande verksemder

Utdanningsdirektoratet styrer fylkesmannen i samsvar med styringssystemet som Kommunal- og moderniseringsdepartementet innførte frå 2016. I 2019 har vi vore opptatte av å framheve rettssikkerheitsområdet som hovudprioriteten til fylkesmannen og gjere dei felles måla våre tydelege. Dette har vi framheva i styringsdialogen blant anna på felles etatsstyringsmøte og i enkeltvise styringsmøte. Embetssamanslåinga medførte eit behov for tettare oppfølging enn vanleg, og vi gjennomførte derfor styringsmøte via Skype med alle embeta. Vi vurderer at dette er ei pragmatisk løysing for informasjonsutveksling og dialog og eit nyttig supplement til dei ordinære styringsmøta. I tillegg har vi følgd opp enkeltembete tettare der det har vore behov for det. 2019 har vore prega av ein open og konstruktiv dialog om kva utfordringar embeta står overfor.

Udir har hatt ansvaret for styringa av Statped i 2019. Det er ikkje gjort vesentlege endringar i styringa dette året. Frå 1. januar 2020 overtar Kunnskapsdepartementet styringa av Statped.

Udir har ansvar for styringa av den statlege samiske opplæringsverksemda. Desse består av styret for dei samiske vidaregåande skolane, Karasjok og Kautokeino og Åarjelsamien vierhtiesåafoe / Sørsamisk kunnskapspark. I styringsdialogen med verksemda inngår tildelingsbrev, supplerande tildelingsbrev, rapportering og eitt årleg etatsstyringsmøte i tillegg til kontaktmøte ved behov. Vi har hatt eitt etatsstyringsmøte og eitt kontaktmøte med kvar av dei to verksemdene i 2019.

Styret for dei samiske vidaregåande skolane blei utnemnt 1. august 2017 med to års funksjonstid. Inntrykket Udir har, er at styret fungerer godt. Gitt dei utviklingsoppgåvene skolane står overfor med tanke på innføringa av nye læreplanar og ny struktur for yrkesfag, blei det sett på som fornuftig å føre dagens styre vidare for ein ny 2-årsperiode. Styret blei derfor vidareført med den daverande samansetjinga si frå 1. august 2019 til 30. juli 2021.

## **Arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap**

Formålet med arbeidet med sikkerheit og beredskap er at verksemda har system og kompetanse til å arbeide førebyggjande, planfast og med evne til å avdekkje og handtere uønskete hendingar. Direktoratet har utarbeidd rettleiingar, beredskapsplanar og informasjonssikkerheitspolicy som beskriv roller og ansvar. Desse er tilgjengelege og gjorde kjende i verksemda og ligg til grunn i sikkerheitsarbeidet. Det er gjort jamlege tiltak for å auke sikkerheitskompetansen og sikkerheitskulturen i verksemda.

I 2019 hadde verksemda tilsyn på arbeidet med samfunnssikkerheit frå Kunnskapsdepartementet. I tilsynsrapporten blei det beskrive at Udir har etablert gode system rundt sikkerheit og beredskap, og at verksemda har ein god sikkerheits- og risikokultur. Det blei òg gitt tilbakemelding på nokon område der verksemda bør vidareutvikle leiingssystemet for informasjonssikkerheit og bruken av risiko- og sårbarheitsanalysar. Dette blir det arbeidd vidare med i 2020.

## **Risikovurderingar**

Verksemda har i 2019 utarbeidd risiko- og sårbarheitsvurderingar (ROS-vurderingar) knytte til samfunnssikkerheit og informasjonssikkerheit. ROS-vurderingane er gjennomførte for å identifisere uønskete hendingar og minimere risiko for at desse skal skje. Handlingsplanen som er utarbeidd på grunnlag av ei heilskapleg ROS-vurdering, er delt med Kunnskapsdepartementet. Verksemda har planlagt å vidareutvikle arbeidet med heilskaplege risiko- og sårbarheitsvurderingar til i større grad å vurdere hendingar innanfor ulike kategoriar – både tilsikta og utilsikta menneskelege handlingar og naturhendingar.

## **Rutine for å handtere uønskete digitale hendingar**

Rutinen for å handtere uønskete digitale hendingar blei revidert i 2019 for å lette tilgjenget til og forbetre rapporteringa for å melde om uønskete hendingar. Rutinen gjer det blant anna tydeleg at alle avvik som involverer personopplysningar, skal, i samsvar med GDPR, rapporterast til Datatilsynet innan 72 timar. Formålet med avviksbehandlinga er å lukke avviket så raskt som mogleg, avgrense eventuelle skadar, opprette normaltilstanden på ny og hindre at det skjer igjen.



## Øvingar

Utdanningsdirektoratet jobbar systematisk med øvingar. I 2019 blei det gjennomført ei beredskapsøving for å øve støttefunksjonane. Målet var å øve støttefunksjonane på rollene, ansvarsforståinga og samarbeidet deira med krisestaben i ein krisesituasjon. Øvinga blei evaluert for å avdekkje forbetringstiltak. Forbetringstiltaka ble identifiserte og blir følgde opp i samsvar med handlingsplanen etter øvinga. Handlingsplanen er delt med Kunnskapsdepartementet.

## Organisasjon og omstilling

Vi har gjennomført fleire endringsprosessar også i 2019. Erfaringa frå desse prosessane er at verksemda er robust og leveransedyktig. Det er openheit i organisasjonen og eit godt samarbeid med dei tillitsvaldte.

I 2019 har Utdanningsdirektoratet oppbemanna kontora i Tromsø og på Hamar som ein konsekvens av arbeidet med å flytte ut 20 stillingar i 2018, og det er oppretta ei ny avdeling på Hamar.

Avdelinga for karriererettleiing ble verksemdsoverdregen til Kompetanse Noreg, og 20 medarbeidarar i Tromsø blei overførte. Avdelinga for karriererettleiing er avhengig av krevjande teknisk infrastruktur, og dette stilte krav til særleg tett samarbeid mellom Kompetanse Noreg og Utdanningsdirektoratet i fasen fram til verksemdsoverdraginga. Direktørane for begge verksemdene hadde jamlege møte med Kunnskapsdepartementet. Det blei i tillegg oppretta ei samordningsgruppe der relevante leiarar frå Kompetanse Noreg og Utdanningsdirektoratet møtte partane etter omstillingsavtalen jamleg for informasjon og drøfting. Nye lokale i Tromsø er ikkje klare for innflytting før i juni 2020, og Avdelinga for karriererettleiing blir i Utdanningsdirektoratets lokale fram til flyttinga. Det er laga ein avtale mellom verksemdene knytt til økonomi i denne perioden.

Det er gjennomført ei verksemdsoverdraging knytt til arbeidet med yrkesgodkjenning, og to medarbeidarar er overførte til Nokut frå 1. januar 2020.

Utdanningsdirektoratet rapporterte om høg turnover i 2018. Det var høg turnover første halvåret 2019 òg. Siste halvåret var turnoveren tilbake på det same låge nivået som i åra før fusjonen.

Det blei gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking våren 2019. Undersøkinga viste at Utdanningsdirektoratet har eit godt arbeidsmiljø og medarbeidarar som trivst.

Utdanningsdirektoratet jobbar systematisk og målretta for å sikre eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette. HMS-handboka vår legg til rette for at arbeidet med arbeidsmiljø, helse og sikkerheit blir tatt hand om i samsvar med krav i lover og forskrifter.

I Utdanningsdirektoratet er 62,9 prosent av dei tilsette kvinner og 37,1 prosent menn (per 31.12.2019). I toppleiinga er det fem kvinner og tre menn. Vi har 23 avdelingsdirektørar med prosentvis fordeling 62 og 38 prosent kvinner og menn (per 31.12.2019).

## Kommunikasjon

Kommunikasjonsverksemda i Utdanningsdirektoratet har grovt sett ei tredeling i nett, sosiale medium og mediebasert kommunikasjon. Vi har ein nokså stor nettstad med 11,5 millionar besøk og 51 millionar sidevisningar årleg. Nettbruken viser framleis jamn vekst, slik som sosiale medium, men viktigare er det at vi nyttar dei tre kanalane enda meir bevisst og koordinert.

Arbeidet med formidling av fagfornyinga viser korleis effektiv sektorkommunikasjon i stor grad har gått frå den tradisjonelle formidlinga via medium til direkte, brukarorientert formidling, kombinert med verkøy og funksjonar som er brukande for brukarane.

Eit omfattande prosjekt for å vise innhaldet og moglegheitene i dei nye læreplanane på nett blei sett i gang etter ei inngåande brukarinvolvering. Visninga hadde premiere på udir.no 18. november og er blitt svært godt tatt imot i sektoren. Visninga kan brukast som ein tradisjonell, lineær presentasjon av læreplanane, men den berande ideen er at den enkelte læreplanen skal presenterast med langt større vekt på heilskap og samanheng i faget og med ulike ressursar tilkopla.

I kommunikasjon med brukarar i sektoren kom ønsket frå mange om å få utvikla eit verkøy for lærarar i planlegginga av undervisninga der planane kunne delast med andre lærarar og med elevar. Dette arbeidet er ikkje avslutta, men prototypar har vekt stor interesse i sektoren.

Saman med det nettbaserte arbeidet har vi brukt sosiale medium på ein aktiv måte for å informere, motivere, be om innspel og – i form av ei eiga gruppe for arbeidet til lærarane med fagfornyinga – etablere ein arena for erfaringsutveksling. Dette arbeidet har hatt stor spreiding i sektoren, og den positive mottakinga av fagfornyinga kan vanskeleg tenkjast utan dei ulike verkemidla for kommunikasjon.

Dei aller siste åra har Kunnskapsdepartementet ønskt å stå for formidlinga av langt meir av det innhaldet som blir produsert av direktoratet på statistikkområdet, og av studiar og evalueringar som direktoratet hovudsakleg gjer via oppdragstakarar i UH-sektoren. Det har medført ei markant endring i formidlingsaktiviteten til direktoratet på dette området. Utdanningsdirektoratet er eit direktorat som bruker mykje tid på framstilling og publisering av kunnskapsgrunnlaget på nettsidene våre. I 2019 har direktoratet brukt vesentleg mindre tid til initiativ mot media samanlikna med tidlegare. Likevel går det mykje tid til rettleiing av journalistar og andre som rettar seg til direktoratet med spørsmål.

## Offentlege innkjøp

Det er i løpet av 2019 lyst ut 48 konkurransar. Dette er ein liten auke frå 2018. Statens innkjøpscenter har tatt seg av fleire fellesavtalar for staten, noko som fører til færre konkurransar hos oss. Vi har interne rutinar for å følgje opp sentrale og eigne føringar for innkjøp.

## Eit framtidsretta arkiv

Direktoratets arkiv fekk i 2019 ein pris for «Årets arkiv» frå Norsk Arkivråd, som gjennom denne prisen heidrar

arkiv og stimulerer til utvikling. Arkivet i Udir fekk prisen for eit framtidretta arbeid med arkivroboten Bertil. Juryen peikte òg på ein god delingskultur som kan bidra til at kunnskap og erfaringar blir spreidde til andre.

## **Fellesføringar**

### **Inkluderingsdugnaden**

Alle faste stillingar i Utdanningsdirektoratet blir kunngjorde offentleg. I annonseteksten står det at Utdanningsdirektoratets arbeidsstyrke i størst mogleg grad skal spegle mangfaldet i befolkninga, og at personar med minoritetsbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppfordra til å søkje.

I 2019 har vi hatt ei særskild merksemd på eventuelle søkjarar med høl i CV-en på minst 2 år. Vi har etablert gode rutinar for å identifisere aktuelle kandidatar og kalle inn til intervju. Det er få søkjarar i denne kategorien, og i dei tilfella der vi har sett at dei har høl i CV-en på minst 2 år, har ikkje kandidaten blitt vurdert som kvalifisert til den stillinga som det er søkt på.

### **Tiltak for å motverke arbeidslivskriminalitet**

Utdanningsdirektoratet stiller krav til lønns- og arbeidsvilkår i alle innkjøpa. Leverandørane må fylle ut eigenerklæringsskjema der dei bekreftar at dei følgjer gjeldande lover og forskrifter.

I tillegg krev vi av leverandørar i utvalde bransjar at dei leverer lønnslistar med informasjon om tilsette som jobbar hos oss. Dette må dei levere til oss minimum to gonger per år.

## **Del V Vurdering av framtidsutsikter**

Vi skal bidra til at alle barn, meistarar, lærarar og trives på skolen og i barnehagen. Som direktorat er vår oppgave å bidra til dette gjennom våre virkemidler som regelverk og tilsyn, kompetanseutvikling, støtte og veiledning og kunnskapsproduksjon og formidling. Høye ambisjoner kombinert med krav til effektivisering og avbyråkratisering krev kontinuerlig vidareutvikling av våre arbeidsprosesser og virkemidler. Våre prosesser og produktar skal kjennetegnes av at vi tar utgangspunkt i brukernes behov og utfordringar, at vi jobber saman med andre for å finne gode løysningar, og at vi utnyttar teknologien der den gir muligheter for effektivisering og økt kvalitet.

### **Partnerskap og samordning blir viktigere for å sikre trivsel og læring for alle barn og unge**

Ikke alle barn og unge trives og meistarar i norske barnehager og skoler. Vi må vidareutvikle våre virkemidler slik at vi i enda større grad fanger opp de som ikke trives og meistarar og setter i verk nødvendige tiltak. For å sikre gode overganger mellom barnehage og skole, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinn og vidaregåande samt gjennomføring i vidaregåande må vi samarbeide på tvers av forvaltningsnivåer og sektorer.

Vi vet at samarbeid på tvers i og mellom sektorer er avgjørende for å lykkes med tidlig innsats og gjennomføring i videregående opplæring. Samarbeid og samordning på tvers kan styrke kvalitet og bidra til bedre måloppnåelse. Vi er fortsatt i en tidlig fase når det gjelder å ta i bruk potensialet som ligger i økt samarbeid mellom sektorer. Vi ser behov for å etablere nye modeller for samarbeid og partnerskap. Å få til bedre tverrsektorielt samarbeid vil kreve at de ulike sektorene prioriterer dette arbeidet, at vi omstiller oss og tar i bruk nye arbeidsmåter.

## **Alle barn skal lære og mestre**

Vi har viktige oppgaver i å støtte barnehager og skoler i deres arbeid med å utvikle gode praksiser i tråd med rammeplan og nye læreplaner slik at alle barn kan mestre og lære. Gjennom digitale visninger og verktøy legger vi til rette for aktiv bruk av rammeplan og nye læreplaner i barnehager og skoler. Vi har gjennom et tett samarbeid med lærere, ledere, barnehager, barnehageeiere, skoler og skoleeiere utviklet støtteressurser og kompetanseutviklingstilbud som skal støtte sektorene i deres arbeid med å ta rammeplan og nye læreplaner i bruk.

Vi er tettere på barnehagene og skolene i deres arbeid med innføring av rammeplan og læreplan. Vi ser at åpne og inkluderende prosesser knyttet til utvikling av rammeplan, læreplaner og støtteressurser bidrar til felles eierskap og verktøy som treffer behovene i barnehager og skoler. I årene fremover må vi fortsette dette arbeidet sammen med alle aktører i barnehage og skole for å sikre at virkemidlene våre utvikler seg i takt med brukernes behov og bidrar til økt læring og mestring hos barn og unge. Samtidig erfarer vi gjennom en slik prosess hvor mye ressurser som kreves av alle som er involvert for å nå ambisjonene som er satt. Det kan derfor være til ettertanke hvor mange endrings- og utviklingsprosesser det er rimelig å forvente at sektoren har kapasitet til å håndtere, samtidig som også hverdagen skal gå sin gang.

I begge sektorer er det store variasjoner i behov og kapasitet. Vi må særlig rette innsatsen mot dem som har størst utfordringer og færrest ressurser når vi innretter og utformer virkemidler og tiltak.

Nye læreplaner skal legge til rette for dybdelæring og bedre støtte til elevene i deres læring. Vi må i årene fremover videreutvikle våre verktøy som gir informasjon om elevenes læring, slik at de enda bedre støtter lærerne i deres undervisningspraksis og bidrar til å fange opp elever som trenger ekstra oppfølging så tidlig som mulig. Videreutvikling av kartleggingsprøver, nasjonale prøver og eksamen er sentralt i dette arbeidet. Ny digital gjennomføringsløsning vil gi oss muligheter for å understøtte og synliggjøre en større bredde i elevenes kompetanse i årene fremover.

## **Dyktige skoleledere, styrere og lærere**

De som jobber med barn og unge i våre sektorer har meget stor betydning, og kompetente skoleledere, styrere og lærere er viktig for at alle barn og unge skal ha tilgang på et trygt og likeverdig tilbud av høy kvalitet. Den store satsingen på videreutdanning av lærere og ledere kombinert med barnehage- og skolebaserte kompetansetiltak, vil også fremover være sentrale virkemidler for å sikre at tilsatte i barnehage og skole har oppdatert og relevant kompetanse.

Erfaringene så langt viser sterk interesse for kompetanseutvikling blant lærere og ledere samtidig som også kommunene prioriterer kompetanseutvikling høyt. Dette er et godt utgangspunkt både for å sikre bred deltakelse i kompetansetilbudene fremover og for å sikre kompetanseutvikling som følger innføringen av nye læreplaner. I årene fremover må vi arbeide videre med å utvikle og synliggjøre sammenhenger mellom de ulike kompetansetiltakene, samt initiere gode prosesser for å vurdere kvaliteten i tilbudene.

## **Kunnskap som grunnlag for utvikling**

Vi er en viktig kunnskapsprodusent for Kunnskapsdepartementets arbeid med politikkutforming i våre sektorer. Vi vet mer enn noen gang før, men vi må fortsette arbeidet for å tette kunnskapshull for å sikre kunnskapsbasert videreutvikling av barnehager og skoler.

Vi vet at det å gjøre informasjon og kunnskap tilgjengelig ikke er tilstrekkelig for å skape ønskede endringer. Vi ser at skreddersydde løsninger tilpasset bestemte målgrupper er det som i størst grad tas i bruk som grunnlag for kvalitetsutvikling i barnehager og skoler. For å støtte barnehager og skoler i å drive kunnskapsbasert utviklingsarbeid, må vi i større grad forenkle og legge til rette for å hente inn tall og formidle relevant forskning i tilknytning til dette. Vi vil i årene fremover i dialog med brukerne vurdere hva slags kunnskap og verktøy som vil gi best støtte for det lokale utviklingsarbeidet og videreutvikle våre verktøy i den retningen. For å lykkes med dette må vi bli flinkere til å formidle kunnskapsgrunnlaget, utvikle og tilgjengeliggjøre brukervennlige verktøy for lokal analyse og vise hvordan kunnskapen kan tas i bruk.

Våre ordninger for kompetanseutvikling krever at alle barnehager, skoler, kommuner og fylkeskommuner, gjennom samarbeid med universiteter og høyskoler, tar ansvar for, og aktivt bruker sitt kunnskapsgrunnlag for å identifisere sine behov for utvikling. Vi må i årene fremover utvikle våre virkemidler slik at de i større grad bidrar til gode prosesser for analyse av kompetansebehov lokalt, herunder synliggjøre hvordan kvalitetsvurdering og ulike verktøy for dette kan styrke deres analyser.

## **Digitale og brukertilpassete verktøy**

Brukermedvirkning og digitalisering av tjenester krever endringer i prosesser og leveranser som utfordrer våre roller og ansvarsdeling. Mange av våre virkemidler er helt eller delvis digitale og medfører i mange tilfeller at vi når brukerne våre mer direkte enn tidligere. Teknologiutviklingen og digitalisering av produkter og tjenester trekker også i retning av at vi som direktorat forventes å ta et ansvar der utvikling av sentraliserte tjenester er mer effektivt enn å utvikle lokale tjenester. Dette kan igjen utfordre tradisjonelle budsjett- og ansvarslinjer. Slike utfordringer må vi være villige til å diskutere i fellesskap i årene fremover.

Vi har i 2019 utviklet og lansert flere tiltak som har barnehage- og skoleeiere som målgruppe. Ny, digital visning av læreplanene og digitale kompetansepakker er utviklet til støtte for skoleledere og lærere i arbeidet med å ta i bruk nytt læreplanverk med utgangspunkt i tilbakemeldinger om behov og våre erfaringer fra tidligere læreplanreformer. Nettressurs om tiltak i skolemiljø saker ble utviklet med utgangspunkt i innspill fra sektor og kvalitetssikret av eksperter på feltet, og har samme målgruppe. Det har vært stor interesse for disse tiltakene. Det stiller krav til oss som statlig virksomhet å balansere våre tilbud med ansvaret og autonomien

til den enkelte barnehage- og skoleeier.

Arbeidet med ny opplæringslov vil fremover stille store krav til kapasitet, kompetanse og forståelse i sektor. Vår oppgave blir å forberede og støtte sektor, formidle hva kravene i det nye lovforslaget innebærer, bidra til at kommunene forstår hvilke plikter de har og bidra til at nytt regelverk blir innført og etterlevd. I dette arbeidet er vi opptatt av å vektlegge brukernes behov og tilpasse våre virkemidler til deres arbeidshverdag. Gjennom digitale løsninger har vi mulighet til å gjøre slike tilpassinger på en effektiv og brukervennlig måte. Vi er allerede godt i gang med å utvikle slike hjelpemidler og har tro på at det vil bidra til målet om at regelverket blir formidlet, forstått og etterlevd.

## **Del VI Årsrekneskapen 2019**

### **Ledelseskommmentar til årsregnskapet 2019**

#### **Formål**

Utdanningsdirektoratet ble opprettet i 2004 og er underlagt Kunnskapsdepartementet.

Utdanningsdirektoratet er et ordinært statlig forvaltningsorgan som fører regnskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsregnskapet.

Utdanningsdirektoratet skal bidra til å nå sektormålene for barnehagen og grunnopplæringen i Prop. 1 S (2018–2019) for KD. De overordnede sektormålene for barnehagen og grunnopplæringen skal danne grunnlaget for prioritering av faglige mål og områder, og for utvikling av nye tiltak eller virkemidler.

Utdanningsdirektoratet har etatsstyringsansvar for det statlige spesialpedagogiske støttesystemet (Statped) og for de samiske videregående skolene som gir opplæring etter opplæringsloven. Utdanningsdirektoratets styringsansvar innebærer blant annet å utarbeide styringsdokumenter, tildele midler, sørge for styringsdialog og vurdere måloppnåelse.

#### **Bekreftelse**

Årsregnskapet er avlagt i henhold til bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 fra Finansdepartementet og krav fra Kunnskapsdepartementet i virksomhets- og økonomiinstruks for økonomiforvaltningen i Utdanningsdirektoratet. Vi mener regnskapet gir et dekkende bilde av Utdanningsdirektoratets disponible bevilgninger, regnskapsførte utgifter, inntekter, eiendeler og gjeld.

#### **Vurderinger av vesentlige forhold**

Utdanningsdirektoratet har samlet disponert tildelinger på utgiftssiden på kr 14 777 396 000.

Etter fullmakt fra Finansdepartementet har vi utgiftsført betalt merverdiavgift på kapittel 1633 Nettoordning statlig betalt merverdiavgift, post 01 driftsutgifter med kr 91 924 709.

Utgifter på kr 11 792 948 023 gjelder tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten.

Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet utgjør kr 1 029 449 189. Av dette utgjør lønn og sosiale kostnader 34,5 prosent og andre utbetalinger til drift 65,5 prosent. Vi viser ellers til note 2 og 3.

Utdanningsdirektoratet har totale inntekter rapportert til bevilgningsregnskapet på kr 22 970 663. Av dette utgjør 74,7 prosent tilskudd og overføringer fra andre statlige virksomheter, og 25,3 prosent er salgs- og leieinnbetalinger.

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen viser en del avvik mellom regnskapsførte utgifter og samlet tildeling, se kolonne for Merutgift (-) og mindreutgift. Dette har en naturlig forklaring fordi de vesentlige avvikene skyldes tildelinger og fullmakter som er gitt til andre statlige virksomheter i samsvar med tildelingsbrevet fra Kunnskapsdepartementet.

I tillegg har det vært noen mindre avvik mellom tildelte midler på utgiftssiden og regnskapsførte utgifter, som går fram av note B. Utdanningsdirektoratet søker om overføringer innenfor 5-prosentregelen og med henvisning til stikkordet «kan overføres».

### **Vurderinger av endringer fra 2018 til 2019**

Bevilgningsrapporteringen viser at vi ikke hadde noen inntekter på refusjon av ODA-godkjente utgifter. Dette skyldes at refusjon av ODA-godkjente utgifter i 2019 ble refundert fra Utenriksdepartementet til Kunnskapsdepartementet og ikke til Utdanningsdirektoratet. ODA-godkjente utgifter gjelder tilskudd til opplæring av barn og unge som søker opphold i Norge.

Utbetalinger til lønn har økt med ca. 8 prosent fra 2018 til 2019. Årsaken til dette skyldes i all hovedsak økte utgifter til honorarer, styrer, råd og utvalg. Dette er relatert til læreplanarbeid i forbindelse med fagfornyelsen. Vi viser til note 2.

Utdanningsdirektoratet hadde en nedgang i utgifter til husleie fra 2018 til 2019. Dette skyldes at vi deler av 2018 hadde leieutgifter til gamle lokaler for Senter for IKT i utdanningen. I tillegg har Utdanningsdirektoratet fått reduserte leieutgifter i 2019 som følge av reforhandlede husleieavtaler. Vi viser til note 3.

Utbetaling til investeringer viser en reduksjon fra 2018 til 2019 på kr 5 403 854 som skyldes en større oppgradering av datautstyr i 2018. Vi viser til note 5.

### **Tilleggsopplysninger**

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekrefter årsregnskapet for Utdanningsdirektoratet. Årsregnskapet er ikke ferdig revidert per d.d., men revisjonsberetningen antas å foreligge i løpet av 2. kvartal 2020. Beretningen er unntatt offentlighet fram til Stortinget har fått Dokument 1 fra Riksrevisjonen, men vil bli publisert på udir.no så snart dokumentet er offentlig.

Oslo, den 15. mars 2020

Hege Nilssen  
direktør



**Hege Nilssen**  
Utdanningsdirektoratet

## Prinsippnote til årsregnskapet

Årsregnskapet for Utdanningsdirektoratet er utarbeidet og avlagt etter nærmere retningslinjer fastsatt i bestemmelser om økonomistyring i staten (bestemmelsene). Årsregnskapet er i henhold til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, i nærmere bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsatt av overordnet departement.

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen og artskontorrapporteringen er utarbeidet med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 – de grunnleggende prinsippene for årsregnskapet:

- a. Regnskapet følger kalenderåret
- b. Regnskapet inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for regnskapsåret
- c. Utgifter og inntekter er ført i regnskapet med brutto beløp
- d. Regnskapet er utarbeidet i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingen av bevilgnings- og artskontorrapporteringen er utarbeidet etter de samme prinsippene, men gruppert etter ulike kontoplaner. Prinsippene korresponderer med krav i bestemmelsene punkt 3.5 til hvordan virksomhetene skal rapportere til statsregnskapet. Sumlinjen «Netto rapportert til bevilgningsregnskapet» er lik i begge oppstillingene.

Utdanningsdirektoratet er tilknyttet konsernkontoordningen i Norges Bank i samsvar med krav i bestemmelsene punkt 3.7.1. Ordinære forvaltingsorgan (bruttobudsjetterte virksomheter) tilføres ikke likviditet gjennom året, men har en trekkrettighet på sin konsernkonto. Ved årets slutt nullstilles saldoen på den enkelte oppgjørskonto ved overgangen til nytt år.

### Bevilgningsrapporteringen

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen omfatter en øvre del med bevilgningsrapporteringen og en nedre del som viser beholdninger virksomheten står oppført med i kapitalregnskapet. Bevilgningsrapporteringen viser regnskapstall som Utdanningsdirektoratet har rapportert til statsregnskapet. Det stilles opp etter de kapitler og poster i bevilgningsregnskapet som Utdanningsdirektoratet har fullmakt til



å disponere. Kolonnen samlet tildeling viser hva Utdanningsdirektoratet har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrevet for seg og underlagte virksomheter, for hver kombinasjon av kapittel/post. Oppstillingen viser alle finansielle eiendeler og forpliktelser Utdanningsdirektoratet står oppført med i statens kapitalregnskap.

Mottatte fullmakter til å belaste kombinasjonen av kapittel/post i en annen virksomhet (belastningsfullmakter) vises ikke i kolonnen for samlet tildeling, men er omtalt i note B til bevilgningsoppstillingen. Utgiftene knyttet til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsregnskapet, og vises i kolonnen for regnskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkludert i kolonnen for samlet tildeling, men bokføres og rapporteres ikke til statsregnskapet fra Utdanningsdirektoratet selv. Avgitte belastningsfullmakter bokføres og rapporteres av virksomheten som har mottatt belastningsfullmakten, og vises derfor ikke i kolonnen for regnskap. De avgitte fullmaktene kommer fram i note B til bevilgningsoppstillingen.

### Artskontorrapporteringen

Oppstillingen av artskontorrapporteringen har en øvre del, som viser hva som er rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter, og en nedre del, som viser eiendeler og gjeld som inngår i mellomværende med statskassen. Artskontorrapporteringen viser regnskapstall Utdanningsdirektoratet har rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter. Utdanningsdirektoratet har en trekkrettighet på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingene er ikke inntektsført og derfor ikke vist som inntekt i oppstillingen.

## Årsregnskap for Utdanningsdirektoratet 2019 med tabeller

[Årsregnskap for Utdanningsdirektoratet 2019 med tabeller \(pdf\)](#)

## Vedlegg

### BRUKAREFFEKT MÅL 1

Særskild aktivitet	Kjelde	Tidsrom	Status
Hausten 2019 førebui ei vurdering av alle kompetansetiltaka som no blir gjennomførte for å byggje gode barnehage- og skolemiljø utan mobbing, irekna vurdere plassen mobbeprogramma har i kompetansearbeidet. Arbeidet skal sjåast i samanheng med alle tiltaka som no blir gjennomførte knytt til arbeidet med læringsmiljø og mobbing.	Tb	2019	er i gang
Følgje opp Stortingets innstilling 317 S (2017–2018), vedtak II, der Stortinget ber regjeringa setje i gang ei ekstern evaluering av forholdet mellom intensjonane og prinsippa for skolestart for seksåringar, slik dei	Tb	2019	er i gang

blei uttrykte i Reform 97, samanlikna med dagens situasjon for seksåringane i skolen. Oppdraget skal bidra til å styrkje kunnskapsgrunnlaget om dei minste barna i skolen. Oppdraget blir utført i dialog med departementet og må ta utgangspunkt i at Udir utarbeider eit forslag til ulike måtar å svare på problemstillingane på, inkludert vurdering av kostnad.			
I samarbeid med fylkeskommunane følgje opp løyvinga til faget yrkesfagleg fordjuping. Blant anna skal direktoratet sikre eit tett og systematisk samarbeid mellom skolane og bedrifter slik at alle elevar i yrkesfaglege løp får tilbod om praksisplass.	Tb	2019	er i gang
Delta i og bidra til samarbeidet på direktoratsnivå om oppfølginga av Opptappingsplan mot vald og overgrep frå regjeringa. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet koordinerer samarbeidet. I 2019 skal arbeidet med ein nasjonal kompetansestrategi mot vald og overgrep særleg prioriterast.	Tb	2019	er i gang
Bidra til oppfølging av Kunnskapsdepartementets tiltak i den kommande strategien for den sosiale mobiliteten til barn som Barne-, familie- og likestillingsdepartementet har hovudansvaret for å utarbeide.	Tb	2019	avslutta
<b>Inkluderingsdugnaden 1:</b> Det blir lagt opp til eit styrkt samarbeid mellom Utdanningsdirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet om dette i 2019. Utdanningsdirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet skal finne fram til nye samarbeidsstrukturar for tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne, med utgangspunkt i eksisterande modellar for opplæring. Arbeidet må sjåast i samanheng med forsøka med modular i utvalde lærefag for vaksne og innføringa av nytt opplæringstiltak i NAV.	Tb	2019	er i gang
<b>Inkluderingsdugnaden 2:</b> Utdanningsdirektoratet og Kompetanse Noreg skal saman med Arbeids- og velferdsdirektoratet og Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet leggje til rette for auka deltaking i modulforsøka på grunnskolenivå og vidaregåande nivå. Kompetanse Noreg skal ta ansvaret for å koordinere arbeidet. Forsøka skal gi eit samordna tilbod på tvers av sektorane ved at modulane skal kunne nyttast av deltakarar i vaksenopplæringa, i ordningane under introduksjonslova og av deltakarar i opplæringstiltak i regi av Arbeids- og velferdsetaten. Ei samordning av opplæringstilbod for vaksne skal hindre tilbod som er parallelle og/eller overlappar, og sørge for fleksibel opplæring tilrettelagd for vaksne i ulike livssituasjonar.	Tb	2019	er i gang
Pilotar for meir inkluderande praksis i barnehagar, skole og SFO – del 1	Ob 10	2019	er i

			gang
Om felles retningslinjer i saker om personar over 18 år som står i fare for å bli etterlatne i utlandet mot sin vilje	Ob 20	2019	er i gang
Fornya felles oppdragsbrev til AVdir, Bufdir, Hdir, Imdi og Udir om 0–24-samarbeidet	Ob 21	2019	er i gang
Om vidareutvikling av minoritetsrådgivarordninga	Ob 22	2019	er i gang
Om utvikling av verktøy for kartlegging av norskkunnskapane til barn	Ob 23	2019	er i gang

## BRUKAREFFEKT MÅL 2

Særskild aktivitet	Kjelde	Tidsrom	Status
Vurdere fleksible løysingar for å kvalifisere tilsette i skolen som er ukvalifiserte, og tiltak for å kvalifisere fleire lærarar til å undervise i 1.–4. trinn på grunnskolen, jf. oppdragsbrev 06-18	Tb	2019	er i gang
Direktoratet skal òg vurdere å styrkje ordningane for lærarar som ikkje har fått stipend- eller vikarordning eller ikkje er tilsette i skolen, slik at dei kan få vidareutdanning innanfor Kompetanse for kvalitet.	Tb	2019	er i gang
Innhente informasjon om avtalar for tilsetjing av skoleleiar/rektor i tråd med Stortingets oppmodingsvedtak nr. 883 (2017–2018)	Tb	2019	avslutta
Etablere og implementere ei ny desentralisert ordning for etterutdanning på yrkesfag. Målgruppa skal vere lærarar som underviser i yrkesfag, instruktørar i bedrift og prøvenemnder. Etterutdanningstilboda skal utviklast i samarbeid mellom skoleeigar og aktuelle tilbydarar (som bedrifter, fagskolar og universitets- og høgskolesektoren).	Tb	2019	er i gang
Sørgje for at etter- og vidareutdanninga bidreg til å implementere fagfornyninga på ein god måte	Tb	2019	er i gang
Utviding av modulforsøka for opplæring av vaksne på vidaregåande nivå. Tillegg til oppdragsbrev nr. 12-16.	Ob 2	2019	er i gang
Styrkje teiknspråk i skole og barnehage	Ob 14	2019	er i gang
Om utforming av eit system for kompetansebygging for det spesialpedagogiske støttesystemet	Ob 15	2019	er i gang

## BRUKAREFFEKT MÅL 3

Særskild aktivitet	Kjelde	Tidsrom	Status
Innhente relevant kunnskapsgrunnlag om korleis regelverket for krav til stadleg leiar i barnehagar blir praktiserte i barnehagesektoren, jf. oppmodingsvedtak nr. 801 (2017–2018)	Tb	2019	Inkludert i Spørsmål til Barnehage-Norge. Rapporten vil liggje føre i februar 2020.
I dialog med departementet følgje opp oppmodingsvedtak nr. 803 (2017–2018): «Stortinget ber regjeringen tydeliggjøre forventningene til innkalling av vikarer i kommunale barnehager og at alle relevante kostnader til vikarbruk tas med i regnskapet til kommunene.»	Tb	2019	Utsett til 2020, er i gang
Saman med departementet komme fram til rapporteringsrutinar for saker knytte til handhevingsordninga (jf. oppl. § 9 A-6)	Tb	2019	avslutta
Bidra i arbeidet departementet gjer med regelverket for etablering og finansiering av private barnehagar, bruk av offentlege tilskott, foreldrebetaling og tilsynssystemet, bl.a. ved å utarbeide høyringsnotat	Tb	2019	er i gang
1) Utarbeide forslag til endringar i forskrift til opplæringslova for å oppheve unntaket som i dag gjeld ved tilsetjing av lærarar utan formell pedagogisk kompetanse til opplæring av vaksne. 2) Vurdere om innføring av studiepoeng for fagskoleutdanning gjer tolkinga av regelverket for kompetansekrava for lærarar i grunnopplæringa uklar.	Ob 1	2019	avslutta
Styringsgruppa i 0–24-samarbeidet, oppstart av pilot for programfinansiering	Ob 5	2019	Oppstart jan. 2020
Om støtte til kvalitetsutvikling i PPT, barnehage og skole	Ob 9	2019	avslutta.
Utarbeide og sende på høyring forslag til endringar i økonomiforskrift til friskolelova (oppstartskostnader)	Ob 12	2019	avslutta

Unntak frå kravet om realkompetansevurdering for inntak av vaksne søkjarar til friskolar	Ob 13	2019	er i gang
Om å prøve ut ulike modellar for fleksibel skolestart	Ob 19	2019	avslutta
Greie ut og foreslå ei endring i forskrift om tildeling av tilskott til private barnehagar	Ob 24	2019	avslutta
Endringar i regelverk og tilskottsordningar som følgje av at tilskott til kortkurs i folkehøgskolane blir fasa ut	Ob 25	2022	er i gang
Om moderasjonsordningar i SFO	Ob 30	2019	er i gang

## BRUKAREFFEKT MÅL 4

Særskild aktivitet	Kjelde	Tidsrom	Status
Vidareutvikle statistikken for <ul style="list-style-type: none"> <li>gjennomføring i vidaregåande opplæring</li> <li>læreplassar</li> <li>vaksne i heile grunnopplæringsløpet</li> <li>fråvær for 10. trinn i grunnskolen</li> </ul>	Tb	2019	avslutta
I samarbeid med departementet følgje opp relevante tilrådingar frå rapporten Barnehagelærerrollen i et profesjonsperspektiv	Tb	2019	er i gang
Innan utgangen av april gjennomgå lærefag oppretta sidan 2010. Direktoratet skal samanlikne anslag over talet på forventa læreplassar i søknad om opprettinga av lærefag med talet på lærekontraktar etter opprettinga av lærefaget.	Tb	2019	er i gang
Følgje opp Stortingets oppmodingsvedtak nr. 601 frå 12. april 2018 om Elevundersøkinga: «Stortinget ber regjeringa avklare hvordan spørsmål om seksuell trakassering skal tas inn i Elevundersøkelsen eller i andre relevante undersøkelser i skolen.»	Tb	2019	avslutta
I samarbeid med departementet følgje opp kunnskapsgrunnlaget om kulturskolar, jf. oppdragsbrev 42-17, i samband med den varsla meldinga om barne- og ungdomskultur og kulturskole	Tb	2019	er i gang
Informasjonshenting om bruken av makt og tvang overfor barn og elevar i barnehagar og skolar	Ob 3	2019	avslutta

Utvikle eit betre kunnskapsgrunnlag for å ta hand om og oppdatere det yrkesfaglege opplæringstilbodet i tråd med behova i arbeidslivet	Ob 11	2019	er i gang
Om fråvær i grunnskolen	Ob 16	2019	er i gang
Om pilotar for meir inkluderande praksis i barnehage, skole og SFO – del 2: utprøving og forskning på modellar	Ob 17		er i gang
Om statistikk om elevar og lærlingar utan rett i VGO	Ob 18	2019	avslutta
Evaluering av lærlingklausulen	Ob 26	2019	er i gang
Om kartlegging av skoleval på Lillestrøm vidaregåande skole	Ob 28	2019	avslutta
Innhente tilbakemeldingar frå dei yngste barna om skolekvardagen deira. Oppdraget inneber å greie ut om korleis ei årleg undersøking av trivsel og læringsmiljø for elevar på 1.–4. trinn kan gjennomførast. Undersøkinga skal gi skoleeigar og skoleleiar informasjon om korleis elevane sjølv opplever skolekvardagen, slik vi i dag har for elevane frå 5. til 13. trinn, og ho skal gi grunnlag for å drive kvalitetsutvikling på dei lågaste trinna og å følgje utvikling over tid.	OB 31		er i gang
Etablere eit sekretariat for ekspertgruppa for skolebidra	Ob 32		er i gang

## BRUKAREFFEKT MÅL 5

Særskild aktivitet	Kilde	Tidsrom	Status
Saman med Kompetanse Noreg greie ut om direktoratet kan forvalte gjennomføringa av Kompetanse Noregs prøvar	Tb	2019	er i gang
Ny løysing for prøve- og eksamensgjennomføring	Ob 4	2019	er i gang
Mogleg samordning i felles løysing for administrasjon og gjennomføring av prøvar. Utdanningsdirektoratet kan bruke 1,5 mill. kroner over kap. 226 post 21 til å dekkje prosjektleiing og administrative ressursar til gjennomføringa av forprosjektet. Kompetanse Noreg kan bruke 0,5 mill. kroner over kap. 226 post 21 til deltaking i forprosjektet. Midlane blir tildelte i tillegg til tildelingsbrev til kvar verksemd. 13. desember 2019: rapport frå forprosjektet med avgjerdsgrunnlag	Ob 6	2019	er i gang

## Øvrige aktiviteter og oppdrag

Særskild aktivitet	Kilde	Tidsrom	Status
Følgje opp tiltak i strategien frå regjeringa: «Integrering gjennom kunnskap». Dette gjeld vidareføring av tiltaka direktoratet allereie er i gang med, og dessutan nye tiltak nr. 9, 10, 12, 13, 14 og 36.	Tb	2019	er i gang
Innan 1. mai 2019 komme med forslag til endringar i tilskottsmodellen for frittstående vidaregåande skolar for å hindre så store utslag frå eitt år til eit anna, jf. Prop. 1 S (2018–2019). Dette inneber vurderingar og berekningar av innføring av ein terskelverdi. Det skal leggjast til grunn for forslaget at eventuelle endringar over tid ikkje skal føre til vesentleg auka eller reduserte utgifter for staten.	Tb		avslutta
Ta hand om og koordinere 0–24-samarbeidet (2015–2020), jf. oppdragsbrev nr. 16-15. Direktoratet skal følgje opp arbeidet med pilot for programfinansiering med utgangspunkt i mottatt prosjektplan og i dialog med departementet.	Tb	2019–2022	er i gang
I dialog med departementet følgje opp følgjande fleirtalsmerknad frå Innst. 12S (2018–2019): «Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, viser til problemstillingen vedrørende friskolenes mulighet til å finansiere oppstartskostnader med statstilskudd. Flertallet ønsker at friskolene må kunne benytte statstilskuddet til å dekke flere typer relevante kostnader knyttet til oppstart, innenfor de definerte rammer og ber regjeringen komme tilbake til Stortinget i revidert nasjonalbudsjett med en vurdering og eventuelt tiltak som sikrer friskolene denne muligheten.»	Tb		avslutta
Følgje opp oppmodingsvedtak nr. 883, 11. juni 2018, jf. Dokument 8:194 S (2017–2018) om tillitsreform i skolen og Innst. 378 S (2017–2018): «Stortinget ber regjeringen undersøke i hvilken grad detaljerte målkrav og indikatorer knyttet til elevresultater benyttes i ansettelsesavtaler med skoleledere og rektorer. Videre ber Stortinget regjeringen vurdere konsekvensene av dette sett i lys av overordnet del av læreplanen og melde tilbake til Stortinget på egnet måte.» i Spørsmål til Skole-Norge .	Tb		avslutta
Følgje opp oppmodingsvedtak nr. 505, 7. mars 2017, jf. Meld. St. 40 (2015–2016) Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering, og Innst. 193 S (2016–2017): «Stortinget ber regjeringen styrke kompetansen om trafikkunnskap og trafikksikkerhet i barnehage og skole.»	Tb		er i gang

Mandat og oppdrag for oppgåvegjennomgang	Ob 0	er i gang
Gjere ein gjennomgang av tilskottsordninga for friskolar for funksjonshemja	Ob 7	er i gang
Vurdere flytting av oppgåver.  Frist for deloppdrag 1 er 16. mai 2019.  Frist for deloppdrag 2 er 31. desember 2019.	Ob 8	avslutta
Utarbeiding av handlingsplan for å redusere talet på uønskte graviditetar og svangerskapsavbrott og følgje opp tverrsektorielt samarbeid: Snakk om det! Strategi for seksuell helse (2017–2022)	Ob 27	er i gang
Felles oppdrag til direktorata om arbeid med barn og unge som gjer eller står i fare for å gjere kriminelle handlingar, jf. oppdragsbrev 21-19	OB 29	er i gang